

Brita Ramsevik Riksem

Syntaks og ortografi:

# Nye rammer for språknormering

Masteroppgåve i nordisk språkvitskap

Trondheim, mai 2013

Institutt for nordistikk og litteraturvitskap

Det humanistiske fakultet

Noregs teknisk-naturvitskapelege universitet





# Føreord

---

Grammatikk. Mange får grøssingar berre av å høyre ordet. For meg er det annleis, for meg er grammatikken eit fascinerande system, knaggar til å henge språket på. Etter at eg blei introdusert for den generative grammatikken, var det heller ingen tvil. Ei medfødd språkevne? Sjølv sagt! Det var dette eg skulle fordjupe meg i.

Med denne oppgåva rundar eg av ein lærerik og etter kvart intens toårsperiode på masterstudiet. I denne tida har eg gjort to intellektuelle framsteg: Eg har, openbert, skrive ei masteroppgåve, og eg har lært meg å løyse Rubiks kube. Overraskande nok er dette to råkande like prosessar: I byrjinga verkar alt kaotisk og uoverkomeleg, kvar skal ein eigentleg ta til? Deretter fell brikke for brikke på plass og mønsteret peikar seg ut. Rett før fullføring kjem det uunngåelege stadiet der alt ser ut til å falle saman: Gule hjørne på den grønne sida, kvite brikker ute av kontroll. Krise. Det viser seg likevel at med dei rette knepa og noko fatning, står ein til slutt att med ei masteroppgåve mellom hendene. I retrospekt føler eg meg i dag særst heldig som har fått bruke to år utelukkande på å dyrke språknerden i meg.

Det er klart at denne oppgåva ikkje hadde kome i hamn utan god hjelp. Den største takka går til rettleiaren min, Tor Anders Åfarli, for fagleg inspirasjon, for uvurderleg hjelp med både utforminga og gjennomføringa av prosjektet samt for dei mest utførlege tilbakemeldingane på tekst eg nokon gong har sett. Eg vil òg takke Språkrådet for tildeling av stipend til masterarbeidet mitt. Vidare går ei stor takk til Idun Fivelstad og Tina Louise Ringstad Larsen, som har peika ut skriveleifar gjennom grundig korrekturlesing, og til Tuva Ottesen for hjelp med den siste finpussen. Skulle det framleis finnast feil på trykk, har eg likevel ingen andre å klandre enn meg sjølv.

Ei takk fortener også familien, som har vore interesserte og positive heile vegen; *riss*-redaksjonen, for fagleg og sosialt påfyll; vener, for å minne meg på verda utanfor, og kjærasten min, for at han er nettopp det.

Med siste punktum sett i dette masterprosjektet, har eg òg framleis halde lovnaden min til pappa: Sjølv om eg skulle bli ein lærd språkvitar, skal eg ikkje gløyme kvar eg lærte alfabetet – i sauefjøset.

Trondheim, april 2013  
Brita Ramsevik Riksem



# Innhald

---

<b>Kapittel 1: Innleiing .....</b>	<b>1</b>
1.1. Tema for oppgåva.....	1
1.2. Ein introduksjon til generativ grammatikk .....	2
1.3. Språknormer.....	4
1.4. Oversyn over oppgåva.....	5
<b>Kapittel 2: Språkplanlegging .....</b>	<b>7</b>
2.1. Språk.....	8
2.2. Språkplanlegging .....	10
2.3. Språkplanleggingsprosessen .....	12
2.4. Prinsipp i språkplanlegginga.....	14
2.4.1. Interne språklege prinsipp.....	15
2.4.2. Prinsipp som gjeld forholdet til andre språk og språkvarietetar.....	17
2.4.3. Prinsipp som gjeld forholdet mellom språket og språkbrukarane.....	18
2.4.4. Prinsipp som er utleia av generelle samfunns- og kulturideologiar.....	18
2.5. Språkplanlegging i Noreg.....	18
2.5.1. Utviklinga av dei to norske skriftspråka .....	19
2.5.2. Valfridom.....	20
2.5.3. Språkrådet .....	22
2.6. Status i norsk språknormering.....	22
2.6.1. Kven skal språknormeringa vere til hjelp for?.....	23
2.6.2. Instabilitet i norsk normering.....	24
2.6.3. Mot ei stabil, norsk normering.....	26
<b>Kapittel 3: Syntaktisk teori.....</b>	<b>29</b>
3.1. Program versus teori .....	30
3.2. Minimalismeprogrammet.....	30
3.3. Den leksikalistisk orienterte minimalismen .....	32
3.3.1. Trekk.....	34
3.3.2. Syntaktisk derivasjon med trekk .....	35
3.4. Problem med den leksikalistisk orienterte minimalismen .....	39
3.5. Den ny-konstruksjonistiske rammeanalysen.....	42
3.5.1. Fem rammer i norsk .....	44
3.5.2. Korleis handterer rammeanalysen problema i den leksikalistiske tilnærminga? .....	45
3.5.3. Rammenes natur .....	47

3.6.	Oppsummering .....	52
<b>Kapittel 4: Syntaks og språknormering .....</b>	<b>53</b>	
4.1.	Syntaksteorien møter språknormering .....	54
4.2.	Kodeveksling og den syntaktiske rammemodellen .....	55
4.3.	Systemet er essensen i språket .....	59
4.4.	Normative spørsmål i lys av rammemodellen.....	61
4.4.1.	To hovedfelt for normering.....	62
4.4.2.	Prosess og prinsipp i lys av rammemodellen .....	63
4.4.3.	Fleksibilitet og grensesetjing .....	66
4.4.4.	Oppsummering .....	68
4.5.	Ny rettskriving for det nynorske skriftmålet, 2012 .....	69
4.5.1.	Innhald - lydverket.....	71
4.5.2.	System – formverket .....	74
4.5.3.	Mandatet og retningslinene for rettskrivingsnemnda .....	77
4.6.	Språkopplæring på generativ grunn .....	79
4.6.1.	Språkopplæring og tospråks situasjonen i Noreg.....	79
4.6.2.	Kjernepunkt i språkopplæringa .....	83
4.6.3.	Komparativt arbeid med språk.....	85
4.7.	Oppsummering .....	87
<b>Kapittel 5: Konklusjon og vegen vidare.....</b>	<b>89</b>	
<b>Litteraturliste .....</b>	<b>93</b>	
<b>Samandrag.....</b>	<b>97</b>	

# Kapittel 1: Innleiing

---

*”Både for å fremja det norske språkets status og bruk på alle område i samfunnet og for at språket skal fungera som eit best mogleg instrument for kvar enkelt språkbrukar, må språkpolitikken også handla om språket i seg sjølv.”*

St.meld. 35 (2007-2008: 156)

Språk er ein uunnverleg dugleik for å kunne ta del i det norske samfunnet. Særleg skriftspråklege ferdigheiter har gått frå å vere eit privilegium for eliten til å bli ein reiskap for massen og er i dag avgjerande for å kunne ta seg fram i samfunnet. I språkpolitikken må det derfor leggest til rette for at språket skal kunne utnyttast på ein optimal måte. Med andre ord bør språket si utforming samt rolle og funksjon i samfunnet planleggast, og planlegginga må vere så rasjonell og føremålstenleg som mogeleg.

## 1.1. Tema for oppgåva

I denne oppgåva tar eg føre meg språkplanlegging. Meir nøyaktig vil eg konsentrere meg om ei underavdeling av språkplanlegginga, nemleg *språknormering*, som er verksemda der ein utarbeider dei konkrete reglane for språket. I norsk samheng gjeld språknormering fyrst og fremst skriftspråket, men sjølv om talespråket ikkje blir formelt normert, vil det likevel alltid vere eit nært band mellom nettopp tale og skrift. Arbeidet med språknormering har vidare både ei vitenskapleg og ei ideologisk side: Både faktaopplysingar om språk og språklege haldningar og verdiar spelar inn når reglane skal setjast. Kva har dette å seie for det skriftspråket som brukarane skal nytte?

Sidan Stortinget i 1885 vedtok at dei to norske skriftspråka skulle jamstillast, har det gått vel hundre år. På denne tida har skriftspråka til saman gått gjennom heile åtte reformer<sup>1</sup>. På mange måtar har den norske språknormeringa vore demokratisk. Normerarane har freista å skape skriftspråk som appellerer til store brukargrupper med forskjellige talemål, og i det norske språksamfunnet finst det òg ei vilje til å tilpasse seg nye vendingar i regelverket. Likevel viser språkhistoria at hundreårsperioden har vore prega av språkstrid, og dei hyppige reformene vitnar om at ein ikkje har blitt sams om ei rettskriving. Språket har òg hamna i det

---

<sup>1</sup> Fellesreformer i 1917, 1938 og 1959 og egne reformer for riksmål/bokmål i 1907, 1981 og 2005 og for landsmål/nynorsk 1910 og 2012. Eg reknar her ikkje med nynorskrettskrivinga frå 1901, sidan dette var den fyrste offisielle normalen for landsmålet (Torp og Vikør 2003, *Rettskrivingsreformer* u.d.).

politiske ordskiftet og har ofte utvikla seg til ein ideologisk kamparena. På mange måtar har følgjeleg språkpolitikken *ikkje* handla primært om språket sjølv. Sterke og delte meiningar har ofte gjort normeringa detaljfokusert, og både makttilhøve og visjonar om tilnærming mellom dei to skriftspråka er utanomspråklege faktorar som har fått verke inn på normeringa.

Skal ein tru sitatet over, er det likevel slik at om språket skal vere ein best mogeleg reiskap for brukaren, må utforminga av språklege reglar og retningslinjer ta utgangspunkt i språket sjølv. Tradisjonelt har dette vore gjort ved til dømes dialektgranskingar og utforsking av etymologi. I denne oppgåva vil eg tilnærme meg språknormeringa med teori frå generativ grammatikk. Dette er ikkje eit opplagt val i normeringssamanheng, og det kan til og med verke pussig å nytte syntaktisk teori på feltet, då det er ei vanleg oppfatning at syntaks ikkje ”let seg” normere. Her vil eg snu på flisa. Eg vil vise at også generativ grammatikk *har* potensiale i normeringssaker, og eg vil vise korleis denne kan nyttast og kva for fruktbare konsekvensar syntaksteorien har for språknormering. Til dømes vil den generative grunntanken om ein medfødd og intuitiv språkkompetanse i seg sjølv ha gevinstar for normering: At språkkompetansen er medfødd, gjer han fri for ideologisk farging, og at han er intuitiv gir ein slitestyrke som vedtekne reglar ikkje kan måle seg med. Den meir spesifikke tilnærminga eg vil argumentere for, rammeanalysen, vil vidare vere meir direkte relevant for vurderingar i eit konkret normeringsarbeid. Med generativ grammatikk vil det følgjeleg vere mogeleg å utleie prinsipielle mønster eller system for normeringa, basert på språket sjølv. Den overordna problemstillinga for denne oppgåva er altså: *Kva konsekvensar kan generativ grammatikk ha for språknormering?*

## **1.2. Ein introduksjon til generativ grammatikk**

Generativ grammatikk er ein eksplanatorisk vitskap, noko som skil den frå tradisjonell, deskriptiv grammatikk. Forskingsobjektet i generativ grammatikk er ein medfødd og internalisert språkkompetanse: *Universalgrammatikken* (UG). Denne kompetansen utgjer eit grammatikkskjelett som alle born blir fødde med, og som dannar utgangspunktet for språktileigning. *Prinsipp- og parameterteorien* framstiller UG som eit system av absolutte prinsipp, som er felles for alle språk, og ulike parametarar med fleire mogelege verdiar. Gjennom språkleg stimuli utviklar born ein språkspesifikk grammatikk ved at parametraner festar seg ved ulike realiseringar, og ulike innstillingar mellom parametraner gjer greie for forskjellar mellom språk. Det fastsette systemet av prinsipp og parametarar utgjer då ein



internalisert grammatikk, eller eit *i-språk*. I-språket avgrensar seg frå e-språk, som er det eksterne språket vi møter i form av tale eller skrift. Sjølv om e-språket er det vi vanlegvis tenkjer på som språk, er dette eit produkt av den i-språklege kompetansen og er i generativ grammatikk ikkje relevant som anna enn ein innfallsport til det bakanforliggende i-språket<sup>2</sup>.

Eit sentralt spørsmål i generativ grammatikk, og også i denne oppgåva, handlar om forholdet mellom leksikon og syntaks. Leksikonet er ganske forenkla ordforrådet, eller ei liste over alle orda som ein språkbrukar kan, medan syntaksen er generelle og strukturelle eigenskapar ved språklege uttrykk, altså utleiingane frå den internaliserte grammatikken. På denne måten kan ein seie at vi tileignar oss to typar kunnskap når vi lærer eit språk: ord til å fylle leksikonet med samt grammatiske reglar (Faarlund 2005: 38). Innhaldet i leksikonet blir typisk skildra som leksikalske element, innhaldsord, leksem eller listem. Dette terminologiske mangfaldet vil eg òg ta i bruk i oppgåva, i forståinga av at termene grunnleggande viser til det same.

For å kunne leie ut normeringskonsekvensar frå generativ grammatikk, meiner eg det er naudsynt å gi ei grundig framstilling av teorien. Eg vil derfor gå nokså detaljert inn på grammatisk teori seinare i oppgåva. Dei siste tjue åra har generativ grammatikk gått inn i *minimalismeprogrammet*. Innanfor dette vil eg presentere to alternative tilnærmingar: den leksikalistiske tilnærminga og den ny-konstruksjonistiske rammeanalysen. Tilnærmingane har til dømes ulike syn på grensesnittet mellom leksikon og syntaks. Medan den leksikalistiske tilnærminga skildrar eit særleg nært forhold mellom leksikalske og grammatiske element i språket, opererer rammeanalysen med eit prinsipielt skilje mellom system (syntaks) og innhald (leksikon). Ved å setje tilnærmingane opp mot kvarandre, vil eg argumentere for det som er ei fyrste delhypotese i denne oppgåva: *Den ny-konstruksjonistiske rammeanalysen er ei meir adekvat tilnærming til den internaliserte språkkompetansen enn den leksikalistiske tilnærminga*. Denne samanlikninga er likevel ikkje, og kan heller ikkje vere, uttømande, då dette er eit felt med stor forskingsaktivitet i det generative miljøet, der det heller ikkje alltid er semje om ulike hypotesar. Eg vil derfor gi ei grundig skisse av dei to tilnærmingane og viser fortløpande til aktuell og supplerande litteratur.

---

<sup>2</sup> For ei grundigare utgreiing av grunntankane i generativ grammatikk, sjå til dømes Platzack (2010), Åfarli og Eide (2003) eller Åfarli (2000).

### 1.3. Språknormer

Denne oppgåva vil i hovudsak dreie seg om verksemda *språknormering*, og i samband med dette er det viktig å avklare kva type normer det er snakk om. Normer er noko vi har på alle livsområde, og dei kan definerast som eit mønster eller ein målestokk for kva som er akseptabelt (Vikør 2007: 71). Det finst fleire måtar å klassifisere normer på, og i samband med språk er det mest vanleg å skilje mellom *internaliserte* og *fastsette* normer<sup>3</sup> (sjå til dømes Vikør 2007 eller Dyvik 2009). Kva som ligg i termen fastsette normer, seier seg i stor grad sjølv: Desse er formelt fastsette reglar for språket og får eit konkret uttrykk i grammatikkar, lærebøker og ordbøker. Sjølve fastsetjinga blir gjort av eit utvalt, kompetent organ (Vikør 2007: 74). Termen internaliserte normer rommar fleire tolkingar, og blir ofte nytta til å skildre *all* intuitiv språkkunnskap. Dyvik (2009: 111) skildrar til dømes desse som ”en tradert og stilltiende overenskomst språkbrukerne imellom, og de finnes så lenge det finnes språkbruk som reguleres av dem”. I ei vid forståing skildrar altså dei internaliserte normene både normer knytt til språkstrukturen for seg samt normer om språket i bruk

I denne oppgåva ønskjer eg å reservere omgrepet *internaliserte normer* til den intuitive kunnskapen vi har om grammatikk og språkstruktur. Utgangspunktet for oppgåva er utgangspunkt i den generative grammatikken, og, som presentert over, er internalisert språkkompetanse eit nøkkelomgrep her. Frå eit generativt perspektiv vil dermed dei internaliserte normene vere knytte til i-språket, dvs. den kognitive språkkompetansen, og omfattar primært kunnskap om sjølve språkstrukturen. Om normer knytte til språket i bruk, nyttar eg *kommunikative ferdigheiter*. I følgje Faarlund er nemleg dette kunnskap om ”korleis ein skal bruka språket i ulike samanhengar” og saman med den kulturelle delen av språket, som til dømes kulturoord, ordtak og allusjonar, er dette ferdigheiter som *ikkje* er del av den internaliserte grammatikken (2005: 49). I denne oppgåva er det internaliserte normer, i forståinga i-språkkompetanse, saman med dei fastsette normene som blir behandla, noko som gir grunnlag for den andre delhypotesen i oppgåva: *Rammeanalysen sitt skilje mellom systemmorfem og innhaldsmorfem vil ha prinsipielle konsekvensar for språknormering.*

---

<sup>3</sup> Desse blir òg kalla operative og preskriptive normer, til dømes hos Dyvik (2009).

#### 1.4. Oversyn over oppgåva

Forutan denne innleiinga består oppgåva av tre kapittel og ein kort konklusjon. Kapittel 2 og 3 er i hovudsak teoretiske utgreiingar om høvesvis språkplanlegging og tilnærmingar til generativ grammatikk. Under språkplanlegginga blir det eit mål å kartlegge komponentar i denne verksemda og særleg den spesifikke normeringa, nærare. Eg vil òg kort presentere den norske normeringa. I kapittelet om generativ grammatikk vil eg presentere fagfeltet i større mon. Her vil eg diskutere dei to tilnærmingane til minimalismeprogrammet og argumentere for at rammeanalysen er den mest adekvate skildringa av den internaliserte språkkompetansen. Desse to kapitla dannar deretter grunnlaget og motivasjonen for ei samankopling mellom felta i kapittel 4. I dette kapittelet vil eg undersøke kva konsekvensar det vil ha for språkplanlegginga om ho skulle vere basert på generativ grammatikk. Med den generative tilnærminga eg argumenterer for, rammeanalysen, vil det til dømes bli avgjerande å skilje prinsipielt mellom normering av grammatikk og normering av innhaldsord.

For å konkretisere dei teoretiske konsekvensane frå rammeanalysen vil eg undersøke språknormering i praksis samt språkopplæring. *Ny rettskriving for 2000-talet* heiter innstillinga til den nye nynorske rettskrivinga, som vart sett i verk 1. august 2012. I innstillinga som vart lagt fram året før (heretter: 2011-innstillinga), blir rettskrivingsendingane og vurderingane bak presenterte. 2011-innstillinga er dermed eit høgst aktuelt, empirisk materiale som kan nyttast til å konkretisere implikasjonane frå rammeanalysen. Som eit andre empirisk felt vil eg òg undersøkje kva ei slik tilnærming til normering kan ha å seie for språkopplæring. Sidan språkopplæring er ein viktig arena der språkbrukaren møter språknormene, ser eg på dette som ei naturleg forlenging av normeringsspørsmålet. Verken undersøkinga av 2011-innstillinga eller språkopplæring er meint å vere utfyllande analysar, men heller peikepinnar for korleis den generative teorien kan kaste nytt lys over denne typen empirisk arbeid med språk.



## Kapittel 2: Språkplanlegging

---

Termen språkplanlegging eller *language planning* vart fyrst nytta av den norske språkforskaren Einar Haugen, og han definerte dette slik: ”By language planning I understand the activity of preparing a normative orthography, grammar, and dictionary for the guidance of writers and speakers in a non-homogenous speech community” (sitert i Vikør 2007: 94). Definisjonen har blitt utvida og gjort meir detaljrik ved seinare høve, men Haugen sin fyrste definisjon skildrar det sentrale ved språkplanlegginga: førebuinga av ein normativ guide for skrift og tale i eit språksamfunn. Uavhengig av planlegging vil alle språk utvikle og forandre seg naturleg, til dømes ved forenklingar i lydsekvensar eller utvikling av nye formtypar. Bak slike endringar står det ofte sosiale drivkrefter. Språkleg variasjon finst derfor naturleg i alle språksamfunn, og kontakt og påverknad mellom ulike språk, dialektar og individuelle språkbrukarar er med på å skape ein varig dynamikk. Kvifor er det då naudsynt å planlegge språket? I si gransking av språkplanlegging skriv Lars Vikør (2007) at ei viktig årsak til å drive denne verksemda, er at den sjølvregulerande evna til språket også har sine avgrensingar. Eit samfunn i utvikling vil fortløpande stille nye krav til kva språket skal oppfylle, noko ei naturleg språkutvikling ikkje alltid kan løyse spontant. Utfordringane til språksamfunnet er heller ikkje berre reint språklege: Verdier, ideologiar, terminologiutvikling og språklege minoritetar er emne som samfunnet òg må ta stilling til (Vikør 2007: 42-43). Motivasjonen bak språkplanlegginga blir dermed å gjere språket rusta til å følgje utviklinga i samfunnet elles, både som system og sosialt.

Som eigen fagdisiplin er språkplanlegginga enno ung. Opphavleg eksisterte det inga skiljeline mellom språkvitskap og språkplanlegging: Språkvitskapen skulle vere normativ eller preskriptiv og skildre den *rette* språkbruken, og noko normerande arbeid utover dette var ikkje naudsynt. I sekstiåra vaks den moderne språkplanleggingsteorien fram som ei grein av sociolingvistikken og hadde då hovudsakleg interesse for samfunn utan etablert skriftspråk. Eit tiår seinare vart språkplanlegginga etablert som eigen fagdisiplin. Interesse retta seg no meir mot språklege utfordringar i vestlege land, som til dømes handtering av moderne terminologiutvikling og fleirspråklegheitssituasjonar i undervising og offentleg teneste (Vikør 2007: 44-47) I dag handterer språkplanlegginga utfordringar som språket ikkje greier å regulere sjølv. Døme på slike kan vere at eit språk enno ikkje har fått etablert eit skriftspråk, utvikling av moderne eller nye tekniske terminologiar og integrering av språklege mindretal i ein nasjon.

I dette kapitlet vil eg presentere språkplanlegginga som disiplin meir inngåande: Kva ligg i termen? Korleis går planlegginga føre seg? Og kva vurderingar ligg til grunn for vedtaka som blir fatta? Planlegginga handlar ofte om mykje meir enn berre å utarbeide reglar for eit språk. Ho handlar òg i stor grad om ideologi, makt, tradisjon og fordommar, og planleggingsarbeidet inneber derfor handtering og prioritering av både reint språklege spørsmål og utanomspråklege faktorar. I denne oppgåva vil eg konsentrere meg om *norsk* språkplanlegging. Det språkpolitiske klimaet i Noreg har dei siste vel hundre åra vore demokratisk, men uroleg og prega av både tilnærming og språkstrid. Korleis den norske språkplanlegginga har gått føre seg og kva utfordringar ho har møtt, er noko eg vil kome tilbake til mot slutten av kapitlet.

## 2.1. Språk

Sjølve objektet for språkplanlegginga, ”språket”, kan definerast på mange måtar. Det kan skildrast breitt som eit system av konvensjonelle teikn og symbol eller smalt som eit spesielt stilslag eller språkbruk (Vikør 2007: 49-51). I den generative tradisjonen er det på den andre sida vanleg å skilje mellom i-språk og e-språk, som diskutert i kapittel 1. I-språket skildrar då ein kognitiv språkkompetanse, medan e-språk er den faktiske språkbruken i form av til dømes tale eller skrift. I samband med planlegging er det det språkplanleggarane kallar ein individualiserande definisjon som er mest interessant. Termen språk skildrar då kvart enkelt av dei forskjellige språkssystema som finst i eit mylder av andre system og knyter seg til bestemte språksamfunn eller språkmiljø (Vikør 2007: 50-51). Det er altså enkeltspråk som til dømes norsk, svensk eller gresk som er objektet for språkplanlegginga.

Kva som skil slike enkeltspråk frå kvarandre, er vanlegvis vurdert etter to kriterium: lingvistisk avstand og/eller standardisert sjølvstende. Dette blir presisert med termene avstandsspråk og utbyggingsspråk (Vikør 2007: 54). Eit avstandsspråk har eit lingvistisk sjølvstende og skil seg strukturelt frå andre språk. Slike språk er altså ulike dei andre i rein språkleg forstand, og engelsk, gresk og japansk er gode døme på avstandsspråk. Utbyggingsspråk, på den andre sida, er primært sosiologisk definert og er kjenneteikna ved at det er standardisert som skriftspråk og kan dekkje naudsynte funksjonar i eit moderne samfunn (Vikør 2007: 53-54). Dei nordiske språka kan stå som døme på utbyggingsspråk. Desse skil seg ikkje særleg mykje strukturelt frå kvarandre, men blir likevel rekna som forskjellige enkeltspråk fordi dei eksisterer som sjølvstendige skriftspråk i forskjellige

nasjonalstatar, og fordi dei også utviklar seg uavhengig av kvarandre<sup>4</sup>. Fleire språk kan kallast *både* avstandsspråk og utbyggingsspråk, sidan dei har lingvistisk sjølvstende så vel som standardisert skriftspråk.

Om ein går nærare inn på den norske språksituasjonen, kan ein spørje seg kva status dei to norske skriftspråka bokmål og nynorsk har under ein slik definisjon. Noko objektivt svar på dette er vanskeleg å gi: Det vil vere avhengig av kva språksyn ein har. På den eine sida kan også desse skildrast som ulike utbyggingsspråk, ettersom standardiseringa av dei i stor grad har skjedd uavhengig av kvarandre, om ein ser bort frå den tidlegare tilnærmingspolitikken. Vikør nyttar likevel ikkje termen språk om bokmål og nynorsk og går heller ut frå at dei er to varietetar<sup>5</sup> eller målformer av det same språket – norsk. Grunngivinga for dette er at ”[d]ei baserer seg på det same talemålskontinuumet, og dei fungerer i eit integrert språksamfunn utan politiske grenser eller faste etniske eller geografiske skilje mellom dei to språkbrukargruppene. Normeringa av dei har òg lege til ei felles statsmakt og vore driven delvis i fellesskap, delvis kvar for seg” (2007: 58). Spørsmålet om nynorsk og bokmål er ulike språk eller varietetar eller målformer av det same språket, let eg foreløpig ligge. Eg kjem tilbake til dette i kapittel 4.

Språket deler vi vidare inn i dei to kategoriane talespråk og skriftspråk. Historisk er skriftspråket heilt opplagt sekundært til talespråket, då det har sitt opphav som koding av eit allerede eksisterande talt språk. I dag er ikkje denne sekundære statusen like tydeleg, og til ei viss grad kan også det etablerte skriftspråket skildrast som eit sjølvstendig språksystem (Dyvik 2009: 112). Skriftspråket skil seg frå talespråket på fleire måtar. Til dømes vil skriftspråket aldri vere eit fyrstespråk, ettersom lese- og skriveferdigheiter er noko ein lærer på eit seinare stadium enn det munnlege morsmålet. Eigenskapar i skriftspråket kan vidare planleggast og regulerast på ein heilt annan måte enn talespråket. Bruksvilkåra er òg ulike for tale og skrift: Med skrift kommuniserer ein ikkje like direkte med nokon her og no, som i ein talesituasjon, og ein har dermed betre tid i utforminga av og større kontroll over produktet. Også for skriftspråket finst det uskrivne normer, nærare bestemt det eg har kalla kommunikative ferdigheiter. Desse ligg latent i språkbruken, og styrer språkbrukaren si kjensle av språkforståing og kor korrekt eit uttrykk er (Dyvik 2009: 113). På denne måten kan ein seie at eit etablert skriftspråk i stor grad fungerer som eit sjølvstendig språksystem.

---

<sup>4</sup> Til ei viss grad fins det òg ei felles, nordisk planlegging gjennom Nordens språkråd og nordiske språkmøte, men forsøk på fellesnordiske vedtak har sjeldan vore nokon suksess (Vikør 2007: 134).

<sup>5</sup> Ein varietet er ”eit heilt språk eller språksystem som ligg så nært eit anna språksystem at dei ikkje kan kallas ulike språk” (Vikør 2007: 15).

Spesielt etter at ein *normal*<sup>6</sup> er fastsett, lever skriftspråket svært uavhengig av talen, med egne, autonome reglar (Vikør 2007: 78-93). Det nære samspelet mellom skriftspråk og talespråk vil likevel alltid eksistere, særleg med tanke på at språkbrukaren ofte baserer skriftlege formuleringar på ein intuisjon om korleis noko blir uttrykt i talespråket (Dyvik 2009: 113).

## 2.2. Språkplanlegging

Også termen språkplanlegging har blitt definert på forskjellige måtar. Den engelske termen *language planning* vart fyrst omsett til språkpolitikk, ei omsetjing som ikkje er heilt korrekt sidan språkpolitikk fyrst og fremst er forbunde med det politiske ordskiftet og politiske vurderingar av språklege spørsmål. Språkpolitikk er i staden eit overomgrep som omfattar all politisk verksemd som tar sikte på å påverke utviklinga av språknormer og språktilhøva i eit samfunn (Vikør 2007: 101). Språkplanlegging handlar på den andre sida om ”dei faglege tiltaka for å påverke sjølve bruken og utviklinga av ein bestemt språknormal” (Vikør 2007: 101, mi utheving). Planlegginga omfattar alle språklege nivå, som ordtilfang, rettskriving, setningsstruktur og terminologi, og kan ta form som konkrete rettskrivingsreformer eller rettleiing og råd om godt språk (Vikør 2007: 101). På bakgrunn av dette kan ein seie at språkpolitikken er ideologisk og overordna det meir konkrete språkplanleggingsarbeidet, som tar føre seg dei faktiske språklege utfordringane.

Språkplanlegging kan vidare delast i språkrøkt og språknormering. Ved språkrøktning sørgjer ein for at språket til ei kvar tid oppfyller behova som språkbrukarane og språksamfunnet har. I språkrøktingsarbeidet forsøker ein mellom anna å motarbeide uheldige utviklingstendensar gjennom å skape ny terminologi og påverke uttrykksmåtar og setningsstruktur. Det meste av språkrøktninga skjer som rådgjeving i konkrete tilfelle, men det kan òg vere snakk om å fastsette generelle normer, til dømes for fagterminologi i lærebøker (Vikør 2007: 107-108). Slik kan ein sørgje for at språket er tilstrekkeleg for språkbrukarane, og samtidig, til ei viss grad, styre utviklinga i korleis språket blir nytta og forstått. Språknormering går på si side meir konkret inn på det ”tekniske apparatet” i språket, nemleg rettskriving, bøyning, avleiingar og eventuelt uttale, og dreiar seg om å fastsetje reglar for dette (Vikør 2007: 107). Denne delen av språkplanlegginga handlar altså meir om å bestemme kva

---

<sup>6</sup> Eit samla sett reglar for ein språkvarietet kallar vi ein *normal*. Ein normal er mykje snevrare enn kva ei norm er, då den gir ei oversikt over dei konkrete formene og reglane som er offentleg godkjende for ein bestemt varietet (Vikør 2007: 75).



som er rett og gale innan ein gitt språknormal. I det følgjande er det *normeringa* eg vil konsentrere meg om.

I samband med språknormering er skriftspråket mest aktuelt. I eit skriftspråk er det langt enklare å fastsetje reglar for kva som er rett og gale enn i eit talemål. Skriftspråket kan korrigerast til kvar minste detalj og er eit språk vi lærer medvite og direkte, oftast gjennom skulegang. Dette gjer skriftspråket til eit meir handterleg og regulerbart objekt. Det er sjølvstøtt også mogeleg å normere talemålet, men dette har ikkje vore særleg aktuelt i den offisielle språkplanlegginga i Noreg. Det klaraste dømet på talespråknormering som har vore gjennomført, er det nye teljemaaten som vart vedteken i 1951, der ein skulle seie ”nittitre” i staden for ”treognitti” (Torp og Vikør 2003: 233). Utover dette har talemålsnormering berre vore aktuelt i NRK og teatra, og den sosiale stillinga som dei norske dialektane har, gjer også slik normering vanskeleg og lite akseptert (2011-innstillinga, Vikør 2007: 221). Normering av tale er òg noko prinsipielt anna enn normering av skrift. Kvalitative vurderingar av talespråket, individets fremste uttrykksmiddel, vil gripe inn i identiteten til ein språkbrukar i langt større grad enn planlegging av eit tillært skriftspråk. På kva grunnlag skal ein seie at ein uttale er riktig, medan andre er ”galne” i eit land med store dialektale variasjonar? Og kven har autoritet til å gjere ei slik vurdering? For norsk språknormering er det derfor i all hovudsak skriftspråket som står i sentrum, noko det også vil gjere i det følgjande av denne oppgåva.

Språknormeringa handlar om å fastsetje normer for det aktuelle språket. I kapittel 1 skilde eg mellom internaliserte språknormer, fastsette språknormer og kommunikative ferdigheiter. Med internaliserte normer meiner eg den kognitive språkkompetansen som språkbrukaren har, medan fastsette normer er formelt bestemte og samla i ein normal, og som sagt i kapittel 1 er det desse eg konsentrerer meg om i denne oppgåva. Det er dei fastsette normene ein rår over i språkplanlegginga. Fordi desse normene må vere formulerte, kan dei berre dreie seg om dei sidene av språket som let seg skildre presist, i hovudsak ortografi, bøyning og avleiing og sjeldnare syntaks, semantikk og stilistiske eigenskapar (Dyvik 2009: 114). Internaliserte normer er ikkje tilgjengelege for språknormering på tilsvarande måte ettersom desse er intuitiv kunnskap om språket. Samanlikna med dei internaliserte normene er dei fastsette normene sterkt partielle og fragmentariske, og internaliserte normer har òg ein slitestyrke som fastsette normer ikkje kan måle seg med (Dyvik 2009: 114). På denne måten kan internaliserte normer danne ein solid basis for dei fastsette.

Når det gjeld sjølve normgivinga, kan både offentlege og private instansar i prinsippet utføre denne. Frå klassisk tid og fram til byrjinga av nyare tid var det grammatikarar som ga reglane for ”godt” språk, men desse reglane innebar ofte verdidommar som var lite systematiske og ikkje vitskapleg baserte (Haugen 1968: 3-4). Seinare vart det i fleire land oppretta halvoffisielle, språklege institusjonar som vart kalla akademi. Her sat representantar frå landets sosiale, litterære og akademiske elite, og plassen i akademiet signaliserte meir prestisje enn språkleg innsikt. Dei klassiske akademier likna truleg heller litterære enn språkplanleggande institusjonar, men det vart likevel lagt særleg vekt på å utarbeide ordbøker, gjerne med oversikt over ”tillatne” og ”pene” ord og uttrykk (Haugen 1968: 9). Også i land utan språklege akademi var ein meir regelbunden språkstandard ønskt, særleg frå forfattarar. Til dømes i England vart derfor ordbøker laga på privat initiativ, og dei store ordbokskonserna har i ettertida spelt rolla som normgjevarar i desse språksamfunna (Vikør 2007: 129). I nyare tid har det kome enno ein normeringsinstans, nemleg språknemnder. Desse har kanskje ikkje den same kulturelle eller litterære tyngda, men er til gjengjeld faglege institusjonar, vanlegvis oppretta av eit regjeringsorgan (Vikør 2007: 130, Haugen 1968: 12). Språknemnder finn ein som regel i språksamfunn som manglar ein djupt etablert språktradisjon eller som har språkproblem, og dei er oppfordra til å både vere rådgivande og til å drive forskning på språksituasjonen i landet (Haugen 1968: 12). Som eg vil kome nærare tilbake til, er Noreg eit av landa som har oppnemnt eit statleg organ, *Språkrådet*, til å handtere norsk språkplanlegging.

### 2.3. Språkplanleggingsprosessen

Mykje av faglitteraturen om språkplanlegging set opp og drøftar ulike modellar for planleggingsprosessen. Også i dette tilfellet var Haugen (1968) fyrst ute, og han presenterer ein modell i fire steg som skildrar korleis språkplanlegginga går føre seg. Haugen sin modell, med nokre modifikasjonar undervegs, fangar på ein oversiktleg måte dei ulike trinna i språkplanleggingsprosessen, og er den modellen som vil bli presentert og referert til her. Dei fire stega i modellen er 1) Val av normgrunnlag, 2) Kodifisering, 3) Utbygging av funksjon og 4) Implementering<sup>7</sup>. I korte trekk skildrar desse stega fyrst utvalet av ein språkvarietet som skal vere objektet for dei etterfølgjande stega, og deretter eit val av skriftsystem og fastsetjing

---

<sup>7</sup> Haugen kalla det opphavleg ”Godkjenning frå samfunnets side”, men då dette ikkje er eit faktisk tiltak frå planleggarane, vart det seinare endra til ”Implementering”(Vikør 2007: 103).

av rettskriving og grammatisk reglar. Når skriftspråket på denne måten er etablert, handlar arbeidet vidare om å gjere språket i stand til å dekkje alle behov og funksjonar i eit samfunn, og til slutt må språket implementerast blant språkbrukarane, dvs. setjast i verk i språksamfunnet (Vikør 2007: 103). Ei seinare utviding av modellen har vore å legge til eit femte steg, nemleg evaluering. Ei evaluering vil gjelde for alle dei fire fyrste trinna, slik at resultatane i neste omgang kan reviderast og forbetrast (Vikør 2007: 105). I framhaldet av denne oppgåva vil eg ikkje diskutere evalueringa i stor grad sidan dette ikkje er direkte relevant for mi problemstilling.

Dei to fyrste ledda i modellen, 1) Val av normgrunnlag og 2) Kodifisering, er i prinsippet eingongshandlingar. I valet av normgrunnlag vel ein ut varietetene som skal danne grunnlaget for språkstandardane i samfunnet. Utveljinga handlar ikkje berre om lingvistiske vurderingar, men òg om sosiale, litterære og økonomiske tilhøve, og prestisje har i mange tilfelle hatt mykje å seie (Vikør 2007: 110-111). I eit samfunn med ein anerkjent elite, er det nærast uunngåeleg at språkvarietetene til eliten blir vald. Utveljing av normgrunnlag i eit samfunn med fleire likestilte språk, dialektar eller sosiolektar kan i større grad by på konflikter. Her kan ein anten velje ein av varietetane, eller ein kan konstruere ei heilt ny norm (Haugen 1968: 15). Kodifiseringa av det utvalde normgrunnlaget er også langt på veg ei eingongshandling. Dette inneber fyrst val av skrift og deretter fastsetjing eller standardisering av ortografi, grammatisk former og eventuelt uttale (Haugen 1968: 17-18). Også dette er i hovudsak ei eingongshandling, men opnar òg for fortløpande og periodiske revisjonar (Vikør 2007: 106). Både etableringa av eit standardisert språkssystem og den fortløpande kodifiseringa fell under det eg ovanfor har kalla språknormering, altså fastsetjing og utvikling av det tekniske apparatet i ein språknormal.

Dei to neste trinna i modellen, 3) Utbygging av funksjon og 4) Implementering blir aktuelle når den kodifiserte språknormalen møter språkbrukarane. Funksjonsutbygginga handlar om å gjere språket i stand til å møte krava som blir stilte frå språkbrukarane og språksamfunnet. Dette kan vere både ein fornyande og konserverande aktivitet. Ein stor del handlar om å utvikle eller ta inn ny terminologi og stilistiske verkemiddel samt å påverke den språklege utviklinga på beste måte. Samtidig er prosessen konserverande gjennom språkleg rettleiing og fremming av rådande ideal (Vikør 2007: 121). Funksjonsutviklinga dreiar seg altså i hovudsak om språkrøktning. Implementeringa av språket går ut på å setje det i verk i samfunnet. Dette kan skje via både formelle og uformelle aktørar, som til dømes av lekmenn, på arbeidsplassen, i skulen, i media, av språkvitskapen, av språkpolitiske interessegrupper og

av språkråd, for å nemne nokre (Vikør 2007: 125). I Noreg skjer den formelle implementeringa gjennom eit offentleg språkråd. Språkpolitiske interessegrupper og språkvitskap vil vere viktige informasjonskjelder for eit slikt språkråd. Skulen er vidare ein svært viktig aktør i implementeringa av språket sidan det er her språkbrukarar i hovudsak får overført dei fastsette normene. Som normeringsaktør står skulen likevel i ei mellomstilling: Undervisinga skjer innanfor rammer lagde av formelle instansar, men baserer seg samtidig på individuell kontakt mellom lærarar og elevar (Vikør 2007: 125-130). I den samla språkplanleggingsprosessen, peikar det seg no ut ein viktig samanheng mellom punkt 1) og 2) på den eine sida og 3) og 4) på den andre. Korleis og på kva grunnlag noko er normert, vil ha naturlege konsekvensar for både funksjonsdekking og implementering, og dette bør derfor vere nøye vurdert i planleggingsarbeidet.

Val av normgrunnlag, altså det fyrste trinnet i modellen, blir skildra som ei eingongshandling, noko som treng ei viss nyansering. I sjølve etableringa av eit nytt skriftspråk er dette klart ei avgjersle som skjer éin gong med val av kva talt varietet/varietetar skriftspråksnorma skal baserast på. Men også ved fortløpande revidering av norma må det veljast eit grunnlag. Dette kan framleis vere talespråket, mogeleg den same varietetten, eller det kan vere det allereie etablerte skriftspråket. Å velje tale eller skrift som grunnlag for revideringar i det etablerte skriftspråket vil gi to ganske forskjellige retningar i normeringa. Talespråket er det som ligg oss nærast, og som vi lærer og utviklar naturleg gjennom samhandling med andre menneske. Den internaliserte språkkompetansen kjem følgjeleg primært til uttrykk i talespråket. Eit skriftspråk er på den andre sida allereie sett saman av fastsette normer, som av Dyvik (2009) vart skildra som partielle og fragmentariske i høve til dei internaliserte. Skriftspråket er med andre ord ei indirekte kjelde til dei internaliserte normene, men har samtidig fordelene av å vere eit meir einskapleg og handterleg objekt i normeringssamanheng enn talespråket. I 2011-instillinga er til dømes både talespråklege og skriftspråklege undersøkingar tekne med i vurderingane, men nemnda legg størst vekt på skriftspråket. Dette vil eg diskutere nærare i kapittel 4.5.

#### **2.4. Prinsipp i språkplanlegginga**

All språkplanlegging baserer seg både på fakta og verdiar. Både faktaopplysingar om til dømes språkbruk, språkvanar og språktradisjonar, skriftleg eller munnleg og språklege verdiar og haldningar som finst i samfunnet, er avgjerande for verksemda. Det er derfor viktig at

normerarane er medvitne kva målsetjingar dei ønskjer å fremme (Vikør 2007: 135). Slike vurderingar kan delast inn i forskjellige normeringsprinsipp. Fleire har gjort framlegg om ei oversikt over slike prinsipp, og ein særleg grundig gjennomgang finn vi hjå Vikør i boka *Språkplanlegging* (2007). Denne oversikta er utfyllande og idealiserande og tar føre seg alle moglege prinsipp som kan ligge til grunn for språkplanlegginga. Dette inneber dermed at fleire av prinsippa naturleg vil kome i konflikt med kvarandre, og at det faktiske planleggingsarbeidet må basere seg på nokre utvalde prinsipp. I 2011-instillinga er det spesifisert fire overordna prinsipp eller retningslinjer for arbeidet (s. 38)<sup>8</sup>. Prinsipputveljinga skjer likevel ikkje alltid like eksplisitt som dette (Papazian 1991: 87).

Vikør deler prinsippa inn i fire overordna grupper: interne språklege prinsipp, prinsipp som gjeld forholdet til andre språk og språkvarietetar, prinsipp som gjeld forholdet mellom språket og språkbrukarane og prinsipp som er utleia av generelle samfunns- og kulturideologiar (2007: 151). I det følgjande vil eg gi ei kort oversikt over desse og underkategoriane som høyrer til. For å skape koplinga mellom internaliserte språknormer og fastsette språknormer, vil det vere avgjerande å skilje det reint språklege frå andre faktorar. Dei interne språklege prinsippa er derfor mest interessante for det følgjande i denne oppgåva og vil få ein noko grundigare presentasjon enn dei eksterne. For ein fyldig gjennomgang av alle prinsippa, sjå Vikør (2007).

#### **2.4.1. Interne språklege prinsipp**

Dei interne språklege prinsippa skildrar i hovudsak ei rekkje idealførestillingar om utforminga av ein språknormal (Vikør 2007: 151). Desse presenterer eg her kort kvar for seg:

- A) Eintydigheit: Prinsippet om eintydigheit baserer seg på eit systematisk oppbygd språkssystem med eit ein-til-ein-forhold mellom form og funksjon: ”Kvar eining i språket skal ha éin og berre éin funksjon” (Vikør 2007: 152). Dette prinsippet kan gjelde både det fonologiske, morfologiske og leksikalske nivået i språket, men kan samtidig vere opphav til interne konflikter mellom dei tre nivåa.
- a. Fonologisk eintydigheit - ortofoni: Med det ortofone prinsippet er det eit ideal at alle språklydar/fonem svarar til ein bokstav og omvendt. Ei fullstendig ortofon rettskriving

---

<sup>8</sup> Sjølv om 2011-innstillinga nyttar Vikør (2007) i det faglege bakteppet sitt, nyttar dei ikkje nøyaktig den same prinsippinndelinga. I staden er desse fire rettleiande prinsippa utarbeidde spesielt med tanke på den aktuelle rettskrivinga. Dette vil eg kome tilbake til i 4.5.3.

eksisterer nok ikkje, då eit bokstavsystem ikkje vil vere rikt nok til å dekke alle variasjonar. Hovudproblemet med ei ortofon tilnærming er at det føreset ein einskapleg uttale eller ein etablert standarduttale innanfor det aktuelle språkområdet.

- b. Morfologisk eintydigheit: Om morfologisk eintydigheit skriv Vikør at ”kvart morfem skal tilsvare ein bestemt funksjon i språket [...], og at morfemet bør ha ei fast form i alle samanhengar” (Vikør 2007: 154-155). Til dømes er dette prinsippet aktuelt dersom ein ønskjer eit felles mønster på endingar i ei gitt ordklasse. Det morfologiske eintydigheitsprinsippet kan ofte kome i konflikt med det ortofone prinsippet. I slike situasjonar får det morfologiske eintydigheitsprinsippet ofte forrang, sidan stabile ordbilete har stor tyding for tileigning av skriftspråk.
  - c. Leksikalsk eintydigheit: I følgje prinsippet om leksikalsk eintydigheit bør eit ord berre ha éi tyding, og ord med forskjellige tydingar bør skiljast frå kvarandre i uttale og skrift.
- B) Enkelheit: Dette prinsippet seier at språket bør innehalde så få reglar og einingar som råd, og at eksisterande reglar bør vere faste og unntakslause. Prinsippet om enkelheit handlar med andre ord om paradigmatiske økonomi, dvs. økonomi i sjølve språkssystemet. I rettskriving vil dette tilseie ei sterkast mogeleg grad av ortofoni, medan det innan morfologien tilseier færrest mogeleg morfem og unntak frå reglane.
  - C) Kortheit: Prinsippet om kortheit har mykje til felles med B) Enkelheit, men handlar i staden om økonomi i uttrykket: Kortare ordformer blir tilrådde framfor lengre.
  - D) Det etymologiske prinsippet: Med dette prinsippet ønskjer ein å halde på den opphavlege forma og tydinga til ord og nytte stavemåtar som viser dette språklege opphavet. Eit slikt utgangspunkt vil kome i konflikt med både prinsippet om ortofoni og enkelheit, fordi det talar for å halde på til dømes tidlegare bøyingskategoriar utan omsyn til utviklinga i talemålet. Også det å halde på den opphavlege tydinga til ordet kan vere problematisk, sidan ord ofte endrar tyding som ein del av språkutviklinga.
  - E) Variasjon: For å gjere språket rikare og meir fleksibelt, og dermed meir tilrettelagt for regional, sosial eller stilistisk variasjon, kan ein argumentere for prinsippet om variasjon. Dette prinsippet ”tilseier at ein bør tillate ulike skrivemåtar, bøyingsformer, synonym og ulike tydingar av eitt ord” (Vikør 2007: 164).
  - F) Nyanserikdom: I følgje prinsippet om nyanserikdom bør språket ha eit så rikt utval av ord at det kan skildre så mange nyansar som råd, både når det gjeld semantiske tydingar og stilistiske verdiar.

- G) Logikk: Prinsippet om logikk handlar i stor grad om språklege konvensjonar, og tilseier at ord og uttrykk som er ”ulogiske”, bør forkastast. Dette gjeld til dømes uttrykk som ”billege prisar” eller setningar som ”Det har ikkje stått verken i Aftenposten eller Dagbladet” (Vikør 2007: 166). Logikk er derfor primært ei sak for språkrøktning.
- H) Stabilitet: I følgje dette prinsippet bør ein språknormal ikkje endrast når han fyrst er fastsett. I etablerte språksamfunn vil prinsippet verke nærast av seg sjølv og på denne måten setje dei andre prinsippa ut av kraft. Likevel vil prinsippet om stabilitet bli brote dagleg i den faktiske språkbruken der endring i språket er ei naturleg utvikling.
- I) Fastheit: Etter dette prinsippet bør ein normal vere fast eller trong og ikkje tilby fleire alternative skrivemåtar for same ord. Det bør heller ikkje vere ein utbreidd valfridom i språknormalen, då det vil gjere han ustø. Prinsippet om fastheit ligg nært prinsippet om stabilitet, men desse skil seg frå kvarandre ved at fyrstnemnde har ei synkron målsetjing og sistnemnde ei diakron målsetjing.

#### **2.4.2. Prinsipp som gjeld forholdet til andre språk og språkvarietetar**

Alle språk har ei eller anna kontakt med nærliggande språk eller språkvarietetar og vil oppleve påverknad frå desse. Sentrale prinsipp i planleggingsspørsmål handlar derfor om korleis ein møter slike kontaktsituasjonar, og her finn ein to grunnleggande haldningar: Ein kan anten nærme seg den andre varieteten, eller ein kan gjere avstanden mellom dei to varietetane større og tydelegare (Vikør 2007: 168-176). Standpunktet om å skilje seg mest mogeleg frå den andre varieteten blir kalla *purisme* og kan gjelde på alle dei språklege nivåa samt mellom nasjonar eller sosiale grupper. Paradeeksempelen på språkleg purisme er islandsk, som har ei særleg restriktiv språkplanlegging. Prinsippa i denne kategorien er særleg aktuelle i samband med nynorsk og bokmål, og både tilnærming og purisme har prega norsk språknormering. Den tidlegare tilnærmingspolitikken mellom målformene er døme på ei målbevisst tilnærming mellom to varietetar. Nynorsk har tradisjonelt òg vore prega av ein viss purisme, fyrst og fremst i samband med danske og tyske lånord og avleiingssuffiks, men også mot ord og uttrykk som typisk er forbunde med urbant borgarskap og overklasse. Etter at tilnærmingspolitikken no er lagt på hylla, har 2011-instillinga valt å fjerne ein del tidlegare tilnærmingformer frå det nynorske skriftspråket.

### **2.4.3. Prinsipp som gjeld forholdet mellom språket og språkbrukarane**

I språkplanlegginga må ein, som nemnt, ikkje berre ta omsyn til reint språklege spørsmål, men òg verdiar og målsetjingar for forholdet mellom språket og språkbrukarane. Vikør (2007) presenterer ti forskjellige prinsipp i denne kategorien. Ikkje alle av desse let seg kombinere, og fleire er til og med rake motsetjingspar. Normeringsprinsippa som går på forholdet mellom språk og språkbrukar er det Vikør (2007) kallar fleirtal, valfridom, prestisje, motprestisje, støyfriheit, omvelting, usus, det estetiske prinsippet, rasjonalisering og eufemisme. Eg vil ikkje gå nærare inn på kvar av desse her, sidan dei ikkje vil vere relevante for framhaldet i denne oppgåva. Unntaket er prinsippet om valfridom, som tilseier at språkbrukarane skal få velje fritt dei formene som passar for dei. Dette prinsippet har stått særleg sentralt i den norske språknormeringa, og er noko eg vil kome tilbake til i 2.5.1.

### **2.4.4. Prinsipp som er utleia av generelle samfunns- og kulturideologiar**

Den siste gruppa av prinsipp knyter seg til overordna samfunns- og kulturideologiar. Vikør (2007) nemner her fem forskjellige standpunkt: nasjonalisme, tradisjonisme, demokrati, liberalisme og anarki. Kort fortalt har desse det same ideologiske synet på korleis språknormeringa skal gå føre seg som for andre samfunnsprosessar. Dei er allmenne, ikkje-språklege ideologiar med forskjellige samfunnssyn og menneskesyn, og danner grunnhaldningane for språknormering: Standpunktta vi tar i konkrete språkspørsmål vil truleg vere forankra i dei språklege verdisyna knytte til desse ideologiane.

## **2.5. Språkplanlegging i Noreg**

I dette delkapittelet går eg over til den norske språkplanlegginga. Dei fleste som har gått i norsk skule, er nok kjende med hovudtrekka i nyare norsk språkhistorie, ei historie som kan summerast opp med nøkkelorda målreising, tilnæringspolitikk, språkstrid og hyppige reformer. Etter unionsoppløysinga med Danmark i 1814 vart det å ha eit eige språk eit viktig ledd i den norske nasjonsbygginga (Torp og Vikør 2003: 139-140). Dei to løysingane på å sikre eit eige norsk språk, var som kjent Ivar Aasen si grunnlegging av *landsmålet* og Knud Knudsen si fornorsking av det danske språket i normalen som vart kalla *riksmål*<sup>9</sup>. Ivar Aasen

---

<sup>9</sup> Heretter vil eg, av praktiske årsaker, berre nytte termane nynorsk og bokmål, også for tida før desse offisielt vart tekne i bruk i 1929.



hadde ei spesielt viktig rolle for utviklinga av norsk skriftspråk. Ikkje berre grunnla han ein heilt ny språknormal og ein ny språkkultur, men framveksten til nynorsk påverka også all vidare språknormering, språkrøkt og språkstrid. All aktivitet på desse felta måtte ta eit standpunkt til Aasen sitt arbeid, og sjølv fornorskinga av dansk-norsken skaut fart då nynorsken viste seg som ein reell konkurrent som leiande norsk skriftspråk (Torp og Vikør 2003: 146). Frå nynorsk fyrste gongen vart teken i bruk i 1850-åra og fram til i dag har den norske språkutviklinga vore prega av vekslande periodar med språkstrid, forsøk på tilnærming mellom dei to målformene og hyppige reformer ut over 1900-talet. Som nemnt i kapittel 1 har nynorsk og bokmål gått gjennom totalt åtte reformer i løpet av vel hundre år. I dag har vi to jamstilte målformer og tilnærmingspolitikken er lagd på hylla. I det følgjande vil eg kort presentere sentrale trekk i den norske språknormeringa. Eg vil fyrst sjå på utviklinga av dei to målformene, særleg med tanke på kva prinsipp som har vore lagde til grunn i normeringa av desse, for så å kome inn på dagens situasjon og dagens offisielle normeringsinstans, *Språkrådet*.

### **2.5.1. Utviklinga av dei to norske skriftspråka**

Grunnlaget for den nynorske språknormeringa burde vere kjent for dei fleste: Normalen vart til gjennom Aasens jamførande dialektforskning og med ei forankring i det norrøne språket. Normeringsprinsippa som var viktige for Aasen, var morfologisk eintydigheit, det etymologiske prinsippet og til ei viss grad også fastheit og prestisje. Det viktigaste av desse var det morfologiske eintydigheitsprinsippet ved at (norrøne) morfologiske distinksjonar som framleis eksisterte i talemålet, skulle bevarast i skrifta. I tråd med det etymologiske prinsippet vart ordformer som viste ordets opphavlege tyding, også prioriterte. Aasen gjekk òg inn for prinsippet om fastheit, men dette gjekk raskt i oppløysing då språket vart teke i bruk. I tillegg var prinsippet om prestisje viktig for at språket skulle vere eit fullverdig normalspråk og ikkje skriven dialekt (Omdal og Vikør 2002: 108-111). Etter Aasen si tid vart nye normeringsprinsipp aktuelle for nynorsk, særleg fleirtalsprinsippet og prinsippet om ortofoni. Begge desse nye prinsippa vart spesielt aktuelle i samband med tilnærminga til bokmål på 1900-talet (Omdal og Vikør 2002: 111-112). I dag er det ortofone prinsippet det mest grunnleggande i heile det norske rettskrivningssystemet. Jamvel om talemålet som normeringsgrunnlag kjem meir og meir i bakgrunnen, er det framleis eit sentralt ideal, særleg for nynorskbrukarar (Vikør 2007: 205-207).

Også når det gjeld normeringa av bokmålet, er historia kjent for dei fleste. Knud Knudsen vart pioneren for bokmålet og arbeidde for ei systematisk fornorsking av det danske skriftspråket. Rettskrivinga Knudsen arbeidde fram, skulle avspegle uttalen til den norske overklassa og ikkje dialektane, sidan han rekna desse for å vere geografisk og sosialt avgrensa (Torp og Vikør 2003: 125). Fornorskinga skulle skje ved eit gradvis opptak av norske ord og former i skriftspråket, og ortofoni var det viktigaste prinsippet for normeringa. Som ortofonist gjekk Knudsen inn for ein lydrett skrivemåte og ville gjere dansken meir tilpassa den norske bruken (Torp og Vikør 2003: 125). I dagens bokmålsnormering er det ortofoniske prinsippet framleis aktuelt saman med enkelheit, eintydigheit og andre meir ideologiske prinsipp (Papazian 1991). Bokmålet er vidare lite restriktivt når det gjeld ordforrådet, noko som legg opp til at den enkelte sjølv kan velje mellom dei orda og formene som finst innanfor norma (Omdal og Vikør 2002: 99-100).

På overflata kan det sjå ut til at Aasens og Knudsens forsøk på å skape eit norsk skriftspråk var svært forskjellige, men kanskje er ikkje normeringa av nynorsk og bokmål så ulik likevel? Verken nynorsk eller bokmål har ein godt etablert skriftspråkstradisjon slik som til dømes nabospråka svensk og dansk. Begge dei norske skriftspråka er unge, med berre ei godt og vel hundreårig historie, og samtidig har utviklinga av desse skjedd så raskt at eit standardskriftspråk ikkje har fått tid til å feste seg (Omdal og Vikør 2002: 63). Utgangspunktet til Aasen og Knudsen var heller ikkje så ulikt: Dei skulle begge normere eit norsk skriftspråk, men valde forskjellige normgrunnlag (jf. fyrste steg i Haugen sin modell). Knudsen sitt normgrunnlag var talemålet til overklassa, som var ei norsk uttale av dansk skriftspråk, medan Aasen nytta dialektane til å rekonstruere ei ”grunndialekt” som han meinte desse hadde utvikla seg frå (Torp og Vikør 2003: 125, 153). Dette viser at både nynorsk og bokmål er relativt unge skriftspråk, og hovudforskjellen mellom dei viser seg i valet av normgrunnlag som dei to normerarane Aasen og Knudsen gjorde då dei fyrst byrja planleggingsprosessen for eit nytt norsk skriftspråk.

### **2.5.2. Valfridom**

Motsetjinga mellom dei to prinsippa *valfridom* og *fastheit* har spelt ei sentral rolle i den norske språkplanlegginga (Vikør 2007: 208). Valfridom som normeringsprinsipp har blitt eit kjennemerke på norsk språknormering og har prega rettskrivingane for begge målformene det siste hundreåret (Omdal og Vikør 2002: 74). I utgangspunktet var valfridomen særleg aktuell i

samband med tilnærminga mellom målformene og vart sett på som eit naudsynt vonde som skulle lette overgangen til ei ny språkform. Ved å tillate fleire, overlappende former, kunne ein seinare smalne inn normalen mot eitt felles utval. I praksis førte dette til at ein i begge målformene fekk to forskjellige rettskrivingar: Ein læreboknormal med språkets *hovudformer*, som var påbodne i lærebøker og statstenesta, samt ei breiare rettskriving med mange valalternativ, *sideformer*, for skuleelevar og privatpersonar. Systemet var problematisk, men det vart sett på som eit avgjerande ledd i tilnærminga mellom målformene, og når tida var inne, skulle sideformene fjernast (Vikør 2007: 208-209).

I syttiåra endra synet på valfridomen seg, og han vart no halden fram som eit permanent gode. Valfridomen opna for at språkbrukaren kunne velje former i samsvar med eige talemål. Ei slik romsleg rettskriving ga pedagogiske fordelar, då samsvaret med talemålet ville føre til færre rettskrivingsvanskar for den vanlege språkbrukar, og den ville samtidig auke språkleg toleranse (Vikør 2007: 209). Likevel vart det vanskeleg for folk utan språkleg skulering å handtere valfridomen, og i siste omgang kom han heller til å tene nett språksikre brukarar (Omdal og Vikør 2002: 117). Mot slutten av 1990-talet sette derfor Norsk Språkråd i gang med ei opprydding i rettskrivinga, der særleg skiljet mellom hovudformer og sideformer skulle fjernast. Endringane for bokmål vart godkjende i 2005, og resultatet vart at fleire tidlegare sideformer no fekk status som fullverdige former (St.meld. 35 2007-2008). Ei tilsvarande oppheving av skiljet mellom hovud- og sideformer vart gjennomført for nynorsk i 2012 (*Ny rettskriving i nynorsk 2012* 2013). Om ein skal prioritere prinsippet om valfridom eller fastheit, har altså vore eit sentralt spørsmål i norsk språknormering, og valfridomen har ofte blitt vald av omsyn til tilnærming og talemålsnærleik til fleire dialektar. Stortingsmeldinga *Mål og meining* summerer valfridomen på denne måten:

Valfridommen i rettskrivinga har både fordelar og ulemper. Éin av fordelane er at språkbrukarane lettare kan finna skriftformer som dei kjenner seg heime i, til dømes fordi formene fell saman med eller ligg nær opptil eige talemål. Ei ulempe er at valfridommen inneber at normene blir mindre faste, at det kan vera vanskeleg å halda oversikt over kva former som ligg innanfor og utanfor norma, og at det kan føra til eit noko vaklande og inkonsekvent skriftbilette. (St.meld. 35 2007-2008: 172)

At systemet med hovud- og sideformer no er avvikla, betyr at dei norske skriftspråka framleis har valfridom, med dei fordelane og ulempene det medfører, men at dei tillatne formene no er jamstilte og kan nyttast i alle samanhengar.

### 2.5.3. Språkrådet

I Noreg har Språkrådet fått oppgåva med å handtere den offisielle språkplanlegginga. Grunngevinga for dette er basert på etablert praksis heller enn lovfesting (St.meld. 35 2007-2008). Eit fagleg språkorgan vart fyrst etablert i Noreg med *Norsk språknemnd* i 1952, og tjue år seinare vart dette avløyst av *Norsk språkråd*. Begge desse arbeidde under ein formålsparagraf som fremma ei tilnærming mellom dei to målformene. Paragrafen vart kraftig svekka med opprettinga Norsk språkråd, og i 2002 vart heile tilnærmingslina i norsk normering formelt avvikla av Stortinget (2011-instillinga: 33).

Dagens fagorgan, Språkrådet (oppretta i 2005), driv ei sjølvstendig normering av nynorsk og bokmål, og normeringsarbeidet legg i stor grad opp til langsiktig stabilitet (Vikør 2007: 203). Arbeidsoppgåvene til Språkrådet omfattar mellom anna forskjellige språkrøktsoppgåver, normering og språkobservasjon. I samband med normeringa kan rådet foreslå og vedta nye stavemåtar og bøyingar av ord samt justere skrivereglane. Systemendringar eller andre meir gjennomgripande endringar er det Kulturdepartementet som skal godkjenne. Styret i Språkrådet har vidare ansvar for å sikre at dei forskjellige fagråda, mellom desse ”Fagråd for normering og språkobservasjon”, er breitt samansette og har den naudsynte fagkompetansen (*Vedtekter for Språkrådet* 2012). For arbeidet med 2011-instillinga oppnemnde Språkrådet ei eiga rettskrivingsnemnd samansett av både fagfolk og representantar frå det nynorske språksamfunnet. På denne måten ønskte ein å utarbeide ei norm med stor aksept i språksamfunnet (2011-instillinga).

### 2.6. Status i norsk språknormering

Til no i dette kapittelet har eg presentert språkplanlegging som disiplin og gitt eit kort oversyn over den norske språkplanlegginga. Dei norske skriftspråka er begge relativt ferske og har begge blitt fastsette av offentlege organ i løpet av dei siste hundre åra. Noreg er kjent for å drive ei demokratisk språkplanlegging, og språksamfunnet har stort sett akseptert endringane i offisielle språknormer, endringar som har kome relativt hyppig. Med eit slikt klima for justering av språknormer må det også vere mogeleg å gjere normene så brukarvennlege som råd (Omdal og Vikør 2002: 147). Spørsmålet i det resterande av dette kapittelet dreiar seg om korleis den norske språknormeringa har fungert fram til i dag. Mellom anna har normeringa møtt kritikk for å vere ustabil og inkonsekvent. Kapittelet vil bli avslutta med nokre idear om kva som skal til for å skape ei meir stabil og velfungerande språknormering.

### 2.6.1. Kven skal språknormeringa vere til hjelp for?

Trass dei unge skriftspråka vi har i Noreg, er dei fleste nordmenn i dag skrivekyndige, og dette har òg blitt ein føresetnad for å ta del i demokratiet. Men kor demokratiske er sjølve språknormene? Eit viktig spørsmål i samband med dette handlar om kva eller kven språknormene skal tene (Omdal og Vikør 2002: 145). Ofte har det vore slik at normeringsspørsmål fyrst og fremst blir debatterte med utgangspunkt i målsyna til normerarane sjølve, altså språkråd, språkorganisasjonar og andre fagfolk. Når allereie språkkyndige representantar som dette, fastset normer med utgangspunkt i sine egne oppfatningar, kan det skape eit misforhold til ein stor del av språkbrukarane, nemleg dei som gjennom normal skulegang skal lære å meistre normene (Omdal og Vikør 2002: 143-146). Denne kritikken tar til dømes 2011-instillinga på alvor. Mellom anna er det sett av ein eigen rubrikk med tittelen ”Kven lagar me norma for?”, der nemnda konkluderer med at endringane vil få størst konsekvensar for tekstproduksjon og tekstformidling i skuleverket og det offentlege (s. 33). Som nemnt ovanfor er nemnda òg i seg sjølv sett saman av representantar frå ulike område der nynorsk blir brukt. Medvitne val som dette vil truleg styrkje dei nye rettskrivingsframlegga.

Den norske normeringshistoria har vidare arta seg som ein kamparena for ideologiske motsetjingar, og språket har vore nytta som ressurs i den politiske dragkampen (Bull 1991: 71). På grunn av historikken til språka og det politiske ordskiftet, vil ei verdinøytral normering i dag knapt vere tenkjeleg. Normeringsarbeidet blir følgjeleg ei blanding av både vitskap og ideologi. For å gjere språket mest mogeleg brukarvennleg er det likevel særleg viktig at normerarane har eit medvite forhold til målsetjinga for normeringa, og kva prinsipp som direkte eller indirekte får ligge til grunn for avgjerslene. Eit viktig ledd her handlar nettopp om å ha klart føre seg kven som er mottakarane for normeringa, og korleis desse skal kunne nytte språket utan å vere hindra av innvikla normer.

Den viktigaste arenaen for implementering av språk er skulesystemet (Omdal og Vikør 2002: 148). Det er nett i klasserommet at den primære opplæringa i skriftspråket skjer, og det er også her språknormer hovudsakleg når fram til brukarane. Alle regelendringar for norsk skriftspråk vil følgjeleg ha ringverknadar inn i skulen og få konsekvensar både for dei som skal lære skriftspråket og dei som skal lære det frå seg. Nye reguleringar skal helst gjere språket enklare å lære, og her har lærarane ei særskild viktig oppgåve: ”Bak eit vedtak [...] ligg det [...] ein implisitt føresetnad om at lærarane i det minste kjenner til og helst også meistrar [...] rettskrivinga, og at dei set seg inn i nye vedtak som blir gjorde” (Bull 1991: 71).

Med hyppige, detaljerte endringar og stor valfridom blir det naturleg å spørje seg kor mykje av normeringa som eigentleg når ut. Er implementeringa så effektiv som den kunne vore? Ofte ligg det nemleg pedagogiske motiv bak endringane, men dette betyr lite dersom nye rettskrivingsvedtak ikkje når ut til elevar og lærarar.

Tilbakemeldingar og evaluering vil vere ein viktig kanal for å sikre at nye normer og endringar blir aksepterte og etterlevde i språksamfunnet. I følgje Omdal og Vikør ser det likevel ut til at det tradisjonelt ikkje har vore stor interesse for denne sida av planlegginga (2002: 151). Ein etablert kanal for tilbakemelding kunne vore eit viktig ledd i utviklinga av eit meir brukarvennleg skriftspråk. Også dette tar 2011-instillinga tak i, og i samband med rettskrivingsarbeidet vart det oppretta eigne nettsider og ei e-postadresse der brukarar kunne kome med innspel til arbeidet. Representantar frå nemnda var òg i møte med viktige nynorskaktørar som aviser, forlag, utdanningsinstitusjonar og språkkonsulentbyrå i samband med arbeidet. På denne måten har nemnda hatt ein kontinuerleg dialog med nynorskbrukarane gjennom heile prosessen og slik fått tilbakemeldingar på dei forskjellige framlegga (2011-instillinga). I det følgjande vil eg likevel ikkje konsentrere meg om evalueringa, men heller presentere nokre punkt som gjer den norske språknormeringa ustabil. Idear om endringar vil bli lufta heilt til slutt i dette kapittelet, samt meir utfyllande i kapittel 4.

### **2.6.2. Instabilitet i norsk normering**

Som eg diskuterte ovanfor, har normeringa av både nynorsk og bokmål basert seg på fleire forskjellige prinsipp. Kva prinsipp som er viktigast, har endra seg med tida, særleg etter at tilnærminga mellom dei to målformene offisielt vart avslutta. I dag er ortofoni grunnprinsippet i norsk normering og tradisjonsvern står òg sentralt i planlegginga (Vikør 2007: 205-206). Ein viktig forskjell mellom desse to prinsippa er at dei tar utgangspunkt i kvart sitt normeringsgrunnlag. Med det ortofone prinsippet blir talespråket aktivt nytta som grunnlag i normeringa, medan tradisjonsvern ofte handlar om å ta vare på etablert, skriftleg praksis. Som diskutert under 2.3 er dette to grunnlag som vil peike ut forskjellige retningar i normeringsspørsmål.

I tillegg spelar også dei andre prinsippa inn, og praksisen ved regulering av normene får kritikk for å vere noko inkonsekvent. Einskilde normeringsspørsmål blir drøfta kvar for seg, og det ser ut til at ulike prinsipp ”sigrar” frå sak til sak (Omdal og Vikør 2002: 111-112). I staden for å ha eit prinsipielt fast grunnlag for visse grupper av normeringsspørsmål, blir

endingane altså ofte vurderte eitt for eitt, og resultatet er liten samanheng og usystematiske normer. Eric Papazian kritiserer også ein slik praksis:

Hovedfeilen med Språkrådets normering [...] er etter mitt skjønn at det er alt for mye *detaljregulering*. Rådet er for opptatt av å regulere *det enkelte ordet* til minste detalj, i stedet for å regulere *sjølve systemet eller gruppa* som ordet hører til. Men når folk sitter og ”finsmaker” på hvert enkelt ord, blir det lett *subjektivt, vilkårlig og tilfeldig*, i tillegg til *komplisert*. (Papazian 1991: 107)

Følgjeleg er også rettskrivingsvedtaka i nyare tid kritisert for å skiple den indre systematikken i språket, og for å vere laus og vekslande (Bull 1991: 78). Sjølv om berre ein liten del av denne kritikken skulle vere sann, vil det uansett gjere implementeringa, særleg gjennom undervising, problematisk. Det er ikkje uventa at både elevar og lærarar har vanskar med å halde oversikt over rettskrivinga dersom ho synast vilkårlig og inkonsekvent. For 2011-innstillinga har det vore viktig å halde ein systematikk i normeringa, og nemnda har søkt det synkrone, moderne systemet i nynorsken og forsøkt å kartlegge regelbundne drag ved grupper av ord og former (s. 41).

Valfridomen i det norske skriftspråket har òg vore skildra både som ein ressurs og eit vonde. Fordelen med ein stor valfridom er, som nemnt ovanfor, at språkbrukaren kan velje dei formene som ligg nærast hans eller hennar eige talemål. Dette kan vidare gjere skrivning og skriveopplæring lettare. Ulempene er på den andre sida at valfridomen er vanskeleg å handtere, og at det skaper eit vaklande skriftbilette. Paradokset med denne vide språknorma er at ho er halden for å vere ein fordel i skriveopplæringa, samtidig som ho blir kritisert, særleg i nynorsk, for å vere uoversiktleg og også vanskeleg å lære (Omdal og Vikør 2002: 107, 159). Truleg er det ikkje valfridomen i seg sjølv som gjer det vanskeleg, men også her ein inkonsekvens i normeringa. Systemet med hovudformer og sideformer, der enkelte former var tillatne for eleven, men ikkje i læreboka, er eit døme på eit inkonsekvent og forvirrande trekk i norsk rettskriving. At dette systemet no er teke ut av rettskrivinga, og alle tillatne former er jamstilte, er eit steg mot ei meir stabil normering.

I tilfellet med nynorsk, blir det hierarkiske skiljet mellom hovudformer og sideformer fjerna i den aller nyaste rettskrivinga (2011-innstillinga). Men sidan fleire sideformer går over til å vere jamstelte former, er valfridomen framleis stor. I mandatet til 2011-nemnda står det at målet er både å skape ei norm som kan appellere til store brukargrupper og at norma skal vere enkel og stram (s. 27). Spørsmålet blir då kor stram norma kan vere utan å støyte bort brukarar, eller kor breie brukargrupper norma kan ta omsyn til utan å bli uoversiktleg. Det er i alle fall sikkert at for å halde på valfridomen og dei breie brukargruppene, må norma tole

vaklande ordbilete. 2011-innstillinga, og vurderingane som ligg bak forslaga til nye rettskrivingar, er noko eg vil kome nærare tilbake til i kapittel 4.

Omdal og Vikør peikar vidare på at "[d]et store utvalget av alternative former som fins i begge skriftnormalene våre, [...] i en språkhistorisk samanheng [kan] oppfattes som tegn på at verken bokmål eller nynorsk ennå har 'funnet si form'" (2002: 63-64). Korleis ein tolkar ei slik utsegn, er avhengig av kva ein legg i termen "form". Éi mogleg tolking kan vere at språket utviklar seg mot eit endeleg mål med faste former, ordbilete og normsystem. Dette er likevel både ein urealistisk og uheldig visjon for språket, då det vil vere i konflikt med den naturlege utviklinga til språket, som vart diskutert innleiingsvis i dette kapittelet. Etter mi meining kan Omdals og Vikørs påstand tolkast på ein meir generell måte, som det å kome fram til eit *mønster eller system* i språket som ein kan rette normeringa etter. La oss gå tilbake til Haugen sin firestegsmodell. Det andre trinnet i modellen, kodifiseringa, var i utgangspunktet ei eingongshandling med fastsetjing av ortografi og grammatiske former, men som også opna for periodiske justeringar etter kvart som språksamfunnet utviklar seg. Ei målretta kodifisering kan vere eit språk si form, med eit fundament for ortografi og grammatikk i botn samt rom og retningsliner for mindre justeringar. Dersom våre to målformer enno ikkje har funne si form, kan det tyde på kodifiseringa av norsk skriftspråk ikkje er utført på ein optimal måte. Dei hyppige reformene som har kjenneteikna norsk skriftspråksnormering dei siste vel hundre åra, kan truleg ikkje skildrast som fortløpande oppdateringar av normalane, sidan dei ofte har vore omfattande revideringar av tillaten norm. Kanskje manglar norske skriftspråk per i dag eit solid fundament frå kodifiseringa? Dersom det er slik at den norske normeringa ikkje er fullkomen, vil det i andre omgang ha konsekvensar for implementeringa: Det vil vere vanskeleg for språkbrukarane å ta til seg språknormer i stadig endring.

### **2.6.3. Mot ei stabil, norsk normering**

Eit stabilt, felles skriftspråk er ein ressurs for eit språksamfunn. Det er ein reiskap for deltaking i demokratiet og det mogleggjer presise resonnement, nyansar og stilistisk utfalding for språkbrukaren (Dyvik 2009: 118). Ein situasjon der normeringa av norske skriftspråk blir kritisert for å vere inkonsekvent og vilkårleg, som eg har diskutert ovanfor tyder på at våre norske skriftspråk enno ikkje er ein så optimal ressurs for språksamfunnet som dei kunne vore. All språkplanlegging har det dobbelte grunnlaget i både vitenskap og



ideologi, og Språkrådet, som skal normere dei norske skriftspråka, består heller ikkje av ei samla røyst (Bull 1991). Med ein kakofoni av røyster, som saman skal gjere vedtak i normeringsspørsmål, er det ikkje overraskande at vurderingsgrunnlaget varierer frå sak til sak, og slik resulterer i inkonsekvente avgjersler.

Om ein derimot hadde faste, prinsipielle grunnlag for normering, ville utviklinga i den norske normeringa venteleg vore meir einskapleg og stabil. Ikkje minst ville det sikre at like spørsmål vart vurderte på likt grunnlag. Sjølv sagt må normeringa ta omsyn til faktisk språkbruk. Ein skriftnormal vil og må likevel alltid vere enklare enn talemålet, sidan det vil vere lite hensiktsmessig, for ikkje å snakke om umogeleg, å fange alle talespråklege nyansar i skrift. Papazian tar derfor til orde for å regulere tilfelle gruppevis framfor detaljvurdering av enkeltord: ”Det må være mulig å *lære og huske* rettskrivinga, og å skrive riktig norsk uten å måtte slå opp i ordlista for hvert enkelt ord. Dette tilsier mest mulig *generelle regler*, at man behandler ordene i *grupper* og ikke enkeltvis” (1991: 105). 2011-instillinga møter denne etterlysinga eit stykke på veg, men er likevel ikkje fullstendig gjennomført når det kjem til det prinsipielle grunnlaget for vurdering av enkeltspørsmål.

Kva bør då eit fast, prinsipielt grunnlag for normering bygge på? La oss gå tilbake til dei to typene normer som eg introduserte innleiingsvis, nemleg internaliserte og fastsette normer. Dei internaliserte normene utgjer vår intuitive kunnskap om språk, medan fastsette normer er formelt bestemte reglar om språket og kjem til uttrykk i grammatikkar, lærebøker og ordbøker. Internaliserte normer fortonar seg som *a priori* kunnskap for språkbrukaren, noko som gjer dei svært slitesterke. Til samanlikning er fastsette normer partielle og påverkelege (Dyvik 2009: 114). Ettersom eit etablert skriftspråk òg kan skildrast som eit sjølvstendig språkssystem, ville det vere ein fordel om de fastsette normene var utforma etter mønster av nett dei internaliserte normene. Også Haugen etterlyste endringar i normeringsgrunnlaget allereie i 1968. Han meiner at det eksisterer reglar for språket uavhengig av normering, og at problemet ligg i normeringsverksemda:

Når lovgiverne så opptrer på scenen, kan tradisjon og deres egen uvitenhet hindre dem i å gi realistiske regler. Det vitenskapelige synspunkt som moderne lingvistikk legger an kan ofte komme på tvers av tradisjonell preskriptiv grammatikk [...]. Ethvert forsøk på å behandle språkproblemer ut fra rasjonell innsikt vil trolig støte an mot en mur av fordommer. (Haugen 1968: 16)

I staden for å bygge vidare på fordommar og tradisjonell preskriptiv grammatikk, bør språknormeringa i større grad nytte det vitenskaplege grunnlaget som blir lagt i moderne lingvistikk. Eit slikt vitenskapleg grunnlag bør altså danne det prinsipielle utgangspunktet for

norsk språknormering. Språkplanlegginga vil då dreie seg om nett faglege tiltak, slik det er formulert i sjølve definisjonen av språkplanlegging, og ikkje la seg hefte av fordommar og ideologiske haldningar. Vidare vil ei normering slik støtte seg på internaliserte normer som språkbrukarane kjenner uavhengig av opplæring, noko som truleg vil sikre ei brukarvennleg, stabil og konsekvent norm.

I neste kapittel vil eg gå nærare inn på moderne lingvistisk teori. Nærare bestemt tar eg føre meg generativ grammatikk, fordi forskingsobjektet i denne tradisjonen er nett den internaliserte språkkompetansen. Eg vil argumentere for at ei generativ, ny-konstruksjonistisk rammeanalyse er den mest adekvate framstillinga av språkstrukturen og dei internaliserte normene. Med denne tilnærminga kan ein vidare utleie klare implikasjonar for normeringsspørsmålet.

## Kapittel 3: Syntaktisk teori

---

Haugen (1968) etterlyser altså realistiske reglar i språknormeringa, reglar baserte på rasjonell innsikt framføre den tradisjonelle, preskriptive grammatikken. For å kome fram til slike realistiske reglar blir det naturleg å vende seg til vitskapen på området, og i samband med moderne lingvistik er det særleg eitt namn som peikar seg ut: Noam Chomsky. Chomsky blir rekna som far til den generative grammatikken, ein grammatikk som redefinerte målet med språkforskinga frå midten av 1950-talet. Språkforskinga gjekk no frå å vere eit taksonomisk korpusstudium til å granske den menneskelege språkevna, seinare presentert som universalgrammatikken (UG). Dette har blitt skildra som ein vitskapleg revolusjon, og i løpet av siste halvdel av det førre hundreåret er Chomsky blitt den dominerande figuren i verdslingvistikken (Faarlund 2005: 9).

Den nyaste vendinga innan generativ grammatikk er minimalismeprogrammet (MP), som vart introdusert i byrjinga av 1990-talet. I Chomskys *The Minimalist Program* frå 1995 blir ideane og prinsippa for det nye forskingsprogrammet lagde, og verket dannar grunnlaget for retninga generativ grammatikk tar vidare. Målet med denne oppgåva er å bruke syntaktisk teori i eit normeringsperspektiv, noko som i seg sjølv ikkje er eit gitt val. Av den grunn er eg òg tvungen til å gå grundig inn på teorien, for å identifisere den mest adekvate tilnærminga til å basere normeringsresonnement på seinare. Dette er føremålet med det følgjande kapittelet.

I denne teoretiske granskinga vil eg fyrst presentere dei grunnleggande ideane i MP ved ein kort, generell presentasjon. Deretter vil eg presentere to tilnærmingar til programmet: den leksikalistiske tilnærminga og den ny-konstruksjonistiske rammeanalysen. Den fyrstnemnde tilnærminga er den mest dominerande, og denne opererer med eit svært tett forhold mellom leksikon og syntaks. Ein reknar her med at grammatiske eigenskapar er knytte til leksikalske element som trekk. Tilnærminga møter både økonomiske og empiriske problem, og eg vil derfor gå vidare med å presentere ei alternativ løysing, nemleg den ny-konstruksjonistiske rammeanalysen. Med denne tilnærminga finn ein dei grunnleggande grammatiske eigenskapane i ein sjølvstendig generert, syntaktisk struktur og ikkje i dei leksikalske elementa. Trass i forskjellane kan begge tilnærmingane knytast til MP vidt forstått, sidan dei deler fleire grunnleggande idear. Skildringa av kva eit forskingsprogram er, framføre ein teori, vil derfor vere eit naturleg startpunkt for den vidare utgreiinga.

### 3.1. Program versus teori

MP er foreløpig skildra som forskingsprogram og ikkje teori. Cedric Boeckx nyttar uttrykk som "mode of investigation" og "theory in the making" for å karakterisere eit forskingsprogram (2006: 5-6), og MP har nett ein slik status, då det framleis ikkje er utarbeida ein konsolidert, minimalistisk teori om språk. Eit forskingsprogram er sett saman av ei kjerne og tilleggshypotesar. Kjernen definerer sentrale haldepunkt, eller dei grunnleggande ideane ein er samde om på feltet, medan tilleggshypotesane viser dei ulike retningane programmet kan ta. I forskingsprogrammet finst det altså ikkje like faste føringar som i ein teori. Ein stiller i staden spørsmål som er breie nok til å bli følgde i fleire retningar, og som gir rom for eit mangfald av løysingar. På denne måten gir forskingsprogrammet forskaren stor fridom i si tilnærming til emnet, noko som resulterer i ei brei utforsking av kjernen og empiriske data. Dette kan føre til radikalt ulike spørsmål og løysingar, og slike kan ikkje vurderast som rette eller galne, men heller som fruktbare eller sterile for utviklinga av forskingsprogrammet (Boeckx 2006:5-6). Hypotesane innan eit forskingsprogram treng ikkje vere gjensidig sameinelege. Tvert om kan motstridande hypotesar heller gi ei større forståing av det empiriske feltet og stimulere til vidare utvikling. Framgangen til forskingsprogrammet kan derfor skildrast som ei modning, og for MP har ein slik modningsprosess allereie vore i gang i knappe tjue år.

### 3.2. Minimalismeprogrammet

Saman med styrings- og bindingsteori (GB) utgjer MP ein hovudvariant av prinsipp- og parameter-teorien. Med GB jakta ein primært på dei forskjellige byggesteinane i UG, men med ei etter kvart brei kartlegging av *kva* komponentar språkssystemet består av, skifta interessa over til spørsmål om *kvifor* systemet er nett slik og *korleis* det fungerer. MP spør dermed om i kva grad lingvistikken er styrt av overordna prinsipp om symmetri, einskap og økonomi. Eller, kor perfekt er språkssystemet?

Motivasjonen bak MP er opphavleg spørsmåla: Kva tilhøve er språket venta å tilfredsstillere, og i kva grad er språket underlagt faktorar som enkelheit, økonomi og symmetri (Chomsky 1995: 1)? I MP, som i tidlegare generativ grammatikk, går ein ut frå at den menneskelege språkevena har både ein kognitiv og ein performativ komponent. Den performative komponenten omfattar to system: det sensorisk-motoriske systemet (språkets uttrykksside) og det konseptuelle og intensjonelle systemet (språkets innhaldsside). Den

kognitive komponenten er på den andre sida den strukturerande mekanismen som genererer dei performative uttrykka, og denne er skildra som den internaliserte grammatikken. Samhandlinga mellom grammatikken og dei performative systema skjer via grensesnittet fonetisk form (PF) og logisk form (LF). PF er dermed grensesnittet til setninga si realiserte overflate, medan LF dannar kontaktflata til det semantiske systemet (Boeckx 2006: 40). I MP går ein vidare bort frå teorien om at den grammatiske strukturen består av fleire nivå<sup>10</sup> og reknar berre med eitt nivå, som grensar mot både uttrykk og innhald (Åfarli og Eide 2003: 37).

Dei minimalistiske føresetnadane for syntaksen er følgjeleg at den berre skal innehalde det som kan motiverast av nettopp uttrykk og innhald (Platzack 2010: 52). Både PF og LF stiller krav til utforminga av det lingvistiske uttrykket, og uttrykket må utelukkande bestå av legitime komponentar for å passere grensesnittet. Dette er formulert som prinsippet om *Full Interpretation* (FI): Alt som skal forbi grensesnittet, må ha ei akseptabel tolking (Chomsky 1995: 194). Det økonomisk motiverte prinsippet *Last Resort* (LR) legg vidare føringar på sjølve derivasjonen i det kognitive systemet. Operasjonar er i følgje dette drivne av nødvendighet og blir berre utførte dersom det er naudsynt for å oppfylle FI (Chomsky 1995: 199). Eit lingvistisk uttrykk kan med dette skildrast som den optimale realiseringa av krava frå det semantiske og fonetiske systemet (Chomsky 1995: 171).


Eit viktig utgangspunkt for MP er hypotesen om at UG er eit perfekt system der ingenting er overflødig. Denne hypotesen er òg kjent som "the strong minimalist thesis" (Boeckx 2005: 4). MP går følgjeleg ut frå at språket er underlagt faktorar som økonomi, enkelheit og symmetri. Økonomiske løysingar og forsøk på å redusere alle mogelege fenomen til enkle basiselement står derfor sentralt i forskingsprogrammet. MP søker på denne måten ei forklaring på korleis eit tilsynelatande komplekst system som språket kan reduserast til ei enklare form. Chomsky presenterer i samband med dette operasjonen spleis (*Merge*) som den enklaste prosessen i syntaksen: ein operasjon som tar to objekt og spleisar dei saman (sitert i Boeckx 2006: 115). Utover dette baserer også MP seg på andre grunnleggande idear om språk, til dømes at setningar er koplingar av lyd og meining, og at dei er bygde opp av frasar (Boeckx 2005: 73). Desse ideane kan skildrast som sjølve grunnmuren i språkforskinga, ettersom dei er heilt avgjerande forståingar av språk i det noverande paradigmet. Kjernen i

---

<sup>10</sup> I GB rekna ein med at den grammatiske strukturen besto av to nivå: ein innhaldsgivande djupstruktur som utgjorde startpunktet for flyttingar, og ein overflatestruktur som viste den endelege og fonetiske representasjonen av uttrykket (Åfarli og Eide 2003: 37).

MP er følgeleg forståinga av at alle lingvistiske uttrykk må tilfredsstille krava frå PF og LF, og at syntaktiske derivasjonar skjer med ein strukturell eleganse, symmetrisk og økonomisk.

Figur 1 viser korleis ein no reknar med at den syntaktiske derivasjonen går føre seg. Fyrst blir elementa ein ønskjer å nytte i ei setning valde, ut frå leksikonet og plasserte i ordboksen. Deretter blir dei utvalde elementa spleisa saman i ein binær struktur. Denne prosessen kan i prinsippet gå føre seg uendeleg, men er avgrensa av innhaldet i ordboksen. I realiseringspunktet er uttrykket ferdig, og dette punktet dannar grensa til det fonetiske uttrykket og det logiske innhaldet (Platzack 2010: 53-55).



Figur 1: Syntaktisk derivasjon

### 3.3. Den leksikalistisk orienterte minimalismen

Retninga som Chomsky stakar ut for MP med *The Minimalist Program* (1995), er leksikalistisk orientert. Dette er tilnærminga som har stått for dei mest dominerande tilleggshypotesane i MP. Leksikalisme kan skildre fleire grammatiske retningar, ikkje berre MP, og er kjenneteikna ved at ein reknar med at grammatisk informasjon er noko som ligg latent i det leksikalske elementet. Alle eigenskapar og kvalitetar ved eit leksikalsk element er då spesifisert allereie i vårt mentale leksikon: "[L]ike verbs, nouns are drawn from the lexicon with all of their morphological features" (Chomsky 1995: 197). Forholdet mellom leksikonet og syntaksen er altså svært tett, sidan det grammatiske er inherente eigenskapar ved leksikalske element.

Den generative grammatikken har ikkje alltid vore leksikalistisk orientert. Før rundt 1980 var det vanleg å rekne med at ein struktur vart generert av eigne frasestrukturreglar, og at ord frå leksikonet deretter vart sette inn i denne. Med Stowell (1981) melder eit nytt system

seg, og ibuande eller inherente semantisk-leksikalske eigenskapar ved orda sjølve avgjer korleis frasestrukturen vil sjå ut (Åfarli og Eide 2003: 43-44). Eit viktig argument for det nye systemet var krava som hovudverb stiller til argumentstrukturen rundt seg, noko som blir skildra som inherente og strukturbyggande eigenskapar i verbet. Frasestruktureglane, som vart nytta tidlegare, blir med dette parkerte, og X'-skjemaet<sup>11</sup> blir rekna som eit allment skjema for alle frasar. Åfarli og Eide forklarar prosessen nærare slik:

Vi tenker oss at orda – og her er det først og fremst verba vi konsentrerer oss om – ligg lagra i det mentale leksikonet med sine argumentstrukturspesifikasjonar. Når eit verb blir ”tatt inn” i syntaksen [...], blir også argumentstrukturspesifikasjonen projisert inn i syntaksen, og samtidig verkar X'-prinsippa automatisk på verbet, slik at det gror opp ein V-projeksjon over det. Argumentstrukturen spesifiserer bl.a. kva for semantiske roller verbet tilordnar. (Åfarli og Eide 2003: 44)

På tilsvarande måte gror det også opp projeksjonar frå leksikalske element som høyrer til andre ordklasser.

I den leksikalistiske tilnærminga til MP er eigenskapane i dei leksikalske elementa skildra som trekk (features), og desse fungerer saman med andre leksikalske element og andre trekk i eit system av sjekking. Resultatet av sjekkinga er det optimale lingvistiske uttrykket som er godkjent av PF og LF, der alle leksikalske element, med trekk, har fått ei akseptabel tolking. I dette systemet har ein òg gått bort frå X'-skjemaet igjen, då dette vart ein for rigid restriksjon for frasebygginga. I staden nyttar den leksikalistiske tilnærminga hypotesen om *bare phrase structure*. Her ligg restriksjonane på frasebygginga i dei leksikalske elementa sjølve, og ' -nivået skildrar relasjonane mellom ulike delar av frasa (Boeckx 2006: 173). I det følgjande vil eg gå nærare inn på denne leksikalistisk orienterte greina av MP og vise korleis ein her nyttar trekka til å gjere greie for dei syntaktiske prosessane strukturbygging og flytting. Gjennomgangen kan kanskje synast unaturleg detaljert, men er motivert av to årsaker. For det fyrste vil eg gå såpass nøye inn på dette systemet for å vise heilt klart den avgjerande rolla som trekka har i denne dominerande tilnærminga til MP. For det andre er gjennomgangen òg naudsynt for å danne grunnlag for kritikk av den leksikalistiske tilnærminga og motivasjon for å presentere den alternative tilnærminga som eg brukar i framhaldet, nemleg den ny-konstruksjonistiske rammeanalysen.

---

<sup>11</sup> I følgje X'-teori har alle frasar ein kjerne X som projiserer til det maksimale frasenivået XP via eit mellomliggende nivå X'. Ved binær projeksjon, gir dette rom for to modifikatorar til kjernen: spesifikator og komplement (Åfarli og Eide 2003: 27-29).

### 3.3.1. Trekk

Utgangspunktet for den syntaktiske derivasjonen (jf. figur 1) er leksikonet, og i dette finst ei liste over alle leksikalske element eller morfem som ein gitt språkbrukar har tilgjengeleg (Platzack 2010: 62). Morfemet kan vidare skildrast som eit knippe av trekk som både er del av ordets innhald og uttrykk samt utgangspunktet for syntaksen. I den leksikalistiske tilnærminga til MP er det nemleg abstrakte trekk, knytte til dei leksikalske elementa, som driv syntaktiske prosessar. David Adger samanliknar trekka i syntaksen med atom i den klassiske fysikken: Dei er dei grunnleggande byggsteinane i syntaksen, og samspelet med andre trekk gir forklaring på ulike lingvistiske fenomen (Adger 2003: 22). Trekka blir vidare definerte på denne måten: "a property of words that the syntax is sensitive to and which may determine the particular shape that a word has" (Adger 2003: 24). Det finst trekk som signaliserer både semantiske, fonologiske og syntaktiske eigenskapar. Ordklassemarkørar, grammatisk kjønn og numerus er døme på semantiske trekk. Nokre språk har trekk som gir opphav til spesielle fonologiske former, og det finst òg trekk, til dømes kasus, som regulerer dei syntaktiske posisjonane til ord (Adger 2003: 52-53). Om ein går ut frå at syntaksen blir utforma for å tilfredsstille krav frå grensesnittet, må det vere slik at språket inneheld tilstrekkeleg med trekk for å oppfylle desse, sjølv om ein ikkje enno sit på ei komplett oversikt over kva trekk dette er.

I leksikonet er det òg spesifisert om trekka er tolkbare eller ikkje-tolkbare<sup>12</sup>. Tolkbare trekk er gyldige ved LF og PF og kan dermed passere uproblematisk. Ofte skildrar desse trekka eigenskapar knytte til forståinga av det lingvistiske uttrykket (Adger 2003: 24). Ta til dømes substantivet *hestar*. Ut frå dette kan ein språkbrukar med norsk som morsmål forstå at det handlar om entiteten hest, og at det er snakk om fleire hestar. Substantivet *hestar* har med andre ord tolkbare trekk for (mellom *anna*) entitet [E] og numerus [Fleirtal]. Kvart morfem i leksikonet vil på tilsvarende måte vere utrusta med eitt eller fleire slike tolkbare trekk. I tillegg reknar ein òg med eksistensen av ikkje-tolkbare trekk. Dette ser ein føre seg som motparten til dei tolkbare trekka, og desse representerer tilsvarende trekk *utan* det aktuelle innhaldet (Platzack 2010: 66). Også dei ikkje-tolkbare trekka er eigenskapar knytte til leksikalske element i leksikonet. Slike ikkje-tolkbare trekk er kanskje vanskelegare å forstå reint intuitivt, men har fått ein viktig plass i den leksikalistiske tilnærminga, sidan desse er

---

<sup>12</sup> Den leksikalistiske retninga opererer her med fleire omgrepsspar: tolkbare/ikkje-tolkbare, evaluerte/ikkje-evaluerte og aktive/inaktive. Desse kan i ei viss grad nyttast synonymt. For ein meir detaljert presentasjon, sjå til dømes Platzack (2010), Hornstein, Nunes og Grohmann (2005) eller Adger (2003).



haldne for å vere avgjerande i den syntaktiske derivasjonen. FI avgjer, som nemnt, kva element som kan passere grensesnitta til form eller innhald, og berre element med ei akseptabel tolking er gyldige her. Ikkje-tolkbare trekk manglar ei slik gyldig tolking og må eliminerast eller gjerast tolkbare før grensesnitta for å forhindre at den syntaktiske derivasjonen krasjar. Dette skjer via ei samstemming med tilsvarande tolkbare trekk, ein prosess eg kjem nærare tilbake til nedanfor. Trekk bestemmer nemleg ikkje berre korleis kvart ord skal sjå ut i si realiserte form, men er også ei drivkraft for syntaktiske operasjonar. Sjølv frasestrukturbygginga skjer som eit resultat av samspelet mellom trekk, og det er òg vanleg å rekne med at til dømes flyttingar er motiverte av trekk og deira status i møte med grensesnitta (Hornstein, Nunes og Grohmann 2005: 291). Dersom trekket ikkje kan oppnå tolking i sin opphavlege posisjon, flyttar det til ein ny plass i strukturen der tolkinga kan skje. Med dette kan ein seie at kvart morfem i leksikonet er sett saman av grupper av trekk, både tolkbare og ikkje-tolkbare, og at syntaktiske derivasjonar skjer som eit samspel mellom desse.

### 3.3.2. Syntaktisk derivasjon med trekk

Eksistensen av ikkje-tolkbare trekk skaper dynamikken i den syntaktiske derivasjonen. Desse er også eigenskapar ved dei leksikalske elementa, men er ikkje godkjende ved grensesnitta. Som vist i førre delkapittel kan det lingvistiske uttrykket derfor ikkje passere grensesnitta LF og PF utan at dei ikkje-tolkbare trekk er eliminerte. Når eit ikkje-tolkbart trekk blir spleisa inn i den syntaktiske strukturen, søker det derfor etter ei mogelegheit til å bli eliminert eller gjort tolkbart, og det er dette som blir drivkrafta for syntaktiske prosessar. Sjølv elimineringa av dei ikkje-tolkbare trekk skjer ved sjekking mot sine tolkbare motstykke. Nokre sjekkingar krev òg ei fysisk flytting av det leksikalske elementet som trekket sit på. På overflata er sjekkinga ein prosess der det ikkje-tolkbare trekket blir ”sjekka bort” av sin motpart, eit resultat av samankoplinga av to element. Ei mogeleg løysing på korleis dette går føre seg meir teknisk, er foreslått i operasjonen *Agree*, noko vi kan kalle samstemming på norsk.

Operasjonen samstemming sjekkar trekk via *c*-kommando<sup>13</sup> og baserer seg på eit forhold mellom ein sonde (*probe*) og eit mål (*goal*). Sonden er ei kjerne med det ikkje-tolkbare trekket, medan målet er eit element med det tilsvarande tolkbare trekket (Hornstein et al. 2005: 317). For å eliminere sitt ikkje-tolkbare trekk, søker sonden i sitt *c*-kommandodomene (*c*-domene) etter eit passende mål, og når målet er identifisert, kan det ikkje-tolkbare


---

<sup>13</sup>”En nod  $\alpha$  *c*-kommenderar sin systemnod  $\beta$  och alla de noder som  $\beta$  dominerar” (Platzack 2010: 57).

trekket eliminerast. Det blir med andre ord oppretta ei forbinding mellom sonden og målet som gjer det mogeleg å eliminere det ikkje-tolkbare trekket. For at eit element skal kunne være tilgjengeleg som mål, blir det stilt to krav: For det fyrste må det ikkje vere andre potensielle mål med dei relevante trekka mellom sonden og målet, og målet sjølv må ha eit ikkje-tolkbart trekk [-K] for å være aktivt og synlig for den syntaktiske operasjonen (Hornstein et al. 2005: 317-318). Eit sjekka trekk blir heller ikkje eliminert i den forstand at det forsvinn frå heile det syntaktiske systemet. Termen eliminering viser heller til at trekket blir usynleg for grensesnittet og får passere, medan trekket framleis er tilgjengeleg for morfologien (Hornstein et al. 2005: 298).

Forholdet mellom sonden og målet er basert på ein hierarkisk struktur, og den mest vanlege hypotesen er at sonden er i ein c-kommando-posisjon til målet<sup>14</sup>. Operasjonen samstemming kan då definerast på følgjande måte: Ein tar utgangspunkt i eit ikkje-tolkbart trekk [-F], som blir kalla sonden. Sonden søker i sitt c-domene etter eit mål med det tilhøyrande, tolkbare trekket [F]. Idet sonden finn målet med trekket [F], blir [-F] på sonden eliminert (Platzack 2010: 67). Ein bieffekt av forbindinga som blir oppretta mellom sonden og målet, er at eventuelle ikkje-tolkbare trekk i målet sekundært kan eliminerast ved ei samstemming med eit tolkbart trekk i sonden (Platzack 2010: 69). Dette blir skildra som ei omvendt samstemming. Det ikkje-tolkbare trekket på målet er, i utgangspunktet, ikkje i den nødvendige c-kommando-posisjonen, men kan på grunn av den allereie oppretta forbindinga med ein sonde høgare opp, få sjekka bort sitt trekk ved ei samstemming som går ”feil veg”.

Figur 2 viser korleis ein reknar med at samstemminga mellom sonde og mål går føre seg, noko som er markert med pilene.



Figur 2: Samstemming

<sup>14</sup> Sjø Zeijlstra (2012) for ei alternativ tilnærming.

Fyrst av alt reknar ein med at ordklassemarkørar, som til dømes *v*, er syntaks-interne trekk som forklarar korleis forskjellige morfem får si ordklasse. Trekk som finst i markørane, er ikkje-tolkbare og må derfor samstemmast med ei leksikalsk rot. Ein ser då føre seg at dei leksikalske røtene i leksikonet er berarar av tolkbare trekk for alle ordklasser, men at berre det trekket som kan eliminere det ikkje-tolkbare trekket på markøren, blir gjeldande i syntaksen (Platzack 2010: 63-64). Markøren *v* i figur 2 har eit ikkje-tolkbart trekk [-Ak] (aksjon) som signaliserer verbale eigenskapar. For å eliminere dette blir markøren spleisa og samstemt med rota *skriv*, og ein endar opp med verbet *skrive*. Rotmorfemet flyttar i denne prosessen til ordklassemarkøren og blir kopla saman med eit eventuelt tilhøyrande suffiks (Platzack 2010: 64-66). Verbmarkøren som forma verbet *skrive*, har i tillegg til [-Ak] to andre trekk: eit tidstrekk [ $\tau$ ] og eit [- $\phi$ ]-trekk<sup>15</sup>. [ $\tau$ ] er ei markering av at aksjonen i verbet kan definerast i tid og er dermed tolkbart.  $\phi$ -trekket, som representerer eigenskapar knytt til substantiv, er derimot ikkje tolkbart, noko som motiverer spleising med ein DP (Platzack 2010: 65-66). [- $\phi$ ] på verbet er i dette tilfellet sonden som søkjer i sitt c-domene etter eit tilsvarande, tolkbart trekk. Dette finn sonden i DPen *brev*, som blir målet for samstemminga. [- $\phi$ ] blir no eliminert og gyldig ved grensesnitt. I dette tilfellet har vi òg eit døme på ei omvendt samstemming: Fordi forbindinga til *v* allereie er oppretta, er det mogeleg for [- $\tau$ ] på DPen<sup>16</sup> å få si tolking frå [ $\tau$ ] på verbet.

Figur 2 demonstrerer slik den leksikalistiske tankegangen på to måtar. For det fyrste viser den at alle element vi plukkar frå leksikonet, er sette saman av ei samling trekk som representerer eigenskapar elementet har eller har behov for å bli kopla saman med. Det er òg mogeleg at dei leksikalske elementa som er nytta her, har fleire trekk knytte til seg utan at det har fått plass i denne framstillinga. For det andre viser figuren korleis ein reknar med at strukturen tar form: Fyrst blir rota spleisa saman med verbmarkøren, noko som gir opphav til ein vP-frase, og denne blir deretter spleisa saman med ein DP. Slik fortset bygginga, element for element, til eit fullstendig uttrykk er ferdig. Ein reknar då med at konstruksjonen skjer syklisk nedanfrå og opp, og strukturen i figur 2 vil bli bygd ut med i det minste ei T-frase og ei C-frase (Platzack 2010: 82, 132-133) Også desse vil vere motiverte av trekk som søkjer tolking, og slik må leksikonet og universalgrammatikken vere utstyrte med trekk som dekkjer alle semantiske, fonologiske og syntaktiske nyansar.

---

<sup>15</sup> I tilfelle kor fleire trekk naturleg høyrer saman, kan dei samanfatast i ein trekkbunt. Til dømes blir eigenskapane person, numerus og genus samla i trekkbunten  $\phi$  (fi) (Platzack 2010: 65).

<sup>16</sup> Grunnen til å tru at DPen *brev* i det heile har eit tidstrekk er at brevskrivninga er avgrensa til den tida det tar før brevet er ferdigskrive (Platzack 2010: 68).

Også flyttingar er knytte til krava frå grensesnitt, og særigne ikkje-tolkbare trekk krev flytting av målelementet for å kunne bli eliminert. Trekk det er snakk om, er EPP og kanttrekk (edge features). Begge desse er knytte til ikkje-tolkbare trekk og krev at samstemminga mellom dette og det tilhøyrande tolkbare trekket skjer synleg: I staden for ei enkel samstemming, dreg desse trekk til seg målelementet og tvingar det til å flytte til anten kjernen eller spesifikatorposisjonen i domenet som EPP eller kanttrekket høyrer til. Dette blir rekna som ein variant av spleis (Platzack 2010: 78-79). EPP-trekket krev både ei samstemming med og flytting av målet. Til dømes har T-kjernen eit [- $\phi$ ]-trekk, og dette er vidare markert med eit EPP-trekk. Samstemminga skjer med det næraste elementet som har det tolkbare trekket [ $\phi$ ], nemleg subjekts-DPen i  $\langle \text{spec}, \nu P \rangle$ , som deretter flyttar til  $\langle \text{spec}, \text{TP} \rangle$ . Koplinga mellom T og subjektet på denne måten er ein føresetnad for at setninga kan uttrykke ein proposisjon (Platzack 2010: 79). Kantdraget, som finst i CP-domenet, framtvingar også flytting, men krev ikkje samstemming mellom seg og målelementet (Platzack 2010: 97). Elimineringa av kanttrekket skjer ved at eitt eller anna element med semantisk og/eller fonologisk form flyttar til  $\langle \text{spec}, \text{CP} \rangle$ . I GB-teorien var det slik at flyttingar av leksikalske element etterlèt eit spor i sin opphavlege posisjon, noko MP går bort frå. Dei økonomiske prinsippa tillet ikkje at ein legg til nye "element" i løpet av derivasjonen, slik som spor, og MP introduserer i staden ein kopioperasjon i samband med flyttingane (Boeckx 2006: 105-106). Kopiane blir ikkje uttalte, men dannar ei kjede der alle funksjonar til elementet er bevarte (Platzack 2010: 79).

Hypotesen om EPP og kanttrekk er enno eit døme på korleis syntaksen er styrt av eigenskapar i leksikalske element i den leksikalistiske tilnærminga til MP. Desse er rekna som to eigne, ikkje-tolkbare trekk, som òg må eliminerast for å få passere LF og PF. Måten å gjere dette på er å flytte målelementet opp til domenet som EPP eller kanttrekket høyrer til, og dette viser korleis også syntaktiske flyttingar er motiverte av trekk. Desse trekk er òg særleg knytte til det sensorisk-motoriske systemet, då flyttingane er avgjerande for å få den språklege forma som uttrykket skal ha ved realiseringspunktet (Platzack 2010: 78). I tillegg blir flyttingane ein del av strukturbygginga i den leksikalistiske tilnærminga, til skilnad frå den tidlegare GB-teorien. I GB rekna ein med dei to strukturelle nivåa djupstruktur og overflatestruktur. Også her nytta ein dei leksikalske elementa til å bygge struktur. Djupstrukturen var eit nivå *før* flyttingar hadde skjedd, men var likevel ein fullstendig representasjon av setninga med spesifiserte landingsplassar for flyttingane. På denne måten var flyttingar i GB strukturbevarande (Åfarli og Eide 2003: 37). I den leksikalistiske

minimalismen har flyttingar fått ein strukturbyggande funksjon. Ein reknar ikkje lenger med ferdigdefinerte landingsplassar, men heller at strukturen tar form steg for steg, og trekk som EPP og at kanttrekk motiverer flyttingane som er naudsynte.

### **3.4. Problem med den leksikalistisk orienterte minimalismen**

Den leksikalistiske tilnærminga til minimalismen tar altså utgangspunkt i at informasjon om mogelege projeksjonar ligg i det leksikalske elementet sjølv, og at sjekking av trekk er drivkrafta i syntaktiske operasjonar. Med dette er det mogeleg å gjere greie for fleire lingvistiske fenomen, men er dette eigentleg den mest adekvate tilnærminga til språk? Eg vil i dette underkapittelet presentere nokre svake punkt ved den leksikalistiske tilnærminga, noko som omfattar både økonomiske og empiriske problem. Deretter vil eg presentere ei alternativ tilnærming som foreslår at dei syntaktiske strukturane blir genererte uavhengig av dei leksikalske elementa, og at leksikalske element blir sette inn i desse strukturane seinare i derivasjonen.

Fyrst møter den leksikalistiske tilnærminga utfordringar knytte til det økonomiske, noko som er slående med tanke på at dei økonomiske prinsippa er del av sjølve kjernen i MP. Problema er fyrst og fremst knytte til dei ikkje-tolkbare trekk. For det fyrste, kvifor skulle eit økonomisk og perfekt strukturert språkssystem ha trekk utan verdi? Motivasjonen bak dei tolkbare trekk verkar god: Dei representerer semantiske, fonologiske og i nokre tilfelle syntaktiske eigenskapar som ein morsmålsbrukar av språket vil kjenne att ut frå det enkeltstående ordet eller frasa. Oppdaginga av ikkje-tolkbare trekk er skildra som eit stort gjennombrot i MP (Kitahara 2006: 8), men det er mindre klart kva som eigentleg motiverer og legitimerer desse. I følge Hornstein et al. er eksistensen til ikkje-tolkbare trekk eit mysterium i MP: "in the best of possible worlds, they shouldn't exist, period" (2005: 193). Den svake motivasjonen bak eksistensen til ikkje-tolkbare trekk blir ikkje betre kombinert med flyttingar. Dersom ikkje-tolkbare trekk eksisterer, må dei eliminerast før grensesnitta, og flytting er ein mekanisme som medverkar i denne prosessen, jf. EPP og kanttrekk. Men medan Hornstein et al. (2005: 193) legitimerer syntaktiske flyttingar som nett ein mekanisme for å eliminere ikkje-tolkbare trekk, skriv Kitahara (2006: 8) at ikkje-tolkbare trekk er til stades som ein optimal måte å realisere flyttingar på. Spørsmålet ein står att med, blir då om flyttingane eksisterer for å eliminere ikkje-tolkbare trekk eller om ikkje-tolkbare trekk eksisterer for å realisere flyttingar? Dette usikre tilhøvet mellom flytting og ikkje-tolkbare

trekk fortonar seg raskt som ei sirkelforklaring og kjem i konflikt med det økonomiske idealet i minimalismen.

Vidare finn ein eit økonomisk svakt punkt for den leksikalistiske tilnærminga ved samstemmingsprosessen. Eitt av krava var her at også målet måtte ha eit ikkje-tolkbart trekk [-K], sidan berre aktive trekk er synlege for syntaktiske operasjonar. I dømet med *skrive brev* ovanfor (figur 2) har målelementet *brev* det ikkje-tolkbare trekket [-τ], og kan slik vere deltakar i samstemminga. Her er altså kravet oppfylt, og samstemminga kan skje. Likevel finst det svakheiter ved forklaringa: Til dømes er [-τ] på DPen *brev* avhengig av eit slik spesialtilfelle som omvendt samstemming for å bli eliminert. Kva skjer dersom ei slik forbinding ikkje blir oppretta? Ein kan òg sjå føre seg tilfelle der målelementet ikkje har eit ikkje-tolkbart trekk som [-τ]. Alle element som skal vere mål i ei samstemming må likevel ha eitt eller anna ikkje-tolkbart trekk [-K] for at det skal vere aktivt. Hedde Zeijlstra (2012) stiller seg kritisk til dette kravet, for kva skal eit trekk som [-K] samstemmast mot? Elimineringa kan skje nok ein gong mot eit tilsvarande [K] på sonden via omvendt samstemming, men i tillegg til avhengigheita av ei slik forbinding kan ein her spørje kva eigenskap eit trekk som [K] skal representere? Tilsynelatande eksisterer det aktive trekket [-K] berre for å oppfylle kravet om at deltakarar i ein syntaktisk operasjon må vere aktive og eit eventuelt trekk [K] berre for å sjekke bort [-K]. Ei anna forklaring er at [-K] er *sui generis*, som tyder at trekket manglar motpart, men blir eliminert heilt enkelt ved å ta del i ei vanleg samstemming. Også denne forklaringa er svak, fordi det er vanskeleg å forklare korleis ein skal kunne forstå eigenskapane til eit ikkje-tolkbart trekk, som [-K], dersom det ikkje finst ein tolkbar motpart til dette. Begge forklaringane verkar derfor stipulative og lite økonomiske (Zeijlstra 2012).

Den leksikalistisk orienterte tilnærminga møter også empiriske problem og då særleg tilfelle som viser kor fleksible dei leksikalske elementa eigentleg er. Tor Åfarli (2007) presenterer spesielt to døme på bruken av verb, som demonstrerer at forklaringskrafta til den leksikalistiske tilnærminga er svak. Det fyrste dømet handlar om leksikalsk kreativitet og korleis ord som i utgangspunktet manglar det semantiske innhaldet til å projisere verbale strukturar, likevel opptrer som verb med tilhøyrande argumentstruktur (Åfarli 2007: 6). Ei eksempelsetning er vist i (1):

(1) "Naver" seg til skolefri<sup>17</sup>

---

<sup>17</sup> Ordet "å nave" tyder å drive dank på statens rekning og vart kåra til årets nyord i 2012. Eksempelet er ei overskrift frå NRKs distriktsnyheiter på nett (Gregersen 2012).

I (1) er propriet NAV nytta som verb i ein reflexiv konstruksjon. (Dømesetninga har riktig nok ei diskursellipse der subjektet er utelate, noko som heng saman med at den er nytta som avisoverskrift, men ein kan òg sjå føre seg setninga *Elever naver seg til skolefri.*) Om ein skal følge den leksikalistiske modellen, må all informasjon om mogelege syntaktiske projeksjonar ligge i det leksikalske elementet sjølv, noko som i dette tilfellet må innebere at NAV i tillegg til å vere laga i leksikonet som proprium, må vere oppført som verb med intransitiv argumentstruktur. Etersom alle proprium kan nyttast på denne måten, må det bety at alle desse er lista med ein slik dobbel spesifikasjon, og slik blir forklaringskrafta til ibuande argumentstrukturar redusert (Åfarli 2007: 7).

Det neste dømet handlar om verbets fleksibilitet. Her er det snakk om ord vi kjenner som verb, men som kan opptre med fleire forskjellige argumentstrukturar, også strukturar som ikkje nødvendigvis harmonerer med det konseptuelle innhaldet vi forbind med verbet (Åfarli 2007: 8). Ta til dømes verbet *å snorke*. Dette er eit verb vi vanlegvis karakteriserer som intransitivt, og som gir opphav til ein struktur som i (2):

(2) *Per snorkar.*

Gitt den leksikalistiske tilnærminga må verbet *snorke* vere laga i leksikonet med ein intransitiv merkelapp slik at når verbet blir teke inn i syntaksen, projiserer det nett ein slik struktur. Dersom syntaktisk struktur er leksikalsk driven, skulle dette strengt tatt også vere den einaste strukturen dette verbet kunne fungere i (Åfarli 2007: 9). Men den leksikalske fleksibiliteten tillet også at *snorke* kan nyttast med andre argumentstrukturar:

(3) *Per snorkar ein pop-melodi.*

(4) *Per snorkar henne ei kjærleiksvise.*

(5) *Per snorka henne ut av senga.*

(6) *Per snorka henne ristingar i øyregangane.*

Setningane (3) – (6) viser at verbet *snorke* kan opptre med fire forskjellige argumentstrukturar i tillegg til den intransitive<sup>18</sup>, der alle skal vere lett forståelege for ein språkbrukar med norsk som morsmål. Dersom det er slik at all frasestrukturell informasjon ligg inherent i verbet i leksikonet, oppstår eit forklaringsproblem med slike tilfelle: Har eitt og same verb fem ulike valalternativ for frasestruktur registrerte i leksikonet, eller har vi laga fem variantar av det

---

<sup>18</sup> Som eg vil kome tilbake til under, hevdar Åfarli (2007) at desse fem mogelegheitene for verbet dannar fem faste rammer som alle norske setningar skal kunne analyserast i.

tilsynelatande same verbet, *snorke*, kvar med sin unike frasestruktur (Åfarli 2007)? Både dømet med leksikalsk kreativitet og dernest med leksikalsk fleksibilitet viser empiriske døme som den leksikalistiske minimalismen har problem med å svare på utan å bryte med det økonomiske idealet.

### 3.5. Den ny-konstruksjonistiske rammeanalysen

Hypotesen om strukturbyggande eigenskapar i dei leksikalske elementa strekk altså ikkje til når det dreiar seg om empiriske tilfelle av leksikalsk kreativitet og fleksibilitet. Men dersom det ikkje er slike leksikalske eigenskapar strukturane projiserer frå, kva er det då? Sjå fyrst på eksempelsetningane i (7) – (9).

- (7) *Marit sparka ein ball.*
- (8) *Marit sparka eit dårleg spark.*
- (9) *Marit sparka ein tjuvaktig medarbeidar.*

Dei tre døma har eit klart ulikt semantisk innhald: I (7) er det ein konkret gjenstand som blir sparka, i (8) skildrar setninga kvaliteten på sparket, medan (9) nyttar *sparka* i overført tyding for det å seie opp ein medarbeidar. Eitt særdrag har setningane likevel til felles: Dei har alle den same transitive strukturen. Desse setningane har altså éin syntaktisk relasjon, trass temmeleg forskjellige semantiske relasjonar, noko som er uventa dersom det skal vere relasjonar i dei leksikalske elementa som dikterer strukturen.

Ei alternativ løysing er å tillegge sjølve strukturane dei formelle eigenskapane som i leksikalismen blir tillagde dei leksikalske elementa. Denne tilnærminga høyrer til ein tradisjon kalla ny-konstruksjonisme og blir formulert av Hagit Borer på denne måten:

[...] an approach which shifts the computational load away from the lexical entry to the syntactic structure, subscribing to the view that an independent lexicon includes a minimal amount of structural information, and that it is structural constraints which determine traditionally lexical properties such as syntactic category type and argument structure [...]. (Sisert i Åfarli 2007: 3)

Den syntaktiske strukturen er med dette ikkje lenger eit produkt av samspelet mellom eigenskapar eller trekk ved leksikalske element, men eksisterer uavhengig av desse og utgjer heller eit rammeverk som dei leksikalske elementa blir sette inn i. Borer nyttar termen *listem* til å skildre leksikalske element som er lista opp i eit leksikon (Borer 2005: 3). Desse har eit konseptuelt innhald, men er utan reint lingvistiske eigenskapar. Det konseptuelle innhaldet i




listema kan vidare variere mellom personar, yrkesgrupper, generasjonar osv. Til dømes vil truleg ordet *generere* gi andre konnotasjonar for ein lingvist enn for ein elektriskar. Det konseptuelle innhaldet i enkeltord dannar derfor eit svakt grunnlag for språkssystemet som heilskap, medan syntaktiske rammor er eit meir stabilt utgangspunkt på tvers av konseptuelt innhald. Ei syntaktisk ramme er noko meir abstrakt enn dei vanlege syntaktiske strukturane. Rammene kan skildrast som eit grunnleggande og stabilt templat eller mønster for utforminga av syntaktiske strukturar og utgjer på denne måten ei slags ryggrad for bestemte grupper av setningar (Åfarli 2007). Skiljet mellom listem og struktur eller mellom leksikon og syntaks blir med dette tydeleg: Struktur og innhaldsord eksisterer uavhengig av kvarandre, og strukturane er rigide, medan listema er fleksible.

Det grammatiske samspelet mellom listem og struktur har alltid vore eit viktig spørsmål i den generative tradisjonen. Med den leksikalistiske retninga innan MP får leksikalske element tildelt formelle eigenskapar som dikterer korleis syntaksen skal ta form, men i ny-konstruksjonismen er strukturane eller rammene sjølve det primære. Den grunnleggande syntaktiske representasjonen er ei strukturell ramme eller eit templat som leksema sekundært blir sette inn i. Dei leksikalske elementa dikterer på denne måten ikkje strukturen, men modifierer han etter innsetjing (Borer 2005: 3, 14). Dette synet på forholdet mellom syntaks og leksikon er kalla *separasjonisme*, og går ut på at genereringa av strukturen og innsetjing av leksem er to separate prosessar. I følgje Marantz er separasjonismen også den beste tilnærminga til argumentstruktur vi har i dag: "[Discussion] have shifted [...] away from verb classes and verb-centered argument structures to the detailed analysis of the way that structure is used to convey meaning in languages" (under utgiving: 2). I likskap med Åfarli (2007) blir denne konklusjonen dregen på grunnlag av to observasjonar: tilfelle der syntaktisk struktur overstyrer krav frå individuelle listem, jf. leksikalsk kreativitet, samt korleis fleksibiliteten til verb utfordrar forsøk på ei bestemt argumentstruktur-klassifisering av desse. Om vi går tilbake til setningane i (7) – (9), er dette døme der den same transitive ramma er nytta, men der innsetjinga av ord er forskjellig. Årsaka til dei ulike semantiske tydingane er at innhaldsorda modifierer strukturen etter innsetjinga og gir uttrykket ei utvida, og ofte meir konkret semantisk tyding.

### 3.5.1. Fem rammer i norsk


I ny-konstruksjonismen reknar ein med at dei syntaktiske rammene er ein del av universalgrammatikken og ikkje språkspesifikke (Borer 2005: 14-15). Dette betyr likevel ikkje at alle språk nyttar dei same rammene. Åfarli (2007) foreslår at berre nokre få rammer er tilgjengelege for kvart språk, og for norsk er dette talet fem. Tre av rammene er illustrerte i figur 3, med leksikalske element alt innsette.



Figur 3: Syntaktiske rammer i norsk, del I

I desse rammene er det ein nær samanheng mellom syntaktisk og semantisk struktur: Rammene svarar til setningar med intransitive, transitive og ditransitive verb. Dei to fyrste rammene er truleg universelle for alle språk, medan berre nokre språk nyttar den ditransitive konstruksjonen (Åfarli 2007). I den fyrste setninga, a) *Marit grublar*, skildrar ramma eit tilhøve mellom ein predikasjonsoperator (Pr), eit subjekt (DP) og eit verbal (V). Samankoplinga av desse skaper proposisjonen som svarar til setninga i PrP. Motivasjonen for ein predikasjonsoperator vil eg kome nærare tilbake til i 3.5.3. Dei to andre setningane i figur 3 er strukturerte på same måte og utvida med argumentposisjonar for direkte og indirekte objekt.

I tillegg til rammene i figur 3 har norsk to rammer der det direkte objektet i b) og c) oveanfor er erstatta av ein ny predikasjonsstruktur, altså ei småsetning. Desse er framstilte i figur 4.



Figur 4: Syntaktiske rammer i norsk, del II

Åfarlis hypotese blir dermed at alle norske setningar kan analyserast som eit tilfelle av ei av desse fem rammene (2007).

Når det gjeld framstillinga av rammene, er det verdt å merke seg to utelatingar. Fyrst og fremst reknar ein med at rammene inngår i ein større funksjonell struktur (i det minste TP og CP), sjølv om dette ikkje kjem fram i trestrukturane ovanfor. Vidare gjeld rammene utelukkande tilhøvet mellom verb og argument i eit uttrykk. Andre ledd, som til dømes preposisjonsfrasar, kan leggst til ramma ved adjungering, men er irrelevante i handsaminga av det grunnleggande tilhøvet mellom rammer og argumentstrukturar som blir lagt fram her (Åfarli 2007: 6). Ein kan likevel ikkje sjå bort frå at også desse er påverka av forholdet mellom syntaktisk struktur og semantisk innhald. Til dømes kan ein rekne med at også slike mindre frasar har eit indre rammeverk. Sidan dette blir eit for omfattande spørsmål å ta opp i denne oppgåva, let eg det stå ope til seinare undersøkingar.

### 3.5.2. Korleis handterer rammeanalysen problema i den leksikalistiske tilnærminga?

Den separasjonistiske tilnærminga vil løyse dei tidlegare drøfta problema på ein meir elegant måte enn den leksikalistiske. Eventuelle trekk spelar ikkje ei like avgjerande rolle i rammeanalysen og er heller ikkje naudsynte for den syntaktiske ramma. Med ein sjølvstendig generert struktur er det dermed mogeleg å unngå problema som var knytte til ikkje-tolkbare

trekk og eit synleggjerande [K]-trekk. Særleg dei empiriske problema kan løysast på ein enklare måte ved å nytte rammer som den grunnleggande, syntaktiske einskapen. Ved at ramma blir generert uavhengig av dei leksikalske elementa, endar ein opp med ein mal for setninga, der opne plassar gir rom for innsetjing av listem. Ein reknar då med at dette strukturelle rammeverket har kanoniske plassar reserverte til dømes for verbal og argument i setninga. På denne måten kan ein gjere greie for den leksikalske kreativiteten utan å tillegge verbet mengder av informasjon om mogelege strukturar: Listemet som blir sett inn på verbplassen, vil få tildelt rolla som verb som konsekvens av innsetjinga, uavhengig av kva konseptuelle og strukturelle eigenskapar vi tradisjonelt forbind med det aktuelle listemet. I (1) er til dømes propriet *NAV* sett inn på verbets plass i ei intransitiv ramme og tar følgjeleg rolla som verbal med den tilhøyrande argumentstrukturen. Dersom ein vidare går ut frå at eit språk har eit avgrensa tal rammer tilgjengeleg, og at leksikalske element i seg sjølve ikkje rår over strukturbygging, skulle det ikkje vere noko i vege for å nytte det same verbet i alle desse rammene. Som vist i døma (2) – (6) kan verbet *snorke* nyttast i alle dei fem rammene i norsk. Det blir sett inn i og brukt i rammer med forskjellig oppbygde argumentstrukturar, noko som forklarar denne variasjonen utan å legge omfattande informasjon til det enkelte verbet sjølv.

Årsaka til at ikkje alle tilfella av leksikalske kreativitet og fleksibilitet høyrer like naturlege ut, handlar i hovudsak om grad av harmoni mellom den syntaktiske ramma og det semantiske innhaldet i det leksikalske elementet: ”The main factor is that harmony between syntactico-semantic frame type (as to canonical roles) and the verb’s semantic-conceptual content (as to implied participants) will be perceived as more ’natural’ than disharmony in that regard” (Åfarli 2007: 14). Ta til dømes setningane *Per snorkar henne ei kjærleiksvise* (døme (4) over) og *Per sender henne eit kjærleiksbrev*. Begge setningane har den same syntaktiske strukturen, nemleg den ditransitive ramma, med ein argumentstruktur som signaliserer ein transaksjonssemantikk. På grunn av vår kunnskap om verda, finn vi den same transaksjonssemantikken i verbet *sende*: Det handlar om å overføre noko frå ein deltakar til ein annan. Dette er ikkje tilfelle med verbet *snorke*, sidan vi vanlegvis vil nytte dette i ein intransitiv samanheng. På grunn av det konseptuelle innhaldet vil derfor *sende* verke meir naturleg i denne ditransitive ramma enn *snorke*. Med andre ord harmonerer det semantiske innhaldet i *sende* meir med den ditransitive, syntaktiske ramma enn kva som er tilfelle med *snorke*. Vår kunnskap om verda vil òg påverke kva listem vi *vanlegvis* fyller dei syntaktiske rammene med (Marantz under utgiving). I ein kommunikasjonssituasjon vil språkbrukaren truleg velje dei listema som harmonerer med den syntaktiske ramma i størst grad, då dette vil


verke meir naturleg. Men kva vi oppfattar som argument i eit bestemt uttrykk, er likevel avgjort av den syntaktiske ramma og ikkje innhaldet i listema sjølve (Åfarli 2007: 14).

### 3.5.3. Rammenes natur

Den separasjonistiske tilnærminga set altså opp eit skilje mellom leksikalske element og grammatiske strukturar, der strukturane blir danna fyrst og listema deretter blir sette inn. Det neste spørsmålet vil dreie seg om opphavet til rammene. Dersom strukturane ikkje projiserer ut frå leksikalske element, kvar kjem dei frå då? Sjølv om ny-konstruksjonismen ikkje tar omsyn til konseptuell semantikk i leksikalske element i strukturbygginga, vil det ikkje seie at strukturane sjølve er tomme for meining. Som diskutert over ligg det til dømes ein transaksjonssemantikk i den ditransitive ramma, og naturen til rammene er nettopp ein slik avgrensa semantikk i sjølve strukturen, uavhengig av eventuelle leksikalske innsetjingar. I dette delkapittelet vil eg undersøke kva det er som motiverer syntaktiske rammer, og korleis ein reknar med at den syntaktiske derivasjonen no går føre seg.

Denis Bouchard (1995) presenterer ei tilnærming til semantikk som blir nyttig i samband med strukturbygginga i den ny-konstruktivistiske rammeanalysen. I følgje Bouchard er dei fleste lingvistiske teoriar baserte på feil semantikk, nemleg global semantikk: "They are GLOBAL approaches to semantics, in that they, to a large extent, incorporate information that is part of the background knowledge shared by speakers" (1995: 3). Desse tilnærmingane blir raskt for konkrete fordi dei forsøker å fange alle semantiske nyansar i ein lingvistisk representasjon, ikkje berre dei strukturelle. Bouchard presenterer i staden ein selektiv semantikk som den rette for lingvistikken, ein meir abstrakt strukturell eller grammatikkrelevant semantikk reinska for overflødig bakgrunnskunnskap. I eit uttrykk må ein derfor skilje mellom referansane til situasjonen som uttrykket er nytta i, altså bakgrunnskunnskapen som deltakarane deler, og sjølve meininga i uttrykket, den abstrakte strukturelle tydinga. For Bouchard har ikkje det situasjonsavhengige noko med grammatikken å gjere, ettersom det er representasjonar av bakgrunnskunnskap heller enn representasjonar av meining (1995: 5-6).

Skiljelina for autonomien i grammatikken blir altså ikkje dregen skarpt mellom semantikk og syntaks, men heller mellom to typar semantikk. Bouchard (1995: 17) presenterer den følgjande figuren for inndeling av semantikk:



**Figur 5: Bouchards semantikkinnndeling**

Situasjonssemantikken (S-semantikk) viser til vår konseptuelle kunnskap om verda. Dette er bakgrunnskunnskap utan direkte relevans for den lingvistiske analysen. Dei to andre er dei lingvistisk relevante nivåa. Den lingvistiske semantikken handlar om logiske eller formelle slutningar, men fordi dette ikkje har tyding for dei syntaktiske strukturane, vil eg ikkje gå nærare inn på dette. Av størst interesse i samband med dei syntaktiske rammene er den grammatiske semantikken (G-semantikk). Dette er den lingvistisk relevante semantikken med innverknad på syntaktisk form, og Bouchard seier at grammatikkens autonomi ”lies in the distinct formal properties of G-semantics, properties which *directly determine* formal properties of the syntax” (1995: 17, mi utheving). G-semantikken er dei grunnleggande meinigane som ligg i eit lingvistisk uttrykk uavhengig av den konseptuelle informasjonen som er knytt til dei leksikalske elementa.

La oss med dette gå tilbake til den ditransitive ramma og verba *sende* og *snorke*. Verbet *sende* er det vi kan kalle eit transaksjonsverb, sidan det konseptuelt ligg eit overføringsinnhald i dette ordet. Eit slikt konseptuelt innhald ligg ikkje naturleg i verbet *snorke*, men likevel er det mogeleg å nytte også dette med ein ditransitiv argumentstruktur. Ei forklaring på dette er at transaksjonssemantikken er del av den grammatiske semantikken som ligg i sjølve det syntaktiske rammeverket, og at verbet *snorke* får tilført ein slik transaksjonssemantikk ved å bli sett inn i nett denne syntaktiske ramma. Den selektive semantikken som Bouchard fremmar, handlar derfor om G-semantikk: Han meiner at lingvistisk forskning bør konsentrere seg om G-semantikk og reinske grammatikken for konseptuell bakgrunnskunnskap. Grammatisk studium vil likevel, sekundært, gå inn i eit samspel med S-semantikk, ettersom situasjonsinformasjon bidreg til ei utfylling eller beriking av dei syntaktiske strukturane (Nygård 2013: 122).

Projiseringa av dei syntaktiske rammene har dermed eit semantisk grunnlag, nærare bestemt eit G-semantisk grunnlag. I si ph.d.-avhandling argumenterer Mari Nygård for eit G-semantisk meiningsinnhald i kvart nivå i den syntaktiske ramma, noko som motiverer og

legitimerer dei formelle kategoriane. Nygård foreslår i samband med dette ei todeling av leksikonet: eit lingvistisk leksikon og eit ensyklopedisk (2013: 152). I det ensyklopediske leksikonet finn ein dei tradisjonelle leksikalske elementa, medan det lingvistiske leksikonet består av abstrakte G-semantiske einingar. Genereringa av rammene skjer med ein strukturbyggande mekanisme som spleis, som har tilgang til det lingvistiske leksikonet, og einingane blir spleisa saman i ein binær struktur. Det G-semantiske innhaldet er samansett av operatorar som er kjernar i eigne frasestrukturprojeksjonar (Nygård 2013: 150ff.) Ein operator fungerer på den måten at den tar eit bestemt element og produserer ein verdi, eller transformerer det til noko anna. Eksempelvis tar negasjonsoperatoren ein proposisjon og skaper ein negert proposisjon. For å avdekke kva dei syntaktiske rammene består av, må ein derfor finne fram til det G-semantiske meningsinnhaldet i kvar av operatorane.

Før eg går vidare, vil eg også legge fram nokre strukturelle spesifikasjonar på dei syntaktiske rammene. I dei leksikalistiske modellane er det restriksjonar i det leksikalske elementet sjølv som regulerer spleis, jf. *bare phrase structure*. Slike avgrensingar er ikkje lenger aktuelt i den ny-konstruksjonistiske rammeanalysen, sidan ein her reknar med at leksikalske element ikkje deltek i oppbygginga av den syntaktiske strukturen. I staden har den menneskelege språkevna eit sett strukturar som er moglege å bygge, eksempelvis dei fem rammene Åfarli (2007) presenterer for norsk, og desse avgrensar den overordna prosedyren. X'-teoretiske prinsipp blir på ny aktuelle og legg dei strukturelle restriksjonane på utforminga av frasane som ramma består av. X'-skjemaet fungerer på denne måten som ein slags internalisert manual for strukturbygging (Nygård: 2013: 152). I strukturen som blir bygd opp, vil vidare kvar node ha ein open plass til leksikalsk innsetjing, noko som kan skje anten via direkte innsetjing eller flytting (Nygård 2013: 154). Også nodar som har ein funksjonell kategori, eller ein G-semantisk operator, har rom for leksikalsk innsetjing. Dette kjem av skiljet mellom leksikalske og funksjonelle kategoriar som er vanleg å anta i generativ teori: Nodar med eit leksikalsk element er rekna som okkuperte og stengde for vidare leksikalsk innsetjing, medan dei funksjonelle kategoriane opnar for at også eit leksikalsk element kan ta plass i same noden. Følgjeleg kan leksikalsk innsetjing skje både i nodar med funksjonelle kategoriar eller operatorar, og i heilt opne nodar (Nygård 2013: 155). Teiknet  $\square$  markerer posisjonar som er tilgjengelege for innsetjing.

Det er vanleg å rekne med fire bestemte projeksjonar i alle setningar: CP, TP, vP og VP (Nygård 2013: 160). Desse fire kan i så måte utgjere utgangspunktet for alle setningar, uavhengig av kva for ei ramme (til dømes av dei fem for norsk) ein skal bygge. I følgje


Kitahara (1997) må alle projeksjonar ha anten ein fonologisk, semantisk eller teoriintern motivasjon. Etersom det er ønskjeleg å unngå teoriintern argumentasjon, er dei to fyrste motivasjonane dei føretrekte (Nygård 2013: 161). Den teoriinternt motiverte vP blir derfor erstatta av projeksjonen PrP i Nygård si analyse og representerer ein semantisk motivert predikasjonsoperator. Dette vil eg kome nærare tilbake til nedanfor. Projeksjonane ein ventar å finne i alle syntaktiske rammer blir då CP, TP, PrP og VP, og det er desse fire som treng ein G-semantisk motivasjon. Eg vil i det følgjande gi ein kortfatta presentasjon av motivasjonen for desse fire domena. Dette er ei svært summarisk framstilling for å få skissert dei overordna tankane bak strukturane. Ein grundigare presentasjon er å finne i Nygård (2013).

Det G-semantiske innhaldet i dei syntaktiske rammene utgjer fire operatorar som projiserer til kvart sitt syntaktiske nivå: ein språkhandlingsoperator i C, ein tempusoperator i T, ein predikasjonsoperator i Pr og eit protoverb i V (Nygård 2013: 192). Motivasjonen for eit C-domene, både i over- og undersetningar, er kjent som ein modal operator som uttrykker om setninga er deklarativ, imperativ eller interrogativ. Dette er tre grunnleggande setningstypar som finst i alle språk og korresponderer med dei grunnleggande språkhandlingane fortelje, kommandere og spørje. Desse språkhandlingane er grammatikaliserte via ein språkhandlingsoperator i C og utgjer det G-semantiske grunnlaget for CP-nivået. TP-projeksjonen er på si side motivert av ein tempusoperator. Alle verb kan ha tempus, noko som i utgangspunktet skulle opne for fleire tempusbøygde verb i same setning. Då dette likevel ikkje er tilfelle, går ein ut frå at tempus er generert i ein eigen projeksjon utanfor V-domenet. Tempusoperatoren er kopla til ein proposisjon og bidreg til å gi denne ein tidsreferanse. I norsk kan tempus ta to konkrete morfologiske former: presens eller preteritum. Proposisjonen som T-projeksjonen koplar seg til, blir danna av ein predikasjonsoperator i eit eige Pr-domene. Det er vanleg å rekne med at den funksjonelle projeksjonen vP er generert i posisjonen mellom TP og VP, men sidan denne har ein teoriintern motivasjon, er han føreslått erstatta av den semantisk motiverte projeksjonen PrP (Nygård 2013: 174). Argumentet for dette baserer seg på ein idé presentert av Bowers (1993). Tilfelle av ikkje-verbale småsetningar viser nemleg at eit predikat kan bestå av andre leksikalske kategoriar enn VP. Dette tilseier at det må vere noko utanfor det leksikalske elementet som skaper predikatet og handsamar tilhøvet mellom dette og subjektet i ein predikasjon. I følge Bowers (1993) må dette vere ein predikasjonsoperator som tar ein kategori XP og skaper eit predikat. Operatoren gir vidare opphav til projeksjonen PrP. Fordelane med ei slik analyse er at ein får ein felles analyse for alle setningstypar, samtidig som at denne operatoren har ein G-



semantisk motivasjon. Når det gjeld V-domenet, foreslår Nygård (2013) at dette består av eit abstrakt protoverb i V og protoroller i dei tilhøyrande argumentposisjonane. Det G-semantiske innhaldet i V-noden signaliserer noko protoverbalt og knytter saman dei aktuelle argumenta. På tilsvarende måte finn ein protoroller i argumentposisjonane. Både protoverbet og protorollene er abstrakte og lite spesifiserte for å unngå for smale kategoriseringar. Dei er vidare avhengige av leksikalsk innsetjing for å ta meir konkrete roller. På denne måten har også V-domenet eit G-semantisk utgangspunkt, og innsetjing av leksikalske element, til dømes eit hovudverb, tilfører den syntaktiske strukturen eit konseptuelt innhald.

Nygård (2013) endar opp med denne grunnstrukturen for syntaktiske rammer (figur 6). Dei fire domena som alle setningar består av, CP, TP, PrP og VP, er motiverte av G-semantiske operatorar i kjerneposisjonane og har rom for innsetjing av leksikalske element. Dette er ei framstilling av det eg over har omtala som syntaktiske rammer. I den syntaktiske derivasjonen vil spleis fyrst kople saman G-semantiske element frå det lingvistiske leksikonet vårt og bygge eit rammeverk som dette. Deretter vil leksikalske element frå det ensyklopediske leksikonet bli sette inn og på den måten tilføre strukturen eit konseptuelt og S-semantisk innhald. Framstillinga i figur 6 viser altså projeksjonane som finst i alle dei syntaktiske rammene, og i tillegg vil strukturen innehalde posisjonar for argument, alt etter kva ramme som blir nytta, jf. dei fem som Åfarli (2007) foreslår for norsk.



Figur 6: Den syntaktiske ramma

### 3.6. Oppsummering

I dette kapitlet har eg presentert to tilnærmingar til MP i generativ grammatikk. Den dominerande tilnærminga er ei leksikalistisk orientert retning og skildrar semantiske, fonologiske og syntaktiske eigenskapar som trekk ved leksikalske element i leksikonet. Samspelet mellom tolkbare og ikkje-tolkbare trekk blir nytta for å gjere greie for syntaktiske derivasjonar. Forklaringskrafta til ei slik tilnærming blir likevel svekka i møtet med språkdata der leksikalske element er nytta kreativt eller fleksibelt. Som ei alternativ tilnærming har eg presentert den ny-konstruksjonistiske rammeanalysen. I denne tilnærminga reknar ein med at formelle, grammatiske eigenskapar er knytte til sjølvstendig genererte, syntaktiske strukturar, skilde frå dei leksikalske innhaldsorda. Rammeanalysen handterer vidare leksikalsk kreativitet og fleksibilitet på ein meir elegant måte enn den leksikalistiske. Eg argumenterer følgjeleg for at rammeanalysen er den mest adekvate framstillinga av den internaliserte språkkompetansen. Dette er også tilnærminga eg vil nytte når eg no skal undersøke kva implikasjonar generativ grammatikk kan ha for språknormering.

## Kapittel 4: Syntaks og språknormering

---

I dette kapittelet vil eg undersøke korleis generativ, syntaktisk teori kan danne eit prinsipielt grunnlag for språknormering. Tilnærminga eg nyttar, er rammeanalysen<sup>19</sup>, som eg argumenterte for i førre kapittel. Eg vil derfor byrje kapittelet med å presentere dei teoretiske implikasjonane som rammeanalysen har for normeringsspørsmålet. For å konkretisere konsekvensane som teorien vil ha for normering, vil eg seinare i kapittelet diskutere døme og vurderingar frå innstillinga til ny nynorsk rettskriving frå 2011. Som ei forlenging av feltet, diskuterer eg òg kort nokre konsekvensar teorien har for språkopplæring, ettersom dette er ein sentral arena kor språkbrukaren møter normene.

Eit viktig spørsmål som står att etter dei to førre kapitla, er kva konsekvensar den generative rammeanalysen kan ha for (norsk) språknormering. I følgje Einar Haugen (1968) er det fare for at realistiske reglar kjem i skuggen av tradisjon, fordommar og uvitskap når språket skal normerast. Realistiske reglar knyter han til forskning og moderne lingvistikk, noko som blir støtta av Åfarli (2012a: 315): ”Slik eg ser det, må [realistiske reglar] i det minste vere reglar som byggjer på vitenskapleg kunnskap om språk og språkstruktur”. Som det kom fram av kapittel 3, er det eitt namn og éi retning som peikar seg ut innan moderne lingvistikk, nemleg Noam Chomsky og generativ grammatikk, nærare bestemt minimalismeprogrammet (MP). I den generative grammatikken er internalisert språkkompetanse (i-språk) eit nøkkelomgrep. Ein reknar med at alle menneske blir fødde med ein biologisk forankra språkkompetanse, og at språkbrukaren, via språkleg stimuli, utviklar solid, intuitiv kunnskap om språket. Dette er dei internaliserte språknormene. For å sikre realistiske reglar i normeringa bør derfor dei fastsette normene spegle nett denne internaliserte kompetansen.

Den generative tilnærminga eg nyttar som sagt er, som sagt, rammeanalysen. Sjølv om den mest dominerande retninga innan MP er leksikalsk driven, argumenterte eg i førre kapittel for at den generative rammeanalysen er ei meir adekvat tilnærming til språkstruktur. Eg konsentrerer meg derfor om denne modellen i det følgjande. Dei teoretiske føringane som rammeanalysen gir for normering, står vidare midt mellom andre omsyn som språkplanlegging og språknormering må ta omsyn til, som politiske, historiske og kulturelle tilhøve. Møtet mellom ei rammebasert språknormering og slike spørsmål vil derfor også vere aktuelt i dette kapittelet.

---

<sup>19</sup> Med denne forkorta termen meiner eg heretter meir spesifikt den ny-konstruksjonistiske rammeanalysen.

#### 4.1. Syntaksteorien møter språknormering

Det er vanleg å rekne språknormeringa som leksikografiens domene. Fastsette normer blir kodifiserte i ordbøker, som inneheld reglar for staving og bøyning av ord. For syntaks og setningsbygging finst det derimot ikkje tilsvarende reglar (Åfarli 2012a: 315, Faarlund 2005: 196). Normering er med andre ord konsentrert om rettskriving, medan syntaks i utgangspunktet ikkje blir normert. Faarlund meiner vidare at i-språket er for komplekst til at det er mogeleg å setje reglar for syntaksen, fordi dette inneheld normer som brukaren nyttar intuitivt (2005: 198-199). Men innsikt i det syntaktiske systemet kan likevel vere avgjerande for å gi realistiske reglar i normeringa. Generativ teori legg stor vekt på grensesnittet mellom leksikon og syntaks og kva status ulike språklege byggesteinar har i høve til kvarandre. I følgje Åfarli gir denne typen innsikt derfor ”viktige føringar for korleis ein bør drive språknormering, [...] ikkje først og fremst når det gjeld syntaks og setningsbygging, men nettopp når det gjeld det tradisjonelle domenet til språknormeringa, nemleg ortografien og bøyinga til enkeltorda” (2012a: 315-316). Denne utsegna tar eg med meg vidare, og eg vil i det følgjande undersøke korleis det grammatiske systemet kan ha følgjer for normering, også når det gjeld ortografi og morfologi.

Dei to variantane av MP som eg presenterte i førre kapittel, vil gi forskjellige grunnlag og rettesnorer for normeringsspørsmål. Den leksikalistiske og mest dominerande tilnærminga baserer si analyse på abstrakte trekk som er knytte til morfem i vårt mentale leksikon. Eit morfem er her samansett av eit knippe trekk som representerer semantiske, fonologiske eller syntaktiske eigenskapar ved det. Dette er informasjon som er spesifisert allereie i leksikonet, noko som vitnar om eit særleg nært forhold mellom leksikon og syntaks. Den leksikalistiske tilnærminga opererer såleis med eit ukjent tal trekk, som er sidestilte i leksikonet uavhengig av om dei representerer eigenskapar knytte til innhald, grammatikk (til dømes bøyning) eller uttrykk. Utgangspunktet som Chomsky (1995: 195) eksplisitt fremmar, er ”to take [a lexical element]  $\alpha$  to have inflectional features in the lexicon as an intrinsic property”. Dersom dei ulike typane trekk, som er rekna som dei grunnleggande byggesteinane for språket, er sidestilte i leksikonet, finst det liten grunn for å skilje mellom leksikalske og grammatiske eigenskapar i normering: Normering av røter og stammar vil derfor vere prinsipielt sidestilt med normering av bøyning. Etersom kvar stamme har ei unik samansetjing av ulike trekk, kan ein i ytste konsekvens førestille seg ei normering av enkeltord for enkeltord, alt etter kva trekkssamansetjing desse har i leksikonet. Ei slik sidestilling av trekk i morfemet gjer det altså vanskeleg å legge konkrete føringar for normeringa.

Som førre kapittel viser, reknar eg den syntaktiske rammeanalysen for å vere den mest adekvate framstillinga av menneskets kognitive språkkompetanse, og det er følgjeleg også denne modellen normeringa bør baserast på. Denne tilnærminga opererer med eit prinsipielt skilje mellom syntaktisk rammeverk og leksikalske innhaldsord, det som vart kalla separasjonisme. Av diskusjonen i førre kapittel kom det òg fram at ulike element i språket har ulik ”karakter” etter denne delinga, fordi det syntaktiske rammeverket er temmeleg stabilt og rigid<sup>20</sup>, medan leksema er fleksible av natur (jf. leksikalsk kreativitet og fleksibilitet). Dette skiljet vil også ha konsekvensar for normeringa. Internaliserte normer knytte til rammene er vanskelege å påverke, sidan dei er så stabile og robuste som dei er. Rammeverket av *fastsette* normer bør følgjeleg spegle dette ved å vere fast og trøgt. Leksikalske element vil krevje ei anna tilnærming i normeringa enn dei syntaktiske rammene. Desse er fleksible på den måten at dei kan nyttast og vekslast ut på ulike måtar for å skape språkleg og stilistisk variasjon. Fleksibiliteten har også gjort det mogeleg at ordtilfanget i eit språk kan inkludere ei rekkje lånord. Fastsette normer for leksema bør følgjeleg vere liberale for å ikkje avgrense denne uttrykksfridomen. Føringane som rammeanalysen legg for normering, vil altså vere ei fast normering når det gjeld det syntaktiske rammeverket og ei fleksibel normering av leksem.

For at ei slik normering skal vere mogeleg å gjennomføre, må ein kartlegge kva språklege element som høyrer til den syntaktiske ramma og ikkje. Dette er noko eg vil utforske i det følgjande. Ei komplett og detaljert utgreiing av alle komponentar i det syntaktiske rammeverket vil vere utanfor rekkevidda til denne oppgåva å gjennomføre. Eg vil derfor konsentrere meg om dei overordna kategoriane og let detaljundersøkingar vere opp til seinare forskning. Data frå språkkontaktfenomenet kodeveksling er særleg nyttig for å skilje leksema frå element som knyter seg til rammeverket. Kodeveksling vil eg derfor presentere nærare her.

## 4.2. Kodeveksling og den syntaktiske rammemodellen

Kodeveksling (KV) skildrar situasjonar der ein språkbrukar vekslar mellom to eller fleire språkvarietetar innanfor den same samtalen. Carol Myers-Scotton definerer KV på denne måten: ”Codeswitching [...] is the selection by bilinguals or multilinguals of forms from an embedded variety (or varieties) in utterances of a matrix variety during the same

---

<sup>20</sup> Ved langvarig språkkontakt eller ved syntaktisk attrisjon kan rammene likevel la seg påverke (sjå til dømes Åfarli, Grimstad og Subbarao 2013).

conversation” (1993: 3). Definisjonen skildrar eit asymmetrisk forhold mellom språka som er involverte i ein kodevekslingssituasjon. Matrisespråket (*Matrix Language*, ML) er vertsspråket og den dominerande varieteteten i kodevekslinga, og eitt eller fleire innføyde språk (*Embedded Language*, EL) opptreer som gjestespråk. Som ein parallell til rammeanalysen, fungerer forholdet mellom dei involverte språka slik at matrisespråket danner fundamentet for setninga, medan gjestespråket er ei mogleg kjelde for innlån av leksikalske element. For formålet med denne oppgåva er det kodeveksling av enkeltord<sup>21</sup> som er av størst interesse, då dette inneber ei veksling mellom dei aktuelle språka innanfor ei og same setning. I samband med kodeveksling av enkeltord er det òg viktig å skilje mellom etablerte lånord og spontane lån (*nonce borrowing*). Dei etablerte lånorda har truleg kome inn i språket som spontane lån i byrjinga, men har blitt så frekvente at dei no kan reknast som del av leksikonet til matrisespråket og opptreer på lik line med andre leksem i ML. Dei spontane låna er derfor mest interessante for kodevekslinga, sidan desse blir henta direkte frå gjestespråket utan vidare tilknytning til matrisespråket (Myers-Scotton 1993: 16). Det er følgjeleg nett dei spontane innlåna som demonstrerer samspelet mellom syntaks og leksikon ved kontakt mellom to forskjellige språk.

Myers-Scotton foreslår ein modell for analysen av KV, *The Matrix Language-Frame Model* (MLFM), som baserer seg på følgjande hypotese: ”The ML sets the morphosyntactic frame for ML + EL constituents” (Myers-Scotton 1993: 7). Etter MLFM er morfesyntaktisk ramme og leksikalske innhaldsord to ulike delar av eit samla lingvistisk uttrykk, og genereringa skjer på to forskjellige stadium: ”frame-building precedes content morpheme insertion” (Myers-Scotton 1993: 83). MLFM let seg vidare realisere som to testbare hypotesar, nemleg morfemordningsprinsippet (*The Morpheme Order Principle*) og systemmorfemprinsippet (*The System Morpheme Principle*). Morfemordningsprinsippet seier at morfemrekkefølgja i uttrykket må følgje matrisespråket, medan systemmorfemprinsippet slår fast at også alle relevante systemmorfem må høyre til matrisespråket (Myers-Scotton 1993: 7). Begge prinsippa kviler nemleg på to interagerande hierarki. Det fyrste er tilhøvet mellom ML og EL, som eg allereie har vore inne på, der ML har ei dominerande rolle i kodevekslinga. Dette viser seg ved at både morfemrekkefølgja og spesielle morfem, systemmorfema, er låste til matrisespråket. Det andre hierarkiet set eit skilje mellom systemmorfem og innhaldsmorfem. Kva status eit morfem har i dette hierarkiet, vil avgjere

---

<sup>21</sup> Kodeveksling kan òg skje mellom setningar.

korleis det kan opptre i KV, då alle systemmorfem må kome frå matrisespråket, medan innhaldsmorfema er friare og kan hentast både frå matrisespråket sjølv eller ulike gjestespråk.

MLFM baserer seg altså, mellom anna, på eit prinsipielt skilje mellom systemmorfem og innhaldsmorfem. Myers-Scotton gjer ei fininndeling av systemmorfema og kva kvalitetar som skildrar desse. Eg vil ikkje gå djupt inn på dette her, men reknar bøyingsaffiks og andre grammatiske funksjonsord til systemmorfema og leksikalske stammar til innhaldsmorfema (sjå også Åfarli 2012b: 249). (10) demonstrerer dette skiljet med empiriske døme frå kodeveksling mellom amerikanorsk<sup>22</sup> og engelsk. Amerikanorsk er matrisespråket, medan leksikalske stammar er lånte frå engelsk, og vi kan rekne med at desse genuint er spontane KV-former (Åfarli 2012a). Alle døma er Haugen sine (1953), men er gjevne att i og henta frå Åfarli (2012a).

(10) *kåledsjen* – “*the college*”

*åfisen* – “*the office*”

*æntiar* – “*aunts*”

*klosa* – “*closed*”

*hunta* – “*hunted*”

*enterteine* – “*entertain [inf]*”


Så *klosa di åpp kjistå* – then *they closed up the casket*

...der *dæi hadde åfisen sin* – ...where they had *their office*

I alle døma er engelske ordstammar nytta, men legg merke til at desse har fått norsk bøyning. Systemmorfema, altså bøyingsaffiksa i døma, høyrer til matrisespråket norsk, medan innhaldsorda er plukka frå gjestespråket engelsk. Dei to siste døma i (10) viser at også morfemordninga tilhøyrer matrisespråket. Dette kjem særleg tydeleg fram i ei samanlikning med den engelske omsetjinga, der dei aktuelle morfema har ei noko annleis ordning. Korleis ein reknar med at kodevekslinga går føre seg, er framstilt i figur 7.

---

<sup>22</sup> Amerikanorsk er ”språket som vart (og blir) snakka av norske innvandrarak til USA og etterkomarane deira”, og er grunnleggjande sett å rekne som ein varietet av norsk (Åfarli 2012a: 316).



Figur 7: Kodeveksling

Figur 7 viser frasa *åfisen sin* frå det siste dømet i (10), og her blir det engelske leksemet *office* sett inn i ei norsk ramme. Både morfemrekkefølge og systemmorfem (her: pronomenet *sin* og bøyingsaffiks for singular, bunden form) høyrer til matrisespråket, og det innlånte elementet har ikkje ein grammatisk bagasje. Med andre ord demonstrerer figur 7 det prinsipielle skiljet mellom systemet og innhaldet i eit lingvistisk uttrykk. Liknande undersøkingar av kodeveksling med andre språk er presenterte i til dømes Myers-Scotton (1993) og Kamwangamalu (1997). Også desse viser at systemmorfem og morfemordninga følgjer matrisespråket.

Myers-Scottons analyse er svært lik den ny-konstruksjonistiske tanken om uavhengig generering av syntaktiske rammer og sein innsetjing av leksikalske element. MLFM er likevel ikkje uproblematisk og kan med fordel avløysast av nettopp den syntaktiske rammemodellen (Åfarli, Grimstad og Subbarao 2013). Eit fyrste problem med MLFM er at den verken er generativ eller ein nullteori. At modellen ikkje er generativ, vil seie at Myers-Scotton ikkje tar utgangspunkt i UG eller i-språk. MLFM er i staden spesialdesigna til å handtere kontaktfenomen som KV. Med andre ord er modellen ingen nullteori, ettersom ein nullteori er venta å handtere monolinguale så vel som bilinguale data. Vidare er ikkje dei to prinsippa som modellen kviler på, verkelege prinsipp, men observasjonar av regularitetar (Åfarli et al. 2013). For begge desse punkta gir rammemodellen ei betre løysing. Rammemodellen er i utgangspunktet motivert på bakgrunn av nettopp monolinguale data og kan i tillegg gjere greie for bilinguale tilfelle som KV ved å vise til det robuste rammeverket og dei fleksible innhaldsorda (som kan lånast spontant frå kva leksikon som helst). Rammemodellen er heller ikkje avhengig av dei to prinsippa om morfemordning og systemmorfem. Morfemordningsprinsippet blir her heilt overflødig: "morpheme order [...] is determined by the independently generated frame of the matrix language. Thus, morpheme order is given



once the matrix language is fixed, and there is no need for a ‘Morpheme Order Principle’” (Åfarli et al. 2013: 15). Det vil heller ikkje vere naudsynt å rekne med eit eige systemmorfemprinsipp. Skiljet mellom systemmorfem og innhaldsmorfem er framleis aktuelt i rammemodellen, men i dette tilfellet reknar ein systemmorfema som ein del av det grammatiske rammeverket og unngår på denne måten slike tilleggsprinsipp. Den ikkje-generative MLF-modellen bør derfor reformulerast som ein generativ, ny-konstruksjonistisk rammemodell. Dette vil gi ein nullteori som skildrar all språkproduksjon i form av to trinn: Fyrst genererer matrisenspråket rammeverket, inkludert morfemrekkefølge og systemmorfem, og deretter kan dei leksikalske innhaldsorda plukkast frå fleire leksikon, det vere seg matrisenspråket sjølv etter eit gjestespråk<sup>23</sup>.

#### 4.3. Systemet er essensen i språket

Den grammatiske rammemodellen inneber altså ei todeling av språkssystemet: ei syntaktisk ramme med systemmorfem inst og deretter innsetjingar av innhaldsmorfem. Data frå kodeveksling, som til dømes vist i (10) ovanfor, demonstrerer korleis systemmorfema er nært knytte til den syntaktiske ramma, og kan seiast å vere ei ”synleggjering” eller ”avspegling” av det syntaktiske rammeverket. I praksis kan derfor syntaktisk ramme og systemmorfem saman reknast som ryggrada eller systemet i eit språk. Leksikalske innhaldsmorfem oppfører seg derimot på ein heilt annan måte. Desse blir sette inn i strukturen på eit seinare stadium og har langt friare tyglar i samband med innsetjinga. Ut frå dette reknar Åfarli med at det er det syntaktiske rammeverket, systemet, som er språkets *essens*, medan dei leksikalske stammene vil drive fritt inn og ut av språket:

Det er med andre ord eit prinsipielt skilje mellom bøyingsmorfem og andre grammatiske morfem på den eine sida og dei leksikalske stammene og røtene på den andre sida, der dei første utgjer eit fast og robust inventar som er nært knytta til den grammatiske identiteten til det gitte språket, medan dei andre er fleksible og variable og vandrar ut og inn av ulike språk temmeleg fritt. (Åfarli 2012a: 326)

Åfarli omtalar i sitatet bøyingsmorfema og det grammatiske rammeverket som språkets *identitet*, ettersom det er nett her ein finn det robuste, og ikkje minst stabile, ved eit språk. Fridomen dei leksikalske orda har, gjer desse mindre eigna til å vere tilsvarande kjenneteikn.

---

<sup>23</sup> Åfarli et al. (2013) foreslår at prosessen eigentleg har tre stadium: fyrst generering av abstrakt syntaktisk ramme (jf. kap. 3), deretter tidleg innsetjing av systemmorfem og til slutt innsetjing av innhaldsmorfem. Motivasjonen for ei slik analyse er det indiske kontaktspråket dakkhini, som har komponentar både frå telugu og hindi/urdu. I dakkhini har nemleg språkkontakt gått føre seg over så lang tid at også systemmorfema har blitt påverka av det opphavleg innføyde språket.

Eit ordtilfang vil alltid vere sett saman av stammar som historisk er henta frå ulike språk og deretter blitt domestiserte, og dagleg nyttar språkbrukarar òg ordstammar frå andre språk, som kodevekslinga viser (Åfarli 2012a).

Det er altså systemmorfema som utgjer essensen i eit språk, og i dette systemet ligg ein viktig distinksjon mellom *systemstruktur* og *systemuttrykk*. Systemstruktur skildrar dei abstrakte strukturelle eigenskapane ved systemet, nemleg sjølvve rammestrukturen og underliggande eigenskapar som til dømes tempus og kasus. Det strukturelle knyter seg slik til parameterinnstillingar i i-språket. Systemuttrykket, på den andre sida, skildrar korleis slike strukturelle eigenskapar faktisk blir realiserte i språket, dvs. kjem til uttrykk som konkrete fonetisk realiserte morfem. Eit godt døme på dette skiljet kan vere tempus. I norsk er dette ein grammatisk kategori som blir morfologisk uttrykt, typisk ved eit affiks på verbet, og kan ta form som eit presensaffiks eller eit preteritumsaffiks. Andre språk synleggjer tempus ved ein eigen tempuspartikkel, medan atter andre ikkje har syntaktisk uttrykt tempus i det heile (Åfarli og Eide 2003: 155-156). Dette er skilnadar knytte til systemstrukturen. Språk som har dei same tempuselementa, som norsk og svensk, har såleis lik systemstruktur, men realiseringa, eller systemuttrykket, som desse har, kan variere. Til dømes uttrykker norsk [preteritum] typisk med *-a/-te/-de*, medan svensk typisk har *-ade*.

Ulike realiseringar av personlege pronomer mellom norske dialektar kan òg demonstrere forskjellen mellom systemstruktur og systemuttrykk. Figur 8<sup>24</sup> viser at norsk har ein einskapleg systemstruktur for kasus på personlege pronomer: Subjektet er uttrykt i nominativ, og det direkte objektet har akkusativ kasus. Systemuttrykket er likevel forskjellig, sidan realiseringa av dei personlege pronomena varierer mellom dialektane.

---

<b>Systemstruktur</b>	<b>Systemuttrykk</b>
[SU-NOM] – [DO-AKK]	Eg – meg
	Jei – mei
	Æ – mæ
	E – me
	Ej – mej

---

Figur 8: Systemstruktur og systemuttrykk ved personlege pronomer i norske dialektar

<sup>24</sup> Figuren er forenklande, då han er meint eksemplifiserande og ikkje utfyllande. Under systemstruktur har eg til dømes sett bort frå indirekte objekt, og dei presenterte systemuttrykka er berre eit utval av fleire moglege.

Oppsummerande er det altså systemet som er essensen eller identiteten i språket, medan dei leksikalske innhaldsorda ikkje kan knytast til ein slik identitet. Meir presist kan systemet delast i systemstruktur og systemuttrykk. I systemstrukturen ligg då strukturelle eigenskapar, medan systemuttrykket er ei avspegling eller realisering av desse.

#### **4.4. Normative spørsmål i lys av rammemodellen**

I samband med språknormering vil det prinsipielle skiljet mellom system og innhald også vere avgjerande. Som eg allereie har poengtert, bør fastsette språknormer i størst mogeleg grad spegle dei internaliserte språknormene. Empiriske døme frå kodeveksling viser vidare at jo nærare noko er ramma, jo vanskelegare er det å endre. Dette kom tydeleg fram i (10) der ordrekkefølge og bøyingsaffiksa var norske, sjølv om engelske stammer vart nytta. Det som høyrer til rammeverket, er altså naturleg strengt bunde i internaliserte normer, og det gir eit grunnlag for å meine at også fastsette normer for slike grammatiske kategoriar bør vere strengt bundne. På denne måten vil normeringa ta vare på nettopp det essensielle i språket og gi det ein robust identitet (Åfarli 2012a: 326). Dei leksikalske innhaldsorda kan ikkje knytast til ein robust identitet på den same måten, fordi dei både går fritt inn og ut av språket og også kan vere å finne i leksikonet til fleire språk. Dette er likevel ikkje ei svakheit ved innhaldsorda. Også dei leksikalske innhaldsorda demonstrerer korleis UG og i-språket fungerer, sidan nettopp vår internaliserte språkkompetanse mogeleggjjer denne fleksibiliteten. For ein språkbrukar betyr dette ein stor uttrykksfleksibilitet, ved at han har eit mangfald av former tilgjengeleg for å uttrykkje seg til dømes presist, kreativt eller fantasifullt. Om dette skriv Åfarli at vi kan ”sjonglere med leksem frå ulike språk/dialektar for ulike stilistiske formål” eller ”krydre språket med ord frå engelsk eller kva som helst anna språk” (2012a: 326). Fastsette normer for dei leksikalske innhaldsorda bør derfor, i motsetjing til systemet, vere utforma fleksibelt for å ta vare på denne uttrykksfridomen for språkbrukaren. Korleis dette kan kome til uttrykk i praksis, vil eg diskutere i samband med 2011-innstillinga i del 4.5.

Dei teoretiske implikasjonane frå rammeanalysen vil òg nyansere definisjonen av språk. Som diskutert i kapittel 2 er det vanleg å definere eit språk etter kriteria lingvistisk avstand (avstandsspråk) og/eller standardisert sjølvstende (utbyggingsspråk). Eit avstandsspråk skil seg reint språkleg frå andre språk, medan eit utbyggingsspråk i staden er kjenneteikna av å vere standardisert som skriftspråk i eit samfunn. Diskusjonen over viser no at det er systemet som utgjer identiteten i språket, i følgje den generative rammeanalysen.

Korleis kan dette påverke definisjonen av eit språk? Skilnadar i systemstruktur viser klare, strukturelle skilnadar mellom språk, noko som korresponderer med definisjonen av avstandsspråket. Systemuttrykk er også ein del av det språklege systemet, men viser til ulike realiseringar av den same systemstrukturen. Den lingvistiske avstanden mellom språk med lik systemstruktur, men ulike systemuttrykk, er altså ikkje like tydeleg som mellom språk med ulik systemstruktur. Standardisering av systemuttrykk vil dermed føre til at slike språk kan kategoriserast som utbyggingsspråk. På denne måten harmonerer dei to språkdefinisjonane godt med utleiingane frå rammeanalysen: Avstandsspråket må vise til skilnadar i systemstruktur, medan utbyggingsspråket skildrar ei standardisering av ulike systemuttrykk.

Eit nærliggande spørsmål, som òg vart lufta i kapittel 2, handlar om kva status dei norske skriftspråka har i ein slik samanheng. Sett utanfrå er det ein råkande overlapp i innhaldsorda til dei to skriftspråka. Med rammeanalysen kan ein likevel sjå bort frå innhaldsorda, og nytte systemskilnadar for å identifisere språk. Nynorsk og bokmål har vidare ein så godt som identisk systemstruktur<sup>25</sup> og kan følgjeleg ikkje definerast som avstandsspråk. Forskjellane mellom dei to skriftspråka viser seg likevel i systemuttrykket, og med ulike grammatiske uttrykk fastsette i sjølvstendige normalar, stiller dei seg under kategorien utbyggingsspråk. På denne måten må nynorsk og bokmål skildrast som to forskjellige språk, i tydinga to forskjellige utbyggingsspråk.

#### **4.4.1. To hovudfelt for normering**

For normeringa kan ein no sjå føre seg to hovudfelt: normering av grammatikk (systemmorfem) og normering av leksikalske stammar (innhaldsmorfem). Kunnskap om nett den internaliserte språkkompetansen bør vere det vitskaplege grunnlaget for normering av det syntaktiske rammeverket. Meir spesifikt har eg argumentert for rammeanalysen som den mest adekvate, generative tilnærminga til språkstruktur, og ei normering etter denne vil legge opp til ei stram norm for systemmorfema, som drøfta ovanfor.

For innhaldsorda legg rammeanalysen opp til ei friare normering i samsvar med den fleksibiliteten desse allereie har i dei internaliserte normene. Av praktiske årsaker i eit språksamfunn er det likevel ønskjeleg å avgrense fleksibiliteten noko: "Ei fullstendig

---

<sup>25</sup> Nokre mindre forskjellar i systemstruktur fins det riktig nok mellom nynorsk og bokmål, til dømes partisippkongruens i predikativ stilling, der nynorsk har [+kongr.] "Ulven er skoten", medan bokmål har [-kongr.] "Ulven er skutt". Desse skilnadane er likevel for marginale til at ein kan fremje avgjerande systemstrukturelskilnadar mellom språka.

valfriheit er prinsipielt umuleg, fordi skriftspråket no ein gong skal fungere i ein lesarfellesskap som er nøydd til å ha visse konvensjonar sams” (Vikør 2007: 208). Rammeanalysen seier ingenting om *korleis* fleksibiliteten i innhaldsmorfema kan eller bør avgrensast, så her vil det vere naturleg at andre språkvitskaplege fagfelt og ikkje-språklege omsyn får avgjere. Til dømes vil både språkhistorie, dialektgranskingar, pragmatikk, politikk og kultur ha mykje å seie for korleis det endelege skriftbiletet bør eller vil sjå ut.

Fleksibiliteten som ligg i innhaldsorda er også ein del av den internaliserte språkkompetansen. Utfordringa ved normering av innhaldsorda vil derfor vere å finne balansegangen mellom det å skape eit gjenkjenneleg skriftbiletet og det å bevare dei naturlege variasjonsmogelegheitene. Det grammatiske rammeverket er rett nok skildra som språkets identitet, men også *opningane* språkstrukturen gir for uttrykksfleksibilitet, er med på å karakterisere språkkompetansen som brukaren har. Å gi leksikalske element ei relativt fri normering vil opne for at språkbrukarane kan uttrykkje seg uhindra også i skriftspråket. Ein kan velje dei formene og nyansane som er mest i samsvar med eige talemål, noko som vil gjere skriftspråket meir brukarvennleg. Forskjellige språkbrukarar vil naturleg ha forskjellige behov eller ønskje når det gjeld språklege uttrykk, noko som også vil variere med livssituasjon eller sosial, regional eller kulturell tilhøyrse. Også ein slik individuell uttrykksfridom bør vere tilgjengeleg i dei fastsette normene.

#### **4.4.2.    Prosess og prinsipp i lys av rammemodellen**

Som det kom fram av kapittel 2, er normeringsprosessen og prinsippa som blir lagde til grunn, heilt sentrale punkt i ei drøfting av språkplanlegging og språknormering. Haugen sin firetragsmodell gir eit oversiktleg bilete av planleggingsprosessen, og Vikør si liste over språkplanleggingsprinsipp er utfyllande og lett handterleg. Eg vil no undersøke korleis desse vil sjå ut i lys av den generative rammeanalysen.

Haugen sin modell skildrar språkplanleggingsprosessen i fire trinn, frå utvalet av normgrunnlag til implementering i språksamfunnet. Frå eit generativt perspektiv er det mogeleg å gjere ei grovare inndeling av modellen, der dei to fyrste trinna, val av normgrunnlag og kodifisering, kan seiast å vere i-språkets domene, medan dei to siste, funksjonsutbygging og implementering i større grad knyter seg til e-språket. Ta fyrst valet av normgrunnlag. Som diskusjonen i kapittel 2 viste, vil den aller fyrste normeringa av eit skriftspråk nødvendigvis basere seg på eit tala språk, medan den seinare revideringa også kan

nytte det etablerte skriftspråket som grunnlag. I generativ grammatikk er i-språket den reelle språkkompetansen til språkbrukaren, og dette kjem primært til uttrykk gjennom tale. Dersom fastsette normer i skriftspråket skal baserast på dei internaliserte språknormene, noko eg har argumentert for at dei bør, er følgjeleg talespråket det naturlege grunnlaget for normeringa. Dette betyr ikkje at normeringa skal ta utgangspunkt i eitt bestemt talemål. I staden bør normeringa ta utgangspunkt i den i-språklege kompetansen som er felles for brukarane i samfunnet, og på den måten freiste å gjere skriftspråket til eit naturleg uttrykk på tvers av talespråkleg variasjon. Vidare er det slik at etter at eit skriftspråk er etablert, vil også dette fungere som eit sjølvstendig språksystem. Også skriftspråket bør då vere samansett slik at det speglar ein i-språkleg kompetanse med eit fast system og fleksible innhaldsord, og det kan derfor ikkje ta i seg alle detaljar frå talespråket. Ved seinare revideringar av norma kan det etablerte skriftspråket derfor sjølv tene som eit sekundært normgrunnlag, sidan formene som har festa seg i skriftspråket, gir ein verdifull peikepinn på kva som har blitt det mest naturlege skriftspråklege uttrykket. Skriftspråksnormeringa må derfor ta stilling til *både* tale og skrift, men med talespråket, det direkte uttrykket for den internaliserte språkkompetansen, som det primære grunnlaget.

Kodifiseringa av norma, som er det andre trinnet i normeringsprosessen, ligg òg under i-språkets domene. Som diskutert i kapittel 2, inneber kodifiseringa sjølv fastsetjinga eller standardiseringa av normene i skriftspråket. Dette er i hovudsak skildra som ei eingongshandling, men med rom for fortløpande og periodiske revisjonar. I kodifiseringa legg ein med andre ord fundamentet for skriftspråket. Ved å vere strengt når det handlar om systemet og relativt fritt ved innhaldet, vil skriftspråket vere fundert i den i-språklege kompetansen, gitt rammemodellen. Med dette kan ein vende tilbake til spørsmålet som vart stilt i kapittel 2, om korleis eit språk kunne ”finne si form”. I følgje Omdal og Vikør (2002) kunne nemleg ustabiliteten i dei norske skriftspråka tyde på at desse enno ikkje hadde funne forma. Mi forståing av språket si form er det å finne eit grunnleggande mønster eller system i språket som ein kan normere etter. Med rammeanalysen kan ein argumentere for at eit slikt mønster eller system ligg nettopp i det stabile rammeverket med eit fleksibelt innhald. Forma blir såleis lagd i dei fyrste to trinna av Haugen sin modell, eller under i-språkets domene. Ved å vere kodifisert på i-språkleg grunnlag vil skriftspråket sikre dei stabile, felles rammene mellom brukarane, samtidig som det legg opp til uttrykksfleksibilitet og individuell variasjon av leksikalske stammar.

Utbygging av språkets funksjon og implementering i språksamfunnet, høvesvis trinn tre og fire i Haugen sin modell, er i større grad knytte til e-språket. Dette gjeld særleg funksjonsutbygginga, som gjekk ut på å gjere språket i stand til å tilfredsstille krav frå samfunn og brukarar. Opptak av ny terminologi og utforming av stilistiske verkemiddel er viktige delar av denne prosessen, og det er her fastsetjinga av innhaldsmorfema hovudsakleg vil skje. I-språket legg rett nok opp til eit system med stor fleksibilitet for innhaldsmorfema, men seier ikkje korleis det faktisk skal kome til uttrykk. Terminologibehov, variantar i uttrykk og kulturell, regional eller stilistisk sjargong, fonetisk eller skriftleg, er alle knytte til det *uttrykte* språket, altså e-språket. Ei liberal normering av dei leksikalske stammene vil derfor tilby eit breitt spekter av former, som både dekkjer behovet for presis terminologi og samtidig gir brukarane variasjonsmogelegheiter og uttrykksfleksibilitet. Ein viktig komponent i utarbeidinga av funksjonen til språket er òg det å setje grensene for det. Dette vil eg kome nærare tilbake til i 4.4.3. Implementeringa, trinn fire, set språket i verk i samfunnet og bør skje i samsvar med resten av prosessen til no, nemleg med vekt på den robuste grammatikken og deretter ei utforsking av uttrykksmogelegheiter.

I planleggingsprosessen ligg det med dette ein viktig samanheng mellom dei to fyrste og dei to siste trinna i modellen: Korleis og på kva grunnlag noko er kodifisert, vil vere avgjerande for både funksjonen og implementeringa av språknormalen. Med andre ord vil i-språkets domene leggje føringane for det e-språklege domenet, på same måte som i-språket ligg bak e-språket i den internaliserte språkkompetansen. Som eg allereie har argumentert for, vil det derfor vere ein fordel for dei fastsette normene at dei speglar nett dei internaliserte normene, og i-språkleg kompetanse bør derfor vere nøkkelen til språkplanleggingsprosessen.

Eg går no over til Vikørs liste over språkplanleggingsprinsipp, og eg vil undersøke kva den generative rammeanalysen har å seie for valet mellom desse. Når det gjeld prinsippa som normeringa skal stø seg på, vil vektlegginga av desse vere avhengig av kvar i normeringsprosessen ein er. I kodifiseringa er det, som eg har argumentert for, den i-språklege kompetansen som primært bør ligge til grunn. På dette stadiet i normeringa er derfor dei interne språklege prinsippa, som vart presenterte i 2.4.1, mest interessante, medan ekstern påverknad bør skiljast ut. Skiljet som rammeanalysen set opp mellom systemmorfem og innhaldsmorfem vil vidare ha tyding for kva for prinsipp som er mest aktuelle. Systemet er temmeleg fast og stabilt av natur, noko som talar for at dette blir normert på tilsvarande måte. For systemmorfema, vil morfologisk eintydigheit, fastheit og stabilitet vere særleg sentrale prinsipp. Med det morfologiske eintydigheitsprinsippet skulle kvart morfem ha ein bestemt

funksjon og ei fast form i alle samanhengar (Vikør 2007: 154-155). Systemet bør vere eintydig på denne måten, for å halde rammeverket stabilt og einskapleg. Prinsippa om fastheit og stabilitet går vidare ut på at normalen skal vere trong og ikkje tillate fleire alternative former, og at han ikkje bør endrast når han fyrst er fastsett (Vikør 2007: 167).

I kodifiseringa av ei norm bør også grunnlaget for normeringa av innhaldsorda leggest, og etter rammeanalysen blir prinsippa om variasjon og nyanserikdom særleg sentrale. Med nyanserikdom meiner ein at språket bør omfatte så mange omgrepsmessige og stilistiske nyansar som råd. Prinsippet om variasjon tilseier vidare at synonym og ulike skrivemåtar for eit ord bør tillatast for å sikre både regional, sosial og stilistisk variasjon (Vikør 2007: 164). Rammeanalysen viser at innhaldsorda bør normerast etter nett slike prinsipp, fordi dei sikrar den leksikalske fleksibiliteten som finst i språkkompetansen.

Som diskutert ovanfor, er det i kodifiseringa at fundamentet i ei språknormering blir lagd. Prinsippa om morfologisk eintydigheit, fastheit og stabilitet for systemmorfem og variasjon og nyanserikdom for innhaldsmorfema, bør då vere grunnleggande for at normeringa i størst mogeleg grad skal spegle dei internaliserte normene. Ein skal likevel ikkje avskrive dei andre prinsippa i Vikør si oversikt. Dette var prinsipp som gjeldt forholdet mellom forskjellige språk, forholdet mellom språk og språkbrukar og generelle samfunnsideologiar. Slike prinsipp er fyrst aktuelle etter at grunnlaget er sett, og ein tek til med utbygginga av språkets funksjon. Særleg prinsippet om valfridom blir sentralt i samband med innhaldsorda, jf. 2.4.3, sidan dette tilseier at språkbrukarane bør få velje fritt dei formene som passar best for dei. I terminologiutviklinga, samt arbeidet med å avgjere kvar eventuelle grenser for variasjonen skal gå, vil både ideologiske, sosiale, mellomspråklege og andre internspråklege prinsipp også spele inn.

#### **4.4.3.    Fleksibilitet og grensesetjing**

Eg vil no diskutere nokre problem knytte til den leksikalske fleksibiliteten og det overlappende ordforrådet i nynorsk og bokmål. Fleksibiliteten i leksikalske innhaldsord gir, som nemnt, språkbrukaren stor språkleg fridom.



Denne analysen opnar for at ei rot kan lånast frå kva som helst leksikon (eller leksikonfragment) som språkbrukaren måtte ha kjennskap til, og den opnar også for at nye røter kan lagast spontant, slik at det t.d. oppstår nyord eller tulleord, eit fenomen som slett ikkje er ukjent i vanleg språkbruk. (Åfarli 2012b: 394)

Ein språkbrukar som til dømes kjenner til språka norsk, engelsk og tysk, har dermed moglegheit til å veksle mellom norske, engelske og tyske innhaldsmorfem i språket sitt, noko som også ofte skjer i form av kodevekslingar. Han eller ho kan òg vere kreativ med innhaldsmorfema og skape heilt nye ord. Dette er noko i-språkskompetansen gjer mogleg for språkbrukaren, men korleis skal språknormeringa handtere dette? Dersom ein skal normere i tråd med vitskap om i-språkskompetansen, vil den liberale haldninga til innhaldsord, som rammeanalysen legg opp til, naturleg føre til at fleire moglege og konkurrerande former blir tilgjengelege i eit språk. Innhaldsord kan skli inn og ut av språket, og opptre i mange ortografiske former (Åfarli 2012a: 327), og i praksis kan dette bety at grensene mellom ordforrådet i forskjellige språk vil bli mindre tydelege og til ei viss grad overlappende. For norsk vil dette ha særlege konsekvensar for tilhøvet mellom dei to målformene, då begge desse baserer seg på eit mangfald av nærliggande dialektar. Det er også utført eksperiment som viser at ord frå nynorsk og bokmål er sterkt assosierte med kvarandre i det mentale leksikonet, noko som kan tyde på at språkbrukarar med kompetanse i begge målformene plukkar ord frå eit felles mentalt leksikon (Vulchanova et al. 2012: 14). I ein normeringssituasjon må ein derfor ta stilling til kva konsekvensar ei slik overlapping vil ha, og i kor stor grad ein slik ordfellesskap er ønskjeleg i skriftspråket. Overlappinga av leksikalske ord vil i utgangspunktet gjelde for begge målformene, men ut frå det rådande makttilhøvet mellom nynorsk og bokmål er det ikkje kontroversielt å spå at ein slik fridom vil påverke målformene ulikt.

Sjølv med ein liberal leksikalsk fleksibilitet basert på rammemodellen, vil det vere rimeleg med nokre avgrensingar for den faktiske språknormalen. Dette kan ein gjerne samanlikne med behovet for trafikkreglar: Sjølv om dei fleste bilar har ein toppfart på mykje over hundre kilometer i timen, må vi på dei fleste norske vegar halde oss til ei grense på maks åtti, og sjølv om vegane er breie nok, køyrer vi på den høgre sida. Både bilane og vegane i seg sjølve gjer det altså mogleg å utnytte fart og breidde, men dersom det var fritt fram for alle køyrande, ville det blitt fullstendig kaos, og trafikken ville ikkje fungert for fellesskapet. På same måten er det med språket: Utan reglar vil det nok bli kaotisk her òg. For at skriftspråket skal fungere mellom brukarar, er det derfor ønskjeleg med felles reglar og avgrensingar. Det betyr at sjølv om det teoretiske utgangspunktet mogleggjer ein uavgrensa tilgang på

innhaldsord, er det ikkje dermed sagt at ein fastsett språknormal skal tillate all variasjon. Den *individuelle* innfallsvinkelen står sterkt i samband med den leksikalske uttrykksfleksibiliteten, men språket er òg *sosialt forankra* og gir uttrykk for ein sosial identitet gjennom tilhøyrse i eit språksamfunn. For at det skal fungere som eit felles uttrykk for ei samansett gruppe av brukarar, må sjølv eit fleksibelt skriftspråk ha grenser. Slike grenser er ikkje naturgitte, men kviler på eit sett uskrivne normer for praktisk språkbruk. Å teikne opp grensene for korleis eitt språk skil seg frå eit anna blir derfor ei særskild viktig i oppgåve i normeringa (Dyvik 2009: 111-112).

Ei fyrste, naturleg avgrensing kan vere å halde seg til former som faktisk finst i språksamfunnet. Ta til dømes ordparet *skule/skole*, som begge er tillatne former i nynorsk. I eit reint teoretisk perspektiv skulle det ikkje vere noko i vegen for at også forma *skåle* skulle vere eit fullgodt alternativ. Rammeanalysen legg som sagt opp til stor fridom i bruk og normering av nettopp slike innhaldsord, så kvifor skal då berre to skriftformer vere tillatne? Eit godt tankeeksperiment kan vere å sjå føre seg at all slik variasjon skulle vere gyldig. Ei fri utforming av innhaldsorda, som det ekstreme, teoretiske ytterpunktet opnar for, ville neppe ha fungert: Variasjonen ville ha blitt absurd, språket ville ha blitt uforståeleg. Det er derfor føremålstenleg og naudsynt at tillatne språkformer i det store og heile avgrensar seg til den ortografiske variasjonen som faktisk er akseptert i språksamfunnet.

For forholdet mellom nynorsk og bokmål blir oppgåva med grensesetjing spesielt aktuell. Dei to norske skriftspråka har stor overlapp i leksikonet, noko som er ein naturleg konsekvens av at begge baserer seg på eit språksamfunn med gjensidig forståelege dialektar. Eit viktig spørsmål blir då kor fleksible ein kan la innhaldsorda vere, utan at skriftspråka flyt over i kvarandre eller misser særpreget. Som diskutert under 4.4 ligg den avgjerande skilnaden mellom nynorsk og bokmål fyrst og fremst i det grammatiske rammeverket eller nærare bestemt i systemuttrykket. Følgjeleg kunne ein også karakterisere dei to skriftspråka som forskjellige utbyggingsspråk. Men er forskjellar i systemuttrykk nok til å halde dei to språka frå kvarandre, når store delar av systemstruktur og innhaldsmorfem er like? I dette spørsmålet vil naturleg nok også det historiske og politiske spele ei stor rolle for vurderinga.

#### **4.4.4. Oppsummering**

Den viktigaste konsekvensen av å basere språknormering på den generative rammeanalysen er at dei fastsette normene vil springe ut frå og spegle dei internaliserte normene i individet sin

språkkompetanse. Rammeanalysen set vidare opp eit prinsipielt skilje mellom system og innhald, der systemet viser til eit temmeleg robust og stabilt rammeverk, medan innhaldsorda er fleksible. Systemet må vidare delast i systemstruktur, som er abstrakte, strukturelle eigenskapar i det syntaktiske rammeverket og systemuttrykk, som viser til den konkrete realiseringa av systemet.

For normeringa vil dette bety at det som høyrer til systemet, bør få ei trong og fast norm, medan det mellom innhaldsorda bør tillata eit mangfald av valfrie former og ortografiske alternativ. Dette er dei teoretiske mogelegheitene rammeanalysen gir. I normeringa av eit skriftspråk er det likevel fleire omsyn å ta, og til dømes grensesetjing for den leksikalske fridomen blir viktig for at skriftspråket skal fungere i eit språksamfunn. I resten av denne oppgåva vil eg undersøke to empiriske felt der det teoretiske utgangspunktet vil bli utprøvd og vurdert i praksis: 2011-innstillinga for ny nynorsk rettskriving, samt språkopplæring i skulen. Av omsyn til omfanget på denne oppgåva, kan denne vurderinga sjølvsagt ikkje bli uttømmende. Det eg vil ta føre meg er nokre konkrete døme for å illustrere dei praktiske konsekvensane som følgjer av rammeanalysen.

#### **4.5. Ny rettskriving for det nynorske skriftmålet, 2012**

Den ferskaste reforma for norsk skriftspråk er den nye rettskrivinga for nynorsk, som vart gjeldande frå 1. august 2012. Denne førte med seg mellom anna ei forenkling av bøyingsverket og ei stryking av lite brukte former, men den viktigaste endringa med reforma var at skiljet mellom hovudformer og sideformer i nynorsk vart oppheva. I mange tilfelle betyr dette at valfridomen framleis er stor i nynorsk, men at alle gjeldande former no er jamstilte (*Ny rettskriving i nynorsk 2012* 2013). Innstillinga til denne rettskrivinga presenterer vurderingane og detaljane ved endringsforslaga, og dette er dokumentet eg vil ta føre meg vidare. Av dei mange forskjellige endringane som er lagde fram, tar eg her berre føre meg eit lite knippe av døme for å illustrere den problematikken eg diskuterer.

Nemnda som utarbeidde innstillinga, var sett saman av både fagfolk og representantar for ulike nynorske brukargrupper og arbeidde etter mandat frå Språkrådet. Dette mandatet legg vekt på at den nye norma skal vere tydeleg og stram, slik at ho skal vere stabil over tid og gjere det lettare å vere nynorskbrukar. Norma skal vidare også kunne appellere til brukarar over heile landet (2011-innstillinga: 27). Under arbeidet har nemnda òg hatt ein open dialog med nynorskbrukarar på forskjellige nivå, gjennom møte, nettforum og e-post. Både

samansetjinga av nemnda og at brukarar har høve til å gjere seg involverte, har gjort arbeidet til ein svært demokratisk prosess. Mandatet for rettskrivingsarbeidet peikar vidare ut eit tidlegare rettskrivingsarbeid, frå 2001-2003<sup>26</sup>, som det faglege hovudgrunnlaget. Dette arbeidet henta i si tid opplysingar frå mellom anna talemålsundersøkingar, kartleggingar av språkleg variasjon i både publiserte og ikkje-publiserte nynorske tekstar samt ei frekvensordbok for nynorsk. I tillegg til dette nyttar 2011-innstillinga eit omfattande, nynorsk tekstkorpus som utgangspunkt for sine vurderingar. Moderne lingvistisk teori er altså ikkje nemnt som fagleg grunnlag for rettskrivingsarbeidet, og spørsmålet blir no korleis endringsframlegga og mandatet kunne vore vurdert ut frå føringane som ligg i rammemodellen.

Endringsframlegga i 2011-innstillinga er delte inn i dei to bolkane lydverk og formverk, noko som i grove trekk kan svare til rammeanalysen sitt skilje mellom innhald og system. Under lydverket blir tema som vokalisme, konsonantisme, prefiks og suffiks og generell skrivemåte av ordstammar tekne opp. Dette er punkt som alle høyrer til utforminga av leksikalske stammar, altså innhaldsmorfema. Den andre bolken, formverket, går i hovudsak inn på bøyingsmønster for grupper av ord samt preposisjonar og personlege pronomen, og dette er kategoriar som er tilknytte systemmorfema<sup>27</sup>. I det følgjande er hovudinteressa mi kva vurderingar og endringar som er lagde fram under dei to bolkane, og korleis desse bør vurderast i lys av det prinsipielle skiljet mellom nett system og innhald. Av omsyn til omfanget av denne oppgåva er det naudsynt å gjere to atterhald. Fyrst er det for omfattande for denne oppgåva å gjere ei detaljert kartlegging av kategoriar i systemet og innhald. Døma frå kodeveksling tyder på at bøyingsaffiks klart er eit systemuttrykk, medan leksikalske ordstammar høyrer til innhaldet. Det er følgjeleg desse to kategoriane eg vil konsentrere meg om, og eg diskuterer derfor ikkje tema som til dømes avleiingar og samansetjingar. Vidare er det ikkje mitt føremål å utarbeide ei detaljert vurdering av eller eit komplett alternativ til den føreliggande rettskrivinga. Mine døme vil derfor berre vere nokre spadestikk for å illustrere korleis rettskrivingsframlegga kan vurderast etter rammeanalysen.

---

<sup>26</sup> Innstillinga frå dette rettskrivingsarbeidet, *Nynorskrettskrivinga. Utgreiing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk*, vart ikkje godkjent av Kulturdepartementet (2011-innstillinga: 26).

<sup>27</sup> Ei liknande og meir tradisjonell inndeling er opne og lukka ordklasser. Dei lukka ordklassene er skildra som nettopp lukka, då det sjeldan kjem til nye ord i desse kategoriane, og til desse høyrer mellom anna subjunksjonar, pronomen og andre grammatiske ord. Opne ordklasser, på den andre sida, består av leksikalske ord, som substantiv, verb og adjektiv, og er i prinsippet grenselause (Faarlund, Lie og Vannebo 1997: 21).

#### 4.5.1. Innhald - lydverket

Under bolken ”Lydverket” i 2011-innstillinga er det stavemåtar for ei heil rekkje leksikalske stammar som blir drøfta, til dømes spørsmål om vokalvariasjon, dobbel konsonant og diftong/monoftong. Som eg allereie har diskutert tidlegare i dette kapittelet, viser rammeanalysen at innhaldsorda er fleksible av natur, og at dei kan realiserast på eit mangfald av måtar. Ei normering etter denne analysen skulle derfor vere tilsvarande fleksibel og tillate eit mangfald av (ortografiske) realiseringar og variantar. Det at rettskrivinga no jamstiller fleire former som tidlegare var sideformer, er i pakt med implikasjonane frå rammeanalysen. Mellom dei meir konkrete endringane innstillinga foreslår, står framlegga for former med og utan *j* etter *g* og *k* godt til teorien. For større grupper av ord blir det no valfritt med *j* etter *g* og *k*. Til dømes gjeld denne valfridomen verb og svake hokjønnsord med stammeutgang på *g* eller *k* (2011-innstillinga: punkt 2.3.1):

- (11) *Bygga/byggja*  
*Tenka/tenkja*  
*Rekke/rekkje*

Også nokre nye former blir lagde til rettskrivinga nettopp for å oppretthalde denne valfridomen mellom former med og utan *j*. Til dømes er *følge*, *svelga*, *bølge* og *ynska* nye, valfrie former i tillegg til *følgje*, *svelgja*, *bølgje* og *ynskja* (2011-innstillinga: punkt 2.3.3). Vurderinga som ligg bak desse framlegga i innstillinga, dreiar seg om utbreiing i skriftspråket og om pedagogiske fordelar. Formene utan *j* ser ut til å vere like utbreidde i skriftspråket som formene med *j*, og ein slik valfridom vil også vere ein pedagogisk fordel, fordi mange nynorskbrukarar tar ein slik valfridom for gitt (2011-innstillinga: 75-79). I eit rammeteoretisk lys er valfridomen framleis positiv, men heller fordi han gir språkbrukaren den fleksibiliteten som er naturleg for innhaldsord som dette. Med andre ord er desse framlegga i godt samsvar med dei teoretiske implikasjonane frå rammeanalysen, sjølv om innstillinga ikkje eksplisitt nyttar eit slikt perspektiv i vurderingane.

I andre tilfelle reduserer innstillinga valfridomen av leksikalske ordstammar. Slike endringar er å finne i fleire grupper av ord, til dømes i former med variasjon mellom to vokalar, former der det er mogeleg å veksle mellom monoftong og diftong, former som opnar for både enkel og dobbel konsonant, samt eit utval enkeltord (2011-innstillinga: høvesvis punkt 2.1.1, 2.1.2, 2.2.1 og 2.4) Eit utval av døme på slike justeringar er viste i (12), der dei gjennomstreka formene er tekne ut av normalen.

(12) *Venstre/ ~~vinstre~~*

*Klippa/ ~~klyppa~~*

*Okse/ ~~ukse~~*

*Drøyma/ ~~drømma~~*

*Tau/ ~~tøg~~*

*Tømma/ ~~tøma~~*

*Skjeggete/ ~~skjeggjet, skjeggjete, skjeggjut, skjegget, skjeggut~~*

Vurderingane som ligg bak endringsforslaga i (12), er fleire, men ei grunngeving som går att, handlar om frekvens, og spesielt frekvens i skriftspråket. Det er dei formene som står sterkt i det nynorske skriftmålet som primært skal førast vidare. I tilfelle der to eller fleire former har gjensidig høg frekvens er det lettare å opne for valfridom, men dersom ei form særleg har slått gjennom i skrifta, blir denne vald til eineform (2011-innstillinga: 47ff.). Innstillinga set med andre ord ein direkte samanheng mellom valfridom og frekvens i skriftspråket og koplar det til oppdraget gitt i mandatet om å stramme inn det nynorske skriftspråket. Denne vurderinga samsvarar ikkje med dei teoretiske implikasjonane frå rammeteorien, der valfridom knyter seg til den leksikalske fridomen som ligg i i-språket og ikkje direkte til frekvens i skrive materiale, som er eit e-språkleg uttrykk. I tillegg til frekvensvurderingane blir også alderdomlege former tekne ut av normalen. Rammearanalysen viser at innhaldsord er både fleksible og flyktige: Dei vandrar inn og ut av ulike leksikon, avhengig av kva former språkbrukaren føler er naturlege å bruke eller har behov for i sin livssituasjon. Alderdomlege former, som ikkje lenger er aktuelle for språkbrukarane, vil etter kvart også gradvis gå ut at leksikonet. At slike alderdomlege former også blir strokne i skriftspråket, vil kunne vere ein naturleg konsekvens av ei slik utvikling, men gitt rammemodellen vil det heller ikkje vere nokon katastrofe om dei er tillatne.

I andre tilfelle blir former tekne ut av nynorsknormalen, fordi dei opphavleg vart innførte som tilnæringsformer ein gong på 1900-talet og derfor blir rekna som for like bokmålet. Slike avgjersler har rot i retningslinene til rettskrivingsnemnda, som seier at nynorsk skal normerast på eige grunnlag, men dei harmonerer likevel ikkje med det rammeteoretiske idealet for innhaldsmorfem. Ut frå det at nynorsk og bokmål baserer seg på gjensidig forståelege dialektar, eksisterer det ei relativt stor overlappone mellom dei to målformene, særleg når det gjeld leksikalske stammar. Som eg allereie har vore inne på, kan det oppstå ein konflikt når det reint teoretiske perspektivet møter språket i praksis. For den lingvistiske teorien er politiske og kulturelle tilhøve irrelevante, og den kognitive

språkkompetansen gjer det mogeleg for språkbrukaren å veksle fritt mellom alle innhaldsmorfem han eller ho har tilgjengeleg, uavhengig av kva einskild språk desse tilhøyrer kulturelt. Det er likevel ikkje til å kome utanom at samfunnsmessige tilhøve har mykje å seie for bruk og utforming av det einskild språket. I det norske tilfellet er det politisk avgjort at vi skal ha to jamstilte norske skriftspråk. Korleis skal ein då normere former som ligg i grenseområdet mellom dei to målformene? Framlegga frå 2011-innstillinga er ikkje einspora i vurderingane av slike tilfelle. Fleire former blir fjerna frå den gamle, nynorske rettskrivinga, fordi dei er tidlegare tilnæringsformer og dermed liknar for mykje på bokmål. Målet med slike strykingar er å hindre at dei bokmålnære formene utkonkurrerar dei tradisjonelle nynorskformene i læremiddel og offentleg målbruk (2011-innstillinga: 58). Samtidig blir det poengtert i det innleiande kapittelet til innstillinga at former som er vanlege i nynorsk ikkje er automatisk diskvalifiserte fordi dei finst i bokmål òg. I tilfelle der både ei tradisjonell og ei bokmålnær form har festa seg, særleg i skrift, blir begge behaldne.

Typiske ”signalord” er særleg aktuelle i ein diskusjon om leksikalsk overlapp mellom bokmål og nynorsk. Døme på nynorske signalord kan vere *ikkje*, *mykje*, *åleine*, *berre*, *nokon* samt namn på vekedagane. Mange av signalorda er innhaldsord, og etter rammeanalysen skulle desse ha ei liberal normering for å ta vare på uttrykksfleksibiliteten i eit språk. Innhaldsorda vart skildra som fleksible og flyktige, men også ”utru” på den måten at dei kan finnast i fleire forskjellige leksikon. Dette er årsaka til at innhaldsorda ikkje skildrar ein språkleg essens eller identitet, slik som det robuste og stabile systemet gjer (Åfarli 2012a). Frå eit reint lingvistisk perspektiv kan derfor ikkje desse signalorda knytast til ein språkleg identitet. I ein kulturell kontekst kan ein likevel argumentere for at signalorda signaliserer ein språkleg identitet gjennom tradisjon og tilhøyrsløse til ein bestemt språkleg varietet. Signalorda er historisk gjenkjennelege, og kulturelt fungerer dei som identifiserande karaktertrekk for eit språk. Kanskje bør dei likevel ha ei streng normering? Dette vil utfordre dei reint teoretiske implikasjonane for innhaldsord, men kan på den andre sida legitimerast som ein (politisk eller kulturell) kompensasjon i tilfelle med stor leksikon-overlapp mellom språk, som for nynorsk og bokmål. I desse spørsmåla vel nemnda bak 2011-innstillinga å halde på signalorda som eineformer, noko som blir grunnleggjande mellom anna med at det skal bevare ”den nynorske identiteten” (s. 48, 119). Signalorda blir dermed eit godt døme på at språknormeringa alltid vil stå i eit dilemma mellom lingvistiske fakta og kulturelle, politiske eller historiske verdiar og målsetjingar.

#### 4.5.2. System – formverket

Som eg har drøfta tidlegare i dette kapittelet, blir systemuttrykket skildra som ei synleggjering av det grammatiske rammeverket, systemstrukturen, og dette utgjer saman fundamentet til eit språk. Systemmorfema er strengt regulerte i den internaliserte språkkompetansen, noko som vidare gjer dei robuste og vedvarande. I samband med språknormeringa tilseier rammeanalysen følgjeleg at språklege element som har med systemet å gjere, bør normerast strengt og eintydig. Ein ideell føresetnad for at normeringa skal kunne oppfylle slike teoretiske vilkår, er at det finst eitt allment akseptert system blant brukarane, både for systemstruktur og systemuttrykk.

I denne samanhengen er det viktig å skilje skriftspråket ut som eige system. Dersom ein ser på dialektmangfaldet i Noreg, finn ein ikkje berre eit mangfald av innhaldsord og leksikalske former, men også fleire systematiske forskjellar, både for systemstruktur og systemuttrykk. Til dømes nyttar enkelte norske dialektar dativ kasus og andre ikkje, noko som vitnar om ulike systemstrukturar, medan det finst ei mengde realiseringar av systemuttrykk for mellom anna kategoriar som bøyingsparadigme og personlege pronomen. Men internt i eitt og same talemål vil systemet vere så godt som einskapleg. Som eg har diskutert tidlegare i dette kapittelet, dannar eit etablert skriftspråk eit sjølvstendig språkssystem. For å spegle ein i-språkleg kompetanse må systemstrukturen og systemuttrykket også i skriftspråket vere einskapleg. Ein konsekvens av dette er at normeringa av eit skriftspråkssystem må ignorere store delar av systemvariasjonen i talespråket, og heller samle seg rundt eitt stabilt og fast system. Rammeanalysen legg altså opp til vidt forskjellige normeringsstrategiar for innhaldsmorfem og systemmorfem: liberalt for innhaldet og konservativt for systemet. Når det gjeld systemmorfema vil normerarane følgjeleg heller ikkje kome unna vanskelege diskusjonar i oppgåva med å velje éin systemstruktur og eitt systemuttrykk for skriftspråket.

Bøyingsparadigme høyrer til systemmorfema og skulle få ei trong normering etter rammeanalysen. I handsaminga av formverket legg 2011-innstillinga fram forslag til endringar som både strammar inn og opnar opp bøyingsmønstra. Eit døme på ei innstramming finn ein i punkt 3.1.3, der *-a* blir eineform i bunden form eintal av sterke hokjønnsord og bunden form fleirtal av inkjekjønnsord, som i (13). Formene med *-i* forsvinn då ut av rettskrivinga, noko som bidreg til ei fastare og trongare norm.

- (13) *Bygda/bygdi*  
*Husa/husi*



Vurderingane bak desse endringane seier at *-i*-formene har lita utbreiing i talemålet i dag og har også festa seg dårleg i skrift. Også enkelte verb, mellom andre *få* og *gå*, får eit forenkla bøyingsssystem i den nye rettskrivinga, der fleire tidlegare sideformer er strokne (2011-innstillinga: punkt 3.4.8a). Begge desse tiltaka går godt overeins med rammeanalysen. Innstramminga av skriftspråket er eit resultat av at nemnda har valt seg eitt system mellom fleire eksisterande i dialektmangfaldet. Det utvalde systemet er truleg det mest utbreidde og vil passe fleirtalet av brukarane. Likevel vil det framleis vere system i norske dialektar som ikkje samsvarar med systemet i skriftspråksnormalen.

I andre tilfelle blir valfridomen mellom systemmorfem også utvida i den nye rettskrivinga. Døme på dette er fleirtalsbøyinga for nokre grupper hankjønnsord (punkt 3.1.1) og nokre grupper hokjønnsord (punkt 3.1.2) samt *e-* og *a-*bøying på verb (punkt 3.4.2), der språkbrukaren no kan velje mellom to forskjellige bøyingsparadigme. Nokre døme er viste i (14).

- (14) *Benk (m.), benken, fl. benker, benkene, el. benkar, benkane*  
*Bunad (m.), bunaden, fl. bunader, bunadene, el. bunadar, bunadane*  
*Elv (f.), elva, fl. elvar, elvane, el. elver, elvene*  
*Bruka (v.), brukar, bruka, bruka, el. bruker, brukte, brukt*

Frå det reint teoretiske perspektivet er ein slik variasjon uønskt, og det er særleg to årsaker som gjer det problematisk. For det fyrste skal systemet ideelt berre tillate eitt bøyingsparadigme for ei bestemt gruppe ord og ikkje to eller fleire systemuttrykk for same funksjon. Til dømes skulle det ideelt berre vere eitt mogeleg mønster for fleirtalsbøying av alle hankjønnsord. Når ein likevel ikkje har berre det eine systemuttrykket, ville det etter teorien vere naturleg at ei leksikalsk stamme knyter seg til eit bestemt paradigme og høyrer til og blir bøygd etter dette. Dette er også det vanlege i norske system. Likevel finst det unntak frå regelen, og som døma i (14) viser, finst det leksikalske stammar som kan veksle mellom to forskjellige bøyingsparadigme. Teoretisk er slike tilfelle utfordrande. Men dei konkurrerande bøyingsparadigma er både etymologisk og tradisjonelt forankra i språket, og samtidig viser dei forskjellar i systemuttrykk mellom ulike talemål i Noreg. Det er også historiske årsaker til at skriftspråka bokmål og nynorsk har slike valfrie systemuttrykk i normalane. Normeringa med fleksible bøyingsparadigme, som døma i (14), står som ei motsetjing til innstramminga av *-i*-former og verba *få* og *gå*, som vart diskuterte ovanfor. I (14) er det inngått kompromiss mellom ulike systemuttrykk. Valfridomen vil truleg appellere til fleire brukarar, men samtidig

gjere skriftspråkssystemet mindre eintydig og stabilt. Dette kan synast inkonsekvent, og etter rammemodellen er føringa at normerarane bør velje eitt einskapleg systemuttrykk i slike tilfelle.

Normeringa av personlege pronomen er enno eit felt der det kan vere nærliggande å inngå kompromiss mellom dei teoretiske implikasjonane og det faktiske mangfaldet av systemuttrykk. Personlege pronomen kan òg reknast til systemet i eit språk og skal teoretisk sett ha ei trong normering. I denne gruppa er dei lingvistiske implikasjonane oppfylte i stor grad: Trass i svært stor talespråkleg variasjon er pronomena normerte relativt fast og eintydig i skriftspråket. Etter framlegg frå 2011-innstillinga tillet nynorsknormalen no desse formene (s. 160):

(15) <i>Eg – meg</i>	<i>Vi el. me – oss</i>
<i>Du – deg</i>	<i>De – dykk / dokker – dokker</i>
<i>Han – han</i>	<i>Dei – dei</i>
<i>Ho – ho el. henne</i>	
<i>Det – det</i>	

Endringane som 2011-innstillinga innfører, er stryking av *honom* som objektsform av *han*, og at formene *dokker – dokker* er lagde til i andre person fleirtal. Normeringa av dei personlege pronomena er i utgangspunktet streng, noko som passar godt til dei rammeteoretiske implikasjonane. At objektsforma *honom* blir teken ut og *han* står att som eineform, er også ei systeminnstramming i tråd med rammeanalysen. Den andre endringa som 2011-innstillinga foreslår, er derimot ei utviding av valfridomen i norma, noko som strengt tatt ikkje er ønskjeleg etter teorien. Innføringa av dei nye formene blir grunnsett med at dei tradisjonelle formene *de – dykk* verkar framande for fleire nynorskbrukarar. *Dokker – dokker* er eit alternativ med feste i talemålet og dannar ei ”samleform” som tar i seg fleire talespråklege realiseringar av dette pronomenet (2011-innstillinga: 163-164). Utvidinga vil truleg appellere til ei større gruppe av brukarar, men gjer samtidig systemet mindre einskapleg. Ideelt burde norma altså berre tillate eitt systemuttrykk for kvar strukturelle kategori.

Både i normeringa av innhaldsmorfem og systemmorfem handlar det i praksis altså om å finne riktig balansegang mellom lingvistiske føringar på den eine sida og kulturelle, sosiale og politiske føringar på den andre. Rammeanalysen dannar eit teoretisk ideal for normeringa, men eit reindyrka teoretisk perspektiv vil ikkje harmonere med det språket ein finn eller ønskjer å finne i det norske språksamfunnet. Den i-språklege forankringa er likevel eit viktig

haldepunkt for utvikling av språket, både naturleg og gjennom normering, og kan dermed tene som ei rettesnor i arbeidet. Eg vil no gå vidare til mandatet og retningslinene for nemnda bak 2011-innstillinga, for å sjå korleis dette gir rom for dei teoretiske drøftingane i denne oppgåva.

#### **4.5.3. Mandatet og retningslinene for rettskrivingsnemnda**

Utarbeidinga av den nye nynorske norma har heile vegen skjedd i tråd med mandatet som vart gitt av Språkrådet. Mandatet legg dei grunnleggande føringane for normeringa, og dette har vidare blitt operasjonalisert i fire retningsliner eller prinsipp for det konkrete normeringsarbeidet (2011-innstillinga: 27, 38). Særleg dei tre fyrste punkta i mandatet seier noko om det faglege handlingsrommet til rettskrivingsnemnda. Rammeanalysen kan også her gi eit lingvistisk perspektiv på korleis mandatet kan tolkast. I mandatets fyrste punkt blir målet om å lage ei ”tydeleg, enkel og stram norm for nynorsk” slått fast (2011-innstillinga: 27). Målsetjinga er vid, og mandatet spesifiserer det ikkje vidare enn at norma skal vere utan sideformer. Med rammeanalysen som utgangspunkt er det meir spesifikt systemstrukturen og systemuttrykket som skal vere enkelt og stramt normert, noko som bør oppfyllest så langt det let seg gjere. Dette er, som diskutert ovanfor, eit ideelt krav til korleis normeringa skal gå føre seg, og språknormeringa må òg ta omsyn til faktorar som historie, kultur, politikk samt det faktum at det eksisterer parallelle system i det norske dialektmangfaldet.

Det neste punktet går vidare med at den nye norma skal gjere det lettare å vere nynorskbrukar, og ho skal vere tydeleg og stabil over tid. Men kva vil eigentleg gjere det lettare å vere nynorskbrukar? Både ei fast norm og ei norm med stor valfridom har sine pedagogiske fordelar (sjå til dømes Vikør 2007: 189), og føringa i mandatet verkar her noko diffus. Frå eit generativt perspektiv er i-språket fundamentet for all språkleg kommunikasjon. Å kunne utnytte denne kompetansen også i skriftspråket vil gjere skriftspråksnorma meir tilgjengeleg for brukarar på tvers av utdanningsnivå og altså gjere det lettare for alle nynorskbrukarar. I det tredje punktet seier mandatet at ”Norma skal vera slik at nynorsken framleis kan appellera til språkbrukarar over heile landet og gir rom for former som er i allmenn bruk blant breie grupper av nynorskbrukarar” (2011-innstillinga: 27). Ei norm som skal appellere til brukarar over heile landet, må vere rik og mangfaldig. Dette punktet peikar seg ut som ei klar motsetjing til den fyrste målsetjinga om ei enkel og trong norm og gir eit inntrykk av at mandatet ikkje heng heilt saman internt. Etter drøftinga av dei rammeteoretiske

implikasjonane ovanfor er det klart at norma fyrst og fremst bør vere rik og mangfaldig når det gjeld innhaldsorda slik at brukarar kan finne tillatne former som kjennest naturlege å bruke. Mellom norske dialektar finst det òg variasjonar mellom systemmorfema, noko som er kimen til ei sentral problemstilling i normeringa av ei samlande skriftnorm: Skal ein tillate førekomstar av valfridom mellom systemmorfem, eller skal ein velje eitt system og normere trøngt etter dette? Denne oppgåva kan ikkje tilby dei ”rette” svara her, men peikar heller ut spørsmål som vil dukke opp ved ei lingvistisk basert normering. Det er uansett mogeleg å gjere ei målretta og vitskapleg forankra tolking av mandatet ved å vurdere det opp mot rammeanalysen.

Føringane i mandatet er generelle og omfattande og har blitt konkretiserte i fire retningslinjer eller prinsipp for normeringsarbeidet. Særleg interessant her er prioriteringane som er gjorde med tanke på grunnlaget for normeringa. Det tredje punktet i mandatet listar opp fleire faktorar som skal takast med i normeringsarbeidet: breitt talemålsgrunnlag, mykje brukte former/ord, geografisk spreiding og skriftspråkstradisjon, utan at ei klar vekting av desse blir gjort (2011-innstillinga: 27). I retningslinjene og framhaldet i innstillinga er det likevel tydeleg at skriftspråkstradisjonen får den mest avgjerande rolla: ”Det er, i tråd med mandatet vårt, lagt meir vekt på skriftspråkleg tradisjon og praksis [...] og det punktet kjem derfor før punktet om talemålsgrunnlag” (2011-innstillinga: 45). Etter den generative teorien om i-språkskompetanse burde heller talespråket vere det primære grunnlaget for språknormering med den etablerte skriftspråkstradisjonen som ei sekundær kjelde, noko som eg diskuterte under 4.4.2. Sjølv om det skriftspråklege grunnlaget som rettskrivingsnemnda vel, ikkje korresponderer heilt med eit generativt utgangspunkt, er retningslinjene på andre punkt i harmoni med implikasjonane frå rammeanalysen. For det fyrste har nemnda lagt vekt på former i allmenn bruk blant nynorskbrukarar, og former blir ikkje strokne berre fordi dei også finst i bokmålet. Når skriftspråkstradisjonen fyrst skal nyttast, har nemnda vidare nytta eit større nynorsk tekstkorpus med tekster som representerer den nynorsken som folk flest møter i kvardagen. På denne måten er korpuset eit godt og omfattande grunnlag, ettersom det skriftbiletet språkbrukaren regelmessig blir eksponerte for ofte, vil verke mest naturleg. Det er derfor venteleg at språkbrukaren vil la seg påverke av former brukte i skriftspråklege kjelder han møter i det daglege, uavhengig av om det er ei lærebok eller ei avis. I nær tilknytning til dette vel rettskrivingsnemnda vidare å kutte former og talemålsformer som ikkje har slått gjennom i skrift. Dette harmonerer ikkje med den ekstreme realiseringa av dei teoretiske implikasjonane, men vil også vere ei naturleg avgrensing i den praktiske normeringa. Til slutt

blir det også skrive at "[n]emnda har vore raus med å tillata valfrie former av ord, og stramma inn meir når det gjeld bøyingsverket" (2011-innstillinga: 40), noko som er i fullt samsvar med rammeanalysen eg har argumentert for. Dette viser at sjølv om innstillinga ikkje eksplisitt baserer seg på rammemodellen og generativ teori, kan store delar av både mandatet og retningslinene tolkast i lys av dette.

#### **4.6. Språkopplæring på generativ grunn**

I denne avsluttande bolken av oppgåva vil eg diskutere nokre implikasjonar som rammeanalysen har for språkopplæring. Det som følgjer nedanfor, vil berre vere starten på ei slik drøfting, men det er likevel interessant å ta opp dette, ettersom det er eit naturleg framhald av normeringsdiskusjonen. Skuleverket er den viktigaste formidlaren av språknormer, og alle normeringsvedtak vil ha ringverknadar inn i opplæringa. Dette er derfor eit andre empirisk område som kan bli påverka av det teoretiske fundamentet som er lagt i denne oppgåva. Heller ikkje her vil det vere rom for ei uttømande framstilling, men i staden tar eg opp nokre innleiande punkt i diskusjonen om implikasjonane som rammeanalysen kan ha i ein opplæringssamanheng.

##### **4.6.1. Språkopplæring og tospråks situasjonen i Noreg**

I samband med språkopplæring er det ikkje til å kome utanom at vi har ein noko utypisk tospråks situasjon i Noreg. I utgangspunktet er ein tospråks situasjon i seg sjølv ikkje eineståande, då det i alle land vil vere fleire språk i bruk innanfor landegrensene. Følgjeleg er det sjølv sagt fleire enn to språk i sving i det norske språksamfunnet òg: til dømes mangfaldet av dialektar (med særreigne systemuttrykk, og i nokre tilfelle òg ulik systemstruktur), samisk, forskjellige innvandrarspråk og sjølv sagt engelsk. I dette delkapittelet er det likevel norsk og dei norske skriftspråka eg konsentrerer meg om, og her står Noreg i ei særstilling. "For kva er eigentleg norsk? [...] Kan vi snakke om norsk språk utan samtidig å snakke både om bokmål og nynorsk?" (Nygård og Sture 2013: 58). I Noreg har vi to skriftspråk for talemålet vi samlande kallar norsk, noko som faktisk er nokså eineståande. Med omgrepet tospråks situasjonen tenkjer eg derfor nettopp på situasjonen med to jamstilte, norske skriftspråk.

Eit sentralt spørsmål for den norske språksituasjonen er om nynorsk og bokmål er to forskjellige språk eller to varietetar av det same språket. Som vist i kapittel 2 behandlar Vikør målformene som varietetar av det same språket basert på argument om at dei spring ut frå det same talemålskontinuumet<sup>28</sup>; dei fungerer i eit integrert språksamfunn og blir normerte av den same statsmakta (2007: 58). Nygård og Sture peikar vidare på at sjølv om både nynorsk og bokmål er norske språk, har dei mellom anna ulik språkhistorie og kvar sin grammatikk (2013: 59-60). Tidlegare i dette kapittelet diskuterte eg skriftspråka i samband med termene avstandsspråk og utbyggingsspråk. Det er, som eg då var inne på, problematisk å karakterisere bokmål og nynorsk som avstandsspråk, fordi systemstrukturane er nærast identiske i dei to målformene. Realiseringa av systemstrukturen, dvs. systemuttrykket i dei to skriftspråka, er likevel ulik og også standardisert kvar for seg. Nynorsk og bokmål har med andre ord eit standardisert sjølvstende i systemuttrykka og kan skildrast som ulike utbyggingsspråk. At nynorsk og bokmål har forskjellige grammatiske uttrykk, er dermed ein reell variasjon som gjer dei til nett to forskjellige språk i forståinga utbyggingsspråk, slik det vart diskutert i 4.4.

Både dialektmangfaldet og dei to offisielle skriftspråka i Noreg legg særleg til rette for utvikling av fleirspråkleg kompetanse. Fenomenet fleirspråklegheit skildrar kompetanse i to eller fleire språk<sup>29</sup>. Etter rammeanalysen låg essensen i eit språk i systemet, og skilnadar mellom språk kunne finnast i systemstrukturen og/eller systemuttrykket. Som diskutert tidlegare finst det nett slike systemskilnadar mellom dei norske dialektane og mellom dei to norske skriftspråka. Ved at begge skriftspråka er representerte i skulen og at dialektbruk blir promotert i det offentlege, blir norske språkbrukarar derfor dagleg eksponerte for forskjellige språkformer og utviklar ein fleirspråkleg kompetanse (Vulchanova et al. 2012: 4). Under leiing av Mila Vulchanova har det blitt utført eksperiment som tyder på at fleirspråkleg kompetanse, som den norske situasjonen er prega av, har klare kognitive fordelar. Tidlegare var det ei vanleg oppfatning at fleirspråkleg opplæring forstyrra den normale utviklinga til born, men i følgje nyare undersøkingar er situasjonen den motsette: ”Fleirspråklige demonstrerer større mental fleksibilitet, kognitiv kontroll, metaspråklig bevissthet og kreativitet” (Vulchanova et al. 2012: 5). Fordelane gjeld både i språkopplæring og i utviklinga av andre kognitive ferdigheiter og ser ut til å vare livet ut. Fleirspråklege viser ein auka

---

<sup>28</sup> Vikør nyttar termen ”talemålskontinuum” for å skildre det norske dialektmangfaldet, men frå generativt hald er det meir riktig å snakke om fleire parallelle system mellom talemåla, jf. diskusjonen i punkt 4.4 over.

<sup>29</sup> Forskarar er framleis ueinige om nøyaktig kva nivå av kompetanse ein språkbrukar må ha i dei forskjellige språka for å bli skildra som fleirspråkleg. Kompetansenivået vil oftast vere ujamnt, avhengig av faktorar som alder, utdanningsnivå, sosial bakgrunn og språkleg kontekst (Vulchanova et al. 2012: 3-4).

kreativitet, evne til å sjå og reflektere over samanhengar og ein betre kognitiv kontroll, og dei ”demonstrerer en unik konsentrasjonsevne og kan løse komplekse problemer på kort tid” (Vulchanova et al. 2012: 7). I møte med språk er fleirspråklege born meir fleksible og har eit auka metaspråkleg medvit. Dei utviklar òg den same grammatikkompetansen som einspråklege (Vulchanova et al. 2012: 5-8), noko som viser at tospråksopplæringa ikkje går på kostnad av det eine eller andre språket. Som nemnt over gir det norske språksamfunnet altså gode mogelegheiter for å utvikle den fleirspråklege kompetansen og fordelane den gir. Dette gjeld særleg norskfaget og den doble skriftspråksopplæringa, der eleven er venta å meistre både eit hovudmål og sidemål på like premissar etter enda skulegang.

Opplæringa i to skriftspråk, eit hovudmål og eit sidemål, er stadig eit tema for debatt i norsk språkpolitikk, og per april 2013 er kompetansemåla dei same for begge målformer (sjå til dømes *Læreplan i norsk 2010* og St.meld. 22 2010-2011). Eit vanleg konfliktpunkt i debatten er formålet med sidemålet i det heile. Det språklege mangfaldet i Noreg blir halde fram som ein kulturell ressurs, og formålet med sidemålsopplæringa er ofte knytt til danning og identitetsutvikling. For fleire elevar er det vanskeleg å sjå nytteverdien av to skriftspråk, og ein del av årsaka kan vere at formålet med sidemål ikkje er godt nok definert og kan synast primært språkpolitisk motivert (St.meld. 22 2010-2011). Med forskinga på fleirspråklegheit kan formålet med tospråksopplæringa no grunnjevast i dei kognitive fordelane som ein slik kompetanse gir, i tillegg til den kulturelle argumentasjonen om danning og identitetsutvikling. At lærarar og elevar er merksame på både dei kulturelle og dei kognitive fordelane ved tospråksopplæringa, kan bidra til auka engasjement for sidemålsopplæringa (Vulchanova et al. 2012: 10). Ved å framheve dei systematiske forskjellane mellom bokmål og nynorsk kan ein òg, som eg har gjort ovanfor, argumentere for at det dreier seg om to forskjellige språk og ikkje variantar av det same.

Vidare er sidemålsdebatten oppteken av spørsmålet om det ikkje er nok å kunne lese og forstå det skriftspråket eleven ikkje vanlegvis brukar. Det skriftlege ser nemleg ut til å vere utfordringa i sidemålsopplæringa:

Kritikken går ofte ut på at det er vanskelig og tidkrevende å tilegne seg to skriftspråk som er gjensidig forståelige [...]. Elevene peker på at bokmål og nynorsk ligger så nær hverandre at de ikke har problemer med å lese tekster på begge målformer, og de ser på dette som en naturlig del av sin norskkompetanse. Men det hevdes at nettopp de mange likhetene er en utfordring når de skal skrive, fordi det ikke er selvsagt hva som er korrekt språkbruk. (St.meld. 22 2010-2011: 53)

Eksposering er eit nøkkelord for utvikling av språklege ferdigheiter, og her har elevane med nynorskspråkleg bakgrunn ein klar fordel. ”Disse elevane lærer langt på vei bokmål og nynorsk parallelt, fordi målformen i media i hovudsak er bokmål” (St.meld. 22 2010-2011: 53). Teorien om UG viser at i-språkleg kompetanse blir utvikla ved språkleg stimuli, og det er derfor klart at elevar som berre møter sidemålet i klasserommet, gjerne i ein avgrensa periode, vil gå glipp av verdfull eksposering. Resultata frå Vulchanova sine eksperimenter viser òg verknaden av eksposering, der deltakarane viste framgang berre innanfor eksperimentets tidsramme (Vulchanova et al. 2013). Auka eksposering for begge skriftspråkssystema vil derfor stimulere til utvikling av fleirspråkleg kompetanse. Men eksposering gjennom lesing åleine er ikkje tilstrekkeleg for å utvikle språkferdigheitene. Her viser eksperimenta med nynorsk og bokmål at aktiv skriftleg bruk av språket var eit viktig vilkår for språkferdigheitene. Deltakarane som aktivt brukte nynorsk gjennom skriving og hadde relativt lik kompetanse i begge skriftspråka, var dei ein kunne karakterisere som dei ”ekte tospråklege” (Vulchanova et al. 2012: 13). Det vil derfor vere uheldig å redusere sidemålet til ei leseopplæring.

Med tanke på fordelane ein fleirspråkleg kompetanse gir, er den norske tospråkssituasjonen ein ressurs for språkopplæring og kognitiv utvikling. Fyrst og fremst er det ikkje grunn til å tru at tospråkleg opplæring vil gå på kostnad av det eine eller andre språket. Tidleg språkutvikling byrjar allereie i spedbarnsalderen, og det er vist at fleirspråkleg eksposering ikkje hindrar born i å diskriminere mellom forskjellige språk. Tileigning av språk skjer også enklare tidleg i barndommen (Vulchanova et al. 2012: 8-11). For å stimulere språkutviklinga er eksposering og eigen bruk av språket avgjerande. I den norske situasjonen kan dette skje ved å nytte læremiddel og skriftleg materiale på begge målformer, også i andre fag enn norsk og uavhengig av om det dreiar seg spesifikt om sidemål. Ein tidleg oppstart med eksposering for både nynorsk og bokmål, samt ei klargjering av formålet med to skriftspråk, vil venteleg vere med på å auke meistringskjensla og førebygge fordommar mot sidemålsundervisinga<sup>30</sup>.

---

<sup>30</sup> Det er klart at fordommar, særleg mot nynorsk som sidemål, også er ei årsak til negativitet blant elevar og lærarar. Dette er likevel ei utanomspråkleg problemstilling, som ikkje vil bli drøfta her.



#### 4.6.2. Kjernepunkt i språkopplæringa

På same måten som med språknormeringa kan også språkopplæring med fordel basere seg på generativ grammatikk, og elevens intuitive kunnskap om språk vil kunne fungere som eit springbrett i opplæringa. Tileigninga av morsmålet skjer, som nemnt, svært tidleg, og allereie i løpet av førskulealderen har born den grunnleggande, grammatiske utrustinga på plass (Åfarli og Eide 2003: 18). Dette vil seie at elevane etter normal språkutvikling vil vere ”ekspertar” på sitt eige morsmål allereie tidleg i si skulekarriere. Dette tyder ikkje at borna har eit komplett ordforråd eller kan gjere greie for språklege fenomen, men at dei kan produsere og forstå eit uendeleg tal setningar, skilje ugrammatiske frå grammatiske setningar, identifisere tydingsnyansar og liknande. Borna har utvikla i-språkskompetanse for morsmålet. Ei språkopplæring basert på generative idear vil dermed sørje for at eleven sin eigen språkkompetanse blir sett i fokus.

Motivasjonen for ei språkopplæring basert på generativ grammatikk er hovudsakleg den i-språklege forankringa som opplæringa då vil få. På same måte som i normeringsspørsmålet vil ei slik forankring vere eit solid og stabilt fundament for opplæringa. I si hovudoppgåve presenterer Sonja Nytveit (2002) konkrete forslag til korleis generativ grammatikk kan nyttast i språkopplæring i ungdomsskulen. Mellom anna fire gjengse språkopplæringsargument vert nytta for å legitimere denne vinklinga: framandspråksargumentet, språkdugleiksargumentet, metaspråksargumentet og allmenndanningsargumentet (Nytveit 2002). Eg går ikkje detaljert inn på desse argumenta her, sidan det ikkje har direkte relevans for framhaldet i oppgåva. Kort fortalt seier Nytveit at ei språkopplæring basert på generativ grammatikk kan knytast til desse argumenta sidan teorien kan tilby elevane ei grunnleggande forståing av språk og språkssystem, det vil gi elevane eit metaspråk, eller eit språk om språket, og følgeleg ein grammatisk terminologi som kan nyttast på tvers av språkgrensene. I tillegg vil opplæring i språk og (generativ) grammatikk vere allmenndannande (2002: 66-69).

Den induktive arbeidsmetoden vil vere særleg aktuell i ei generativt basert språkopplæring. Som det kjem fram ovanfor, har elevane ein taus kunnskap om grammatikk, sjølv utan ein konkret fagterminologi, og dei er på den måten i stand til å vurdere setningar på ulike måtar. Dette kan utnyttast i opplæringa ved å la elevane sjølv avdekke språklege fenomen og setje namn på reglane. Med stort sannsyn vil eleven vere meir merksam på reglar han/ho sjølv har oppdaga, og utnyttinga av eigen kunnskap vil kveikje meistringskjensla og sjølvtiliten i språkfaget (Nytveit 2002: 77, 90). Språkopplæringa kan på denne måten tilby

store aha-opplevelingar og skape engasjement blant elevane ved å kaste lys på den verdfulle kompetansen dei sjølve sit på. Ein kan sjølvsagt ikkje vente at eleven på eiga hand skal kome fram til riktige og presist formulerte reglar for språklege fenomen. Å nytte ein induktiv arbeidsmetode vil heller innebere at eleven oppdagar fenomenet, og at læraren deretter presenterer dette på ein klar og konkret måte. Også dei større spørsmåla innan språkvitskapen kan introduserast for elevane: Er språket eit individuelt eller sosialt fenomen? Korleis lærer born språk? Kva likskapar og ulikskapar finst mellom verdas språk? Korleis fungerer grammatikken? Det noko mystiske og filosofiske rundt det generative programmet kan vere med på å stimulere til nysgjerrigheit og auka interesse for språkfag. Ved å inkludere eleven i ei slik språkleg utforsking, kan ein vente at eleven også er meir motivert og interessert i å ta del i språkopplæringa.

Implikasjonane frå rammeanalysen tilseier vidare at det meir spesifikt er grammatikken som bør stå i sentrum for språkopplæringa. Som diskusjonen tidlegare i dette kapitlet viser, er systemet temmeleg robust og stabilt, medan innhaldsorda har eit friare tilvære. Systemet består for det fyrste av dei stabile byggesteinane i eit gitt språk, og det er vidare her ein finn forskjellane mellom språk. Denne kompetansen er særskild viktig ved opplæring i og utvikling av eit (nytt) språk. Skiljet mellom systemstruktur og systemuttrykk vil òg gi retningsliner for om opplæringa skal dreie seg om grunnleggande grammatiske strukturar eller ulike realiseringar av den same strukturen. Grammatikkunnskap har òg ein stor eigenverdi gjennom metaspråket det gir brukaren. I følgje Aasne Vikøy har grammatikken og metaspråket fyrst og fremst stor overføringsverdi for opplæring i andre språkfag, men kan òg vere allmenndannande:

”Meta” handlar nettopp om å få eit overordna perspektiv som gjer det mogleg å observera eit objekt, til dømes eige språk, men òg seg sjølv, observasjonsmåten og andre perspektiv. Om ein får til dette i språkundervisninga, blir språkundervisninga trening i metatenking, trening i å gå ut av det sjølvsagde, mitt språk, og sjå språket på avstand med eit utanfråblikk. Å ha evna til å skapa eit slikt ”fugleperspektiv” på språket vårt og oss sjølve er dannande. (Vikøy 2013)

Eit grunnleggande, grammatisk metaspråk vil derfor gjere elevane rusta til å snakke om språket, samtidig som dei opparbeider ei evne til å ta eit steg tilbake og sjå ei sak med nye auge (Vikøy 2013). Når det grammatiske fundamentet er på plass, vil det vidare vere naturleg å la elevane utforske mangfaldet av og fleksibiliteten i innhaldsorda.

### 4.6.3. Komparativt arbeid med språk

Språkopplæring på generativ og rammeteoretisk grunn kan særleg nyttast kontrastivt. UG viser at alle språk er bygde opp etter same oppskrift, med prinsipp og parametrar (Åfarli og Eide 2003: 145). Å samanlikne språk og analysere systematikken i dei vil derfor òg vere ein inngang til auka forståing av språk og opparbeidinga av metaspråket som kan skildre likskapane og ulikskapane mellom språk. På denne måten vil den generative analysemodellen danne ei tverrfagleg plattform som all språkopplæring kan springe ut frå. På bakgrunn av diskusjonen om systemet som språkets essens tidlegare i dette kapittelet, bør skilnadar i systemstruktur og systemuttrykk stå sentralt når elevane skal lære å identifisere eit språk og peike på kva som gjer dette språket ulikt andre.

Det komparative arbeidet med språk kan i stor grad legitimerast gjennom gjeldande læreplan i norsk, sidan fleire kompetansemål legg vekt på nettopp samanliknande arbeid med språk. Etter trinn 7 skal eleven til dømes kunne ”forklare noen likheter og forskjeller mellom muntlig og skriftlig språk, både nynorsk og bokmål” (*Læreplan i norsk 2010*). Kompetansemålet legg primært opp til ei samanlikning av tale og skrift. Dette kan opne for refleksjon over skriftleg framstilling av talespråket, der ein kan ta opp tema som normeringsprosessen og systemvariasjonar i dialektar kontra systemet i skriftspråket. Vidare kan ein med dette kompetansemålet også opne for ei samanlikning mellom dei to norske skriftspråka, og byrje utforskinga av systemstruktur og systemuttrykk. Etter VG1 blir det kontrastive kompetansemålet formulert eksplisitt: ”[Eleven skal kunne] forklare grammatiske særtrekk ved norsk språk, sammenlignet med andre språk” (*Læreplan i norsk 2010*). Samanlikningsoppgåver kan vere éi løysing på komparativt arbeid med språk. For fullført VG2 seier læreplanen vidare at eleven skal kunne ”vurdere språklige nyanser ved oversettelser fra andre språk som eleven mestrer” (*Læreplan i norsk 2010*). Omsetjingar er òg ei form for komparativt arbeid med språk, og i tillegg til å vurdere omsetjingar, kan eleven også sjølv arbeide med å setje om tekster til dømes frå sitt eige hovudmål til sidemålet eller eit framandspråk. Komparativt arbeid med språk har altså godt feste i gjeldande læreplan og gjer det også mogleg å tilpasse øvingar etter kva trinn språkopplæringa skal gå føre seg på.

Det komparative perspektivet kan nyttast både til å samanlikne dei heilt nære språka, som nynorsk, bokmål og andre nordiske språk og til å samanlikne desse med framandspråk som engelsk, tysk eller spansk. (16) – (18) viser nokre enkle setningspar som kan nyttast til å demonstrere systematiske skilnadar, både når det gjeld systemstruktur og systemuttrykk.

(16) *Norsk/engelsk*<sup>31</sup>

I går las eg ei bok av Knut Hamsun.

Yesterday I read a book by Knut Hamsun.

(17) *Norsk/tysk*

Eg har budd to månadar i München.

Ich habe zwei Monate in München gelebt.

(18) *Nynorsk/bokmål*

Jenta kastar alle steinane i elva.

Jenta kaster alle steinene i elva.

Ordstillingsforskjellane mellom norsk og engelsk og norsk og tysk viser forskjellar i systemstrukturen til dei tre språka. Verbet stiller seg her ulikt i høve til dei andre elementa i setninga, noko som kan førast tilbake til eigenskapar som er fastsett i det syntaktiske rammeverket. I ein språkopplæringssituasjon må ein følgjeleg gå like djupt i systemet for å gripe tak i forskjellane. I døma frå nynorsk og bokmål er systemstrukturen og dei leksikalske innhaldsorda identiske, men setningane viser likevel systemforskjellar gjennom ulike systemuttrykk. Tempusaffikset som uttrykker [presens] er i nynorsk *-ar* for mange verb, medan det i bokmål typisk er *-er*, og på tilsvarende måte er systemuttrykket for [pl.b.] også ulikt i dei to skriftspråka. Ettersom systemstrukturane i dei to norske skriftspråka er nærast identiske, kan ein i opplæringssamanheng heller setje setningane opp etter den same ramma, og i staden konsentrere seg om korleis dei systematiske eigenskapane kjem til uttrykk.

Ein alternativ innfallsvinkel til kontrastivt arbeid med språk, kan dreie seg om kva som skjer når språk og dialektar møtast. Språkkontaktfenomen, som kodeveksling, er truleg noko elevane allereie er kjende med og brukar sjølve. Denne typen språklege data viser, som diskutert i 4.2, særleg godt korleis dei grammatiske systemmorfema fungerer i motsetjing til innhaldsmorfema: Både systemstrukturen og systemuttrykket er robust og blir som regel ståande i kodevekslinga, medan innhaldsmorfema er fleksible og kan lånast frå forskjellige leksikon. Sidan den type kodeveksling som eg har nytta i denne oppgåva, er *spontane* innlån frå eit gjestespråk, vil slike øvingar bevege seg noko på sida av fastsette språknormalar, til dømes for norsk. Orda som i slike tilfelle blir lånte inn i den norske ramma, vil nemleg ikkje vere å finne i fastsette ordbøker for norsk. I staden kan ein karakterisere slike øvingar som ein

---

<sup>31</sup> For å lære eit framandspråk må ein sjølv sagt også opparbeide eit tilhøyrande leksikon. I denne samanhengen er det likevel dei systematiske skilnadane eg konsentrerer meg om, og ser derfor bort frå utforminga av innhaldsorda.

leik eller ei eksperimentering med språket, som vil vise eleven korleis den internaliserte språkkompetansen fungerer også uavhengig av fastsette normer, med eit robust rammeverk og svært fleksible innhaldsord. Øvingar med språkkontakt blir på denne måten noko meir enn ei omsetjing eller samanlikning, fordi desse tydeleg demonstrerer skiljet mellom systemmorfem og innhaldsmorfem, og samspelet mellom desse i den internaliserte språkkompetansen.

#### **4.7. Oppsummering**

I dette kapitlet har eg undersøkt kva som kan vere konsekvensane av å nytte generativ grammatikk i arbeidet med språknormering. Skiljet mellom syntaktisk struktur (systemmorfem) og leksikalske element (innhaldsmorfem) er eit prinsipielt skilje i den nykonstruksjonistiske rammeanalysen og bør danne eit tilsvarande prinsipielt skilje i normeringsspørsmål. Diskusjonen i kapitlet viser vidare at dette vil kaste nytt lys over både definisjonen av språk, språkplanleggingsprosessen og prinsippvurderingar.

Etter rammeanalysen bør fundamentet eller mønsteret for språknormering vere stramt når det gjeld systemmorfema og liberalt når det gjeld innhaldsmorfema. Systemmorfem viser til det syntaktiske rammeverket, og dette har eg spesifisert med termane systemstruktur og systemuttrykk. Systemstrukturen er dei abstrakte, grammatiske eigenskapane som er knytt til rammeverket, medan systemuttrykket er synleggjeringa eller realiseringa av strukturen. Saman dannar dette eit temmeleg robust og stabilt rammeverk og blir følgjeleg skildra som sjølvve essensen i språket. Normeringa av systemmorfem bør derfor vere fast og einskapleg, dvs. ideelt berre tillate éin systemstruktur og eitt systemuttrykk for eit skriftspråk. Innhaldsmorfema er på den andre sida leksikalske element med eit konseptuelt, men ikkje eit lingvistisk innhald. Desse har langt friare tyglar enn systemmorfema. Til dømes kan innhaldsmorfema nyttast kreativt og svært fleksibelt, og i tillegg er dei friare, ettersom dei same innhaldsmorfema kan finnast i fleire forskjellige leksikon. For å ta vare på ein slik fleksibilitet også i skriftspråket, bør normeringa av desse vere liberal. Eventuelle avgrensingar må skje ut frå politiske og kulturelle ønskjer og målsetjingar. Korleir ei slik tilnærming er mogeleg å gjennomføre i praktiske normeringsspørsmål, har eg vist ved å diskutere innstillinga til ny nynorsk rettskriving frå 2011 og spørsmålet om språkopplæring i høvesvis delkapittel 4.5 og 4.6.



## Kapittel 5: Konklusjon og vegen vidare

---

Tradisjonelt er ikkje syntaktisk teori eit opplagt val i samband med språknormering, ettersom syntaks ikkje er emne for normering på same måte som til dømes ortografi og bøyingsaffiks. I denne oppgåva har eg likevel freista å vise at generativ grammatikk *har* fruktbare konsekvensar i ein normeringssamanheng. Eit hovudargument har vore at fastsette språknormer bør spegle internaliserte språknormer. Den overordna problemstillinga for denne oppgåva har følgjeleg vore: *Kva konsekvensar kan generativ grammatikk ha for språknormering?* Arbeidet har gått føre seg i to steg: fyrst ei utforsking av to generative tilnærmingar, som begge kan seiast å tilhøyre minimalismeprogrammet (MP), og deretter ei konsekvensutgreiing for normeringsspørsmålet. I prosjektet har eg dermed arbeidd ut frå desse to delhypotesane: *Den ny-konstruksjonistiske rammeanalysen er ei meir adekvat tilnærming til den internaliserte språkkompetanseen enn den leksikalistiske tilnærminga og Rammeanalysen sitt skilje mellom systemmorfem og innhaldsmorfem vil ha prinsipielle konsekvensar for språknormering.*

For å kome fram til den mest adekvate framstillinga av internalisert språkkompetanse har eg via nokså stor plass til ei samanlikning av dei to generative tilnærmingane. Ei hovudinteresse har vore korleis tilnærmingane framstiller grensesnittet mellom leksikon og syntaks. Den dominerande tilnærminga er leksikalistisk orientert og skildrar grammatiske eigenskapar som trekk ved dei leksikalske elementa. Kritikken eg rettar mot den leksikalistiske tilnærminga, er både økonomisk og empirisk. Førestillinga om trekk kjem i enkelte tilfelle i konflikt med det økonomiske idealet i MP, og tilnærminga mister forklaringskraft i møte med språkdata som viser leksikalsk fleksibilitet og kreativitet. Den ny-konstruksjonistiske rammeanalysen tilbyr ei meir elegant løysing. Rammeanalysen skildrar eit fråskild forhold mellom, på den eine sida, sjølvstendig genererte, syntaktiske rammer som inneheld grammatiske trekk og, på den andre sida, leksikonet, som består av innhaldsmorfem. Generering av setningar blir følgjeleg ein todelt prosess der rammene blir etablerte før dei leksikalske innhaldsorda kan setjast inn. Eg har på denne måten argumentert for at rammeanalysen er den mest adekvate tilnærminga til generativ grammatikk og MP, og at det er denne tilnærminga som bør danne basisen for språknormering.

Forholdet mellom syntaktiske rammer (systemmorfem) og leksikalske innhaldsord (innhaldsmorfem) blir avgjerande i språknormeringa. Med rammeanalysen vil det vere

naturleg å skilje prinsipielt mellom normering av grammatikk og normering av leksikalske element. Desse to normeringsfelt vil òg få radikalt forskjellige normeringsstrategiar. Den syntaktiske ramma utgjer systemet i språket, og omfattar systemstrukturen, som skildrar strukturelle eigenskapar ved systemet, og systemuttrykket, som viser realiseringa av strukturen. Systemet er språkets essens eller identitet. Det er temmeleg stabilt, robust og eintydig, noko normeringa av systemet i skriftspråket også bør vere. Skriftspråkssystemet bør følgeleg ideelt ha éin systemstruktur og eitt systemuttrykk, og normeringa må vere trong. I praksis vil dette føre til vanskelege, men naudsynte val av einskaplege grammatiske element i ein skriftspråksnormal. Dei leksikalske innhaldsorda har friare tyglar. Desse tillet språkbrukaren å vere språkleg kreativ, låne ord frå ulike leksikon og uttrykkje seg både presist og fantasifullt. Innhaldsorda er fleksible, flyktige og utru. For å ta vare på uttrykksfleksibiliteten også i skriftspråket bør normeringa av leksikalske ordstammar vere liberal og tillate eit mangfald av nyansar og ortografiske variasjonar. Reint teoretisk står alle dører opne for fleksibiliteten i innhaldsorda, og som det kjem fram av oppgåva, må kulturelle og politiske tilhøve vere eventuelle avgrensande faktorar.

Gitt rammeanalysen viser skiljet mellom systemmorfem og innhaldsmorfem korleis den internaliserte språkkompetansen er strukturert. Dette er altså språkets form. For språknormering vil rammeanalysen danne eit solid og lingvistisk basert fundament også for dei fastsette språknormene. Implikasjonane frå rammeanalysen står slik i sterk kontrast til den vilkårlegheita og inkonsekvensen som normeringa tidlegare har fått kritikk for.

Temaet om syntaks og språknormering er på langt nær ferdigdiskutert med denne oppgåva. Fyrst og fremst er grensesnittet mellom syntaks og leksikon stadig ein essensiell debatt innan den generative grammatikken, og vidare forskning vil kunne konsolidere den nykonstruksjonistiske rammeanalysen. Når det gjeld konsekvensane som rammeanalysen har for språknormeringa, har denne oppgåva vore ein introduksjon. Eit større oppdrag som står att, er å kartleggje (norske) systemstrukturar og systemuttrykk nærare. I denne oppgåva har det til dømes ikkje vore rom for å diskutere det som går ut over enkle bøyingsparadigme og personlege pronomen i stort mon. Det vil også vere interessant å gjere større undersøkingar av dei praktiske konsekvensane og dilemmaa som vil oppstå idet den lingvistiske teorien møter eit skriftspråk med historisk og kulturelt rotfeste. Til slutt er språkopplæring eit omfattande felt der ein òg kan oppleve gevinstane frå ei rammebasert språknormering. Denne diskusjonen er så vidt påbegynt i denne oppgåva og opnar for langt djupare utforskingar. Eg vonar dermed



at resultatene frå denne oppgåva slik kan tjene som inspirasjon og motivasjon for vidare undersøkingar av rammeanalysens konsekvensar for språknormering og språkopplæring.



# Litteraturliste

---

- Adger, David (2003). *Core Syntax. A Minimalist Approach*. New York: Oxford University Press.
- Boeckx, Cedric (2006). *Linguistic Minimalism. Origins, Concepts, Methods and Aims*. New York: Oxford University Press.
- Borer, Hagit (2005). *Structuring Sense Volume I: In Name Only*. New York: Oxford University Press.
- Bouchard, Denis (1995). *The Semantics of Syntax. A Minimalist Approach to Grammar*. Chicago: University of Chicago Press.
- Bowers, John (1993). 'The Syntax of Predication'. *Linguistic Inquiry*, 24, s. 591-656.
- Bull, Tove (1991). 'Prinsipp og ideologiar bak norsk rettskrivingsnormering'. I H. Sandøy, A. Torp, K. I. Vannebo og L. S. Vikør (red.) *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, s. 66-85.
- Chomsky, Noam (1995). *The Minimalist Program*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Dyvik, Helge (2009). 'Normering i den post-sammnorske æra'. I H. Omdal og R. Røssstad (red.) *Språknormering – i tide og utide?* Oslo: Novus forlag, s. 109-121.
- Faarlund, Jan Terje (2005). *Revolusjon i lingvistikken. Noam Chomskys språketeori*. Oslo: Samlaget.
- Faarlund, Jan Terje, Svein Lie og Kjell Ivar Vannebo (1997). *Norsk referansegrammatikk*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Gregersen, Reidar (2012). Å nave kåret til årets nyord. Tilgjengeleg frå: [http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/hedmark\\_og\\_oppland/1.9589777](http://www.nrk.no/nyheter/distrikt/hedmark_og_oppland/1.9589777) (Henta: 8. januar 2013).
- Nytveit, Sonja (2002). *Generativ grammatikk i ungdomsskulen? Ei legitimering og ei skisse til eit generativt grammatikkopplegg i ungdomsskulen*. Hovudfagsoppgåve. NTNU, Trondheim.
- Haugen, Einar (1953). *The Norwegian Language in America: A Study in Bilingual Behavior* (vol. I og II). Philadelphia: University of Pennsylvania Press.
- Haugen, Einar (1968). *Riksspråk og folkemål : norsk språkpolitikk i det 20. århundre* (Omsett av Dag Gundersen). Oslo: Universitetsforlaget. (Originalutgåva utgitt i 1966).
- Hornstein, Norbert, Jairo Nunes og Kleanthes K. Grohmann (2005). *Understanding Minimalism*. New York: Cambridge University Press.

- Kamwangamalu, Nkonko M. (1997). 'Lezi zilimi zifakazelwe e-Afrika' ('Language contact, code-switching, and I-languages. Evidence from Africa'). *South African Journal of Linguistics*, 15(2), s. 45-51.
- Kitahara, Hisatsugu (1997). *Elementary operations and optimal derivations*. Cambridge, Mass.: MIT Press.
- Kitahara, Hisatsugu (2006). 'Some notes on the minimalist program'. I C. Boeckx (red.) *Minimalist Essays*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company, s. 3-15.
- Læreplan i norsk* (2010). Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- Marantz, Alec (under utgiving). 'Verbal Argument Structure: Events and Participants', *Lingua*.
- Myers-Scotton, Carol (1993). *Duelling Languages. Grammatical Structure in Codeswitching*. New York: Oxford University Press.
- Ny rettskriving for 2000-talet. Innstilling til ny rettskriving for det nynorske skriftmålet* (2011). Oslo: Språkrådet.
- Nygård, Janne og Vebjørn Sture (2013). *Kva skal vi med sidemål? Argument og fakta*. Oslo: Samlaget.
- Nygård, Mari (2013). *Discourse ellipsis in spontaneously spoken Norwegian. Clausal architecture and licensing conditions*. ph.d.-avhandling. NTNU, Trondheim.
- Ny rettskriving i nynorsk 2012* (2013). Tilgjengeleg frå <http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Aktuelt/nynorsknorm/> (Henta: 14. mars 2013).
- Omdal, Helge og Lars Vikør (2002). *Språknormer i Norge. Normeringsproblematikk i bokmål og nynorsk* (2. utgåve). Oslo: Cappelen Akademisk Forlag.
- Papazian, Eric (1991). 'Norsk språknormering i dag'. I H. Sandøy, A. Torp, K. I. Vannebo og L. S. Vikør (red.) *Språkideologi og språkplanlegging i Noreg*. Bergen: Nordisk institutt, Universitetet i Bergen, s. 86-109.
- Platzack, Christer (2010). *Den fantastiska grammatiken. En minimalistisk beskrivning av svenskan*. Stockholm: Norstedts.
- Rettskrivingsreformer* (u.d.). Tilgjengeleg frå <http://www.sprakradet.no/Politikk-Fakta/Fakta/Rettskrivingsreformer/> (Henta: 19. april 2013).
- St.meld. nr. 22 (2010-2011). *Motivasjon – Mestring – Muligheter. Ungdomstrinnet*. Oslo: Kunnskapsdepartementet.
- St.meld. nr. 35 (2007-2008). *Mål og mening. Ein heilskapleg norsk språkpolitikk*. Oslo: Kultur- og kyrkjedepartementet.
- Stowell, Tim (1981). *Origins of Phrase Structure*. PhD-avhandling. MIT, Cambridge, Mass.
- Torp, Arne og Lars S. Vikør (2003). *Hovuddrag i norsk språkhistorie* (3. utgåve). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.

- Vedtekter for Språkrådet (2012). Tilgjengelig frå <http://www.sprakradet.no/Toppmeny/Om-oss/Vedtekter-for-Sprakradet/> (Henta 28. april 2013).
- Vikør, Lars S. (2007). *Språkplanlegging. Prinsipp og praksis* (3. Utgåve). Oslo: Novus forlag.
- Vikøy, Aasne (2013). 'Grammatikk, takk', *Dag og tid*, 8. mars, s. 31.
- Vulchanova, Mila, Maria F. Asbjørnsen, Tor Anders Åfarli, Brita Ramsevik Riksem, Juha Järvikivi og Valentin Vulchanov (2012). 'Flerspråklighet i Norge'. Rapport til Språkrådet. Trondheim, NTNU.
- Zeijlstra, Hedde (2012). 'There is only one way to agree'. *The Linguistic Review*, 29 (3), s. 491-539.
- Åfarli, Tor A. (2000). *Grammatikk – kultur eller natur? Elementær innføring i det generative grammatikkstudiets vitenskapsteori*. Oslo: Samlaget.
- Åfarli, Tor A. (2007). 'Do verbs have argumentstructure?'. I E. J. Reuland, T. Bhattacharya og G. Spathas (red.) *Argument Structure*. Amsterdam: John Benjamins Publishing Company, s. 1-16.
- Åfarli, Tor A. (2012a). 'Har syntaktisk teori relevans for språknormering?'. I H-O. Enger, K. I. Vannebo og J. T. Faarlund (red.) *Grammatikk, bruk og norm: festskrift til Svein Lie på 70-årsdagen 15.april 2012*. Oslo: Novus, s. 315-329.
- Åfarli, Tor A. (2012b). 'Hybride verbformer i amerikanorsk og analyse av tempus'. *Norsk Lingvistisk Tidsskrift*, 30, s. 381-398.
- Åfarli, Tor A. og Kristin M. Eide (2003). *Norsk generativ syntaks*. Oslo: Novus forlag.
- Åfarli, Tor A., Maren B. Grimstad og Karumuri V. Subbarao (2013). 'Dakkhini and the Problem of a Matrix Language Frame in Sustained Syntactic Contact'. I *International Conference on Language Contact in India. Historical, Typological and Sociolinguistic Perspectives. 6-8. February 2013*. Pune, India: Deccan College Post Graduate & Research Institute (Deemed University).



# Samandrag

---

I denne oppgåva undersøker eg kva konsekvensar det vil ha for språknormering om ho var basert på generativ grammatikk. Språknormering er ei grein under språkplanlegging, og handlar om å fastsetje konkrete reglar for eit språk. Verksemda dreiar seg i hovudsak om skriftspråket og står ofte i skjeringspunktet mellom vitskap og ideologi. Dette har vore tilfelle i det norske språksamfunnet, der det ofte knyter seg sterke kjensler til språkspørsmål. Forskingsobjektet i generativ grammatikk er ein internalisert og medfødd språkkompetanse. Med denne som grunnlag vil normeringa dermed dreie seg primært om språket sjølv,

For å kome fram til den mest adekvate framstillinga av den internaliserte språkkompetansen ser eg på to forskjellige tilnærmingar til minimalismeprogrammet i generativ grammatikk. Desse to tilnærmingane skil seg frå kvarandre når det gjeld korleis dei forklarar syntaktisk strukturbygging og grensesnittet mellom syntaks og leksikon. Tilnærminga eg argumenterer for at er den mest adekvate framstillinga av språkkompetansen, er ei ny-konstruksjonistisk rammeanalyse. Rammeanalysen set opp eit prinsipielt skilje mellom grammatisk ramme og leksikalske innhaldsord. Formelle, grammatiske eigenskapar er knytte til sjølvstendige strukturar eller rammer for setningar, som leksikalske innhaldsord deretter kan setjast inn i. Skiljet mellom system (grammatikk) og innhald (ordstammar) vil ha konsekvensar for ein normeringssituasjon.

Hovudargumentet i denne oppgåva er at fastsette språknormer bør spegle internaliserte språknormer. Det grammatiske systemet i dei internaliserte normene viser seg å vere temmeleg fast og robust, og er derfor skildra som essensen i språket. Systemet omfattar då både systemstruktur og systemuttrykk. Fastsette normer for systemet bør følgjeleg vere tronge og faste. Leksikalske innhaldsord har ein friare natur og opnar for språkleg kreativitet og fleksibilitet. Normeringa av desse bør derfor vere liberal.

For å konkretisere konsekvensane for normering, har eg nytta vurderingar og døme frå innstillinga til ny nynorsk rettskriving frå 2011. Som ei forlenging av feltet diskuterer eg òg kort nokre konsekvensar teorien har for språkopplæring, ettersom dette er ein sentral arena kor språkbrukaren møter normene.